



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

## MØTEINNKALLING

**Utval:** Maritim og teknisk komite  
**Møtestad:** Formannskapssalen Herøy rådhus  
**Dato:** 13.02.2017  
**Tid:** 15:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

Fosnavåg, 06.02.17

Idar Tarberg  
leiar

## SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 1/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/17	Protokoll frå førre møte.
PS 3/17	Delegerte saker
PS 4/17	Referatsaker
PS 5/17	Kommunedelplan for Herøy - Hamneplan - revidering
PS 6/17	Gnr 24 Bnr 1 Utlekking av flytebrygge
PS 7/17	Gnr 59 Bnr 1 Etablering av massedeponi
PS 8/17	Arve Kvalsvik og Ane-Marthe Kjøde - 26/229 - Søknad om Rammeløyve ny einebustad med dispensasjon frå byggegrense mot naboane i vest og aust
PS 9/17	Sputnik as - 59/48 og 68 - søknad om dispensasjon frå plankravet i kommuneplanens arealdel og frå pbl §1-8 strandsonevernet
PS 10/17	Huldal Barnehage SA - 34/554 - søknad om dispensasjon frå regulert byggelinje
PS 11/17	Henry Steinsvik gnr. 44 bnr. 1 Frådeling av eksisterande bustadtomt
PS 12/17	Lise Kvalsund gnr. 4 bnr. 34 - Frådeling av eksisterande bustadtomt
PS 13/17	Nick Bjarte Kvalsund gnr. 4 bnr. 190 - frådeling av tomt til uendra bruk
PS 14/17	Alf Kåre Goksøyr gnr. 9 bnr. 2 - frådeling av to tomter til fritidsformål
PS 15/17	Tertialrapportering per 31.12. 2016

## **Referatsaker**

- RS 1/17 Moltustranda Båtforening gnr. 62 bnr. 26 og 48 - frådelling av nausttomt
- RS 2/17 Randi Goksøyr gnr. 10 bnr. 12, 4 - frådelling av fritidstomt
- RS 3/17 BT Utbygging AS gnr. 26 bnr. 242 - frådelling av 11 bustadtomter
- RS 4/17 Gnr. 24 bnr. 2 - Frådelling av 4 bustadtomter

## **Delegerte saker frå avdelingane**

- DS 1/17 Gnr 26 Bnr 235 Mellombels bruksløyve
- DS 2/17 Nina Tangen Arnesen - 4/265 - Riving  
brannskadd hus
- DS 3/17 Gnr 37 bnr 158 - Fradeling av tilleggsareal
- DS 4/17 Mellombels bruksløyve - 46/88
- DS 5/17 Tømrer Prosjekt as - 46/87 - 2-  
mannsbustad med frittliggande garasje
- DS 6/17 Hallgeir Frøystadvåg - 21/2 - Molo og  
naustområde
- DS 7/17 Gnr 54 Bnr 29 - Pålegg om retting og  
tvangsmulkt
- DS 8/17 Johannes S. Eggesbø - 38/31 - Fornyng  
av kai
- DS 9/17 Ferdigattest - 29/124 - Einebustad
- DS 10/17 Ferdigattest - 37/384 - takoverbygg/trapp
- DS 11/17 Thomas Arnesen - 35/19 - tilbygg/carport
- DS 12/17 Ferdigattest tilbygg - 38/119
- DS 13/17 Rebecca og Roger Myklebusthaug -  
33/117 - Einebustad
- DS 14/17 BT Utbygging as - 26/242,243 og 244 -  
Infrastruktur Indre Leine bustadfelt
- DS 15/17 Dragsund Verkstedbygg as - 45/184 - IG  
grunn, betong og bygningsmessig arbeid
- DS 16/17 Dragsund Verkstedbygg as - 45/184 -  
Verkstadbygning
- DS 17/17 Mellombels bruksløyve 28/7
- DS 18/17 Gnr 34 bnr 180 Ferdigattest
- DS 19/17 Ferdigattest 22/77 Miljøstasjon
- DS 20/17 Rita Sævik - 22/76 - IG VVS og ventilasjon
- DS 21/17 Tømrer Prosjekt as - 45/153 -  
Tomannsbustad med carportar
- DS 22/17 Mellombels bruksløyve tilbygg 4/51
- DS 23/17 Myrvåg Helsesenter as - 45/116 - Endra  
byggeløyve tilbygg
- DS 24/17 Mellombels bruksløyve - 34/99 - 2 til 4 etg  
+ u etg
- DS 25/17 ferdigattest garasje/støttemur 26/111
- DS 26/17 Silje Smådal og Christoffer Bjørge - 25/89 -  
Einebustad



DS 27/17	Anniken Kvalsund og Jørn Erik Schanche - 4/316 - Einebustad
DS 28/17	Gnr. 12 Bnr 307 - Ferdigattest
DS 29/17	Tømrer Prosjekt as - 34/166 m fl - Endring til 4 stk 4-manns bustadar med tilhøyrande anlegg
DS 30/17	Gnr 45 Bnr 141 - Ferdigattest
DS 31/17	Mellombels bruksløyve -37/426 - Omsorgsbustadar
DS 32/17	Herøy kommune - 38/80 - p-plass og carportanlegg
DS 33/17	Gnr 45 Bnr 163 Ferdigattest
DS 34/17	Gnr 54 bnr 1 - Frådeling av tilleggsareal
DS 35/17	Herøy kommune - 60/454 m fl - Veg, Leikeplass, anlegg og terrenginngrep Myrabakken bustadfelt
DS 36/17	Gnr 40 bnr 3 - Frådeling av tilleggsareal
DS 37/17	Gnr 40 bnr 3 - Frådeling av tilleggsareal
DS 38/17	Gnr 38 Bnr 287 - Igangsettingsløyve og endringsmelding.
DS 39/17	Gnr 38 Bnr 112 - Ferdigattest
DS 40/17	BT Utbygging as - 26/215 og 244 - Riving av bygg
DS 41/17	Aksel Runar Johansen - 86/19 - Redskapsbod
DS 42/17	Lennart Lillestøl - 60/71 - tilbygg
DS 43/17	Thore Kopperstad - 4/324 - Garasje

**PS 1/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 2/17 Protokoll frå førre møte.**

**PS 3/17 Delegerte saker**

**PS 4/17 Referatsaker**



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	ERLEVIK	Arkivsaknr:	2016/1525
		Arkiv:	141

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
5/17	Maritim og teknisk komite	13.02.2017
	Formannskapet	28.02.2017
	Kommunestyret	09.03.2017

### KOMMUNEDELPLAN FOR HERØY - HAMNEPLAN - REVIDERING

#### Tilråding:

1. Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11- 12 å starte opp arbeid med revidering av *Hamneplan for 2017-2027*.
2. Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11- 13 å leggje forslag til planprogram ut til offentlig ettersyn i minimum seks (6) veker.

## Forslag til planprogram for Hamn, 2017-2027

### Saksopplysningar:

#### Førebels framdriftsplan

Utvalssak	Utval	Emne	Dato
	MTK	Vedtak om oppstart av planarbeid innstilling	13.02.2017
	Formannskap	Vedtak om oppstart av planarbeid innstilling	28.02.2017
	Kommunestyre	Vedtak om oppstart	09.03.2017
		Høyring av planprogram 16.03.2017-28.04.2017	

*Hamneplan for Herøy – Kommunedelplan for fiskerihamner m. v. (2000)* er moden for revidering, særleg handlingsprogrammet. Planen frå 2000 tek føre seg situasjonen kring organisering og drift i hamnene, hamnetilbod, trafikkgrunnlag, framtidige behov, nasjonal og regional status, miljø m. m. Farled gjennom kommunen er også skildra.

Målsetning i eksisterande kommunedelplan for fiskerihamner m. v (2000):

*«Målsetjinga med hamneplanen er å sikre ei framtidsretta utvikling av hamnefunksjonane i kommunen og å legge forholda til rette for ei samordna utbygging av hamner og hamneanlegg. Hamneplanen skal ha status som kommunedelplan etter Plan- og bygningslova og framlegg til arealbruk og handlingsprogram vil såleis vere retningsgjevande ved rullering av kommuneplanen for Herøy. Tiltak og konklusjonar eller i planen vil også danne basis for dei årlege behandlingane av økonomiplan og budsjett».*

*Kommunedelplan for Herøy – Hamneplan 2017-2027* skal fungere som eit overordna styringsverktøy for prioritering av tiltak knytt til utvikling og drift av hamner og farled i kommunen.

Planprogrammet skisserer førebels følgjande målsetningar:

- Revisjon av handlingsprogrammet i kommunedelplanen.
- Gjere opp status for hamnene (FDV).
- Analysere og planlegge framtidige behov for hamnene i kommunen.

#### Framdriftsplan:

Framdriftsplanen er å rekne som førebels, endringar kan vere naudsynte undervegs.

#### 2016/2017

Desember/Januar: Utarbeiding av forslag til planprogram.

#### 2017

- Februar: Planprogrammet vert lagt fram for Marin teknisk komité (MTK) (13.02), og formannskapet (28.02).
- Mars: Planprogrammet vert lagt fram for kommunestyret (09.03).
- Mars-April: Planprogrammet vert lagt ut til offentleg ettersyn (seks veker).

- April-mai: Stadfesting av planprogram i maritim teknisk komitè.
- Mai-September: Utarbeiding av forslag til hamneplan.
- September: Utlekking av Hamneplan til offentlig ettersyn (seks veker).
- Oktober-november: Bearbeiding av plan etter innkomne merknadar.
- November: Planforslag fremja for marin teknisk komitè.
- November-desember: Endeleg vedtak av Kommunedelplan for Herøy – Hamneplan 2017-2027 i kommunestyret.

**Vedlegg:**

- [Forslag til planprogram.](#)
- [Oversiktskart over hamner i Herøy kommune.](#)
- [Oversiktskart over farled i Herøy kommune.](#)

Fosnavåg, 27.01.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Erlend Sporstøl Vikestrand

**KOMMUNEDELPLAN  
FOR HERØY**

-

**Hamneplan  
2017-2027**



**FORSLAG TIL PLANPROGRAM**

## 1. Planprogram

Dette planprogrammet skal vere eit verktøy for å sikre tidleg medverknad og avklaring av viktige omsyn som må takast i planarbeidet. Det skal angi formålet med planarbeidet, avklare viktige problemstillingar og utredningsbehov, samt skildre korleis planarbeidet er tenkt gjennomført.

Interesserte vert bedne om å kome med innspel og synspunkt til planprogrammet gjennom offentleg ettersyn før det vert fastsett av Formannskapet. Etter at det endelege planprogrammet er vedteke, skal arbeidet med revisjon av kommunedelplan for hamn fullførast.

## 2. Planarbeidet sitt formål

Kommunedelplanen for hamn er ei revidering av gjeldande hamneplan frå 2000. Det er naudsynt å gjere ei fullstendig revidering av planen.

Hamnene i Herøy legg grunnlaget for mykje av verdiskapinga i kommunen. Det er difor av høgste interesse for kommunen å oppdatere kommunedelplanen slik at den er i samsvar med dagens situasjonsbilete og kan legge til rette for ei god utvikling også i framtida. Hamneplanen skal understøtte kommuneplanen sin overordna visjon og målsetningar.

Fylgjande mål vert lagt til grunn i revideringa av kommunedelplanen:

- Revisjon av handlingsdelen (handlingsprogrammet).
  - o Sikre at planen gir retningslinjer til innkrevjing av hamneavgift til kommunen.
- Gjere opp status på FDV for hamnene i Herøy kommune.
  - o Organisering og drift.
  - o Tilbod og bruk av hamnene.
  - o Trafikk til og frå hamnene.
  - o Miljøstatus i hamnene.
  - o Oppdatere kart over hamnene.
- Utarbeide analyser og plan over kva behov det er for hamnene i kommunen i framtida.
  - o Areal.
  - o Infrastruktur.
  - o Finansiering.
  - o Organisering.

## 3. Rammer og føringar

Kommunedelplan hamn skal vere ein overordna plan for hamnene i kommunen. I planarbeidet og drifta vil det vere fokus på å vidareutvikle fiskerihamnene i

kommunen som blant dei viktigaste i landet i samarbeid med statlege og fylkeskommunale myndigheiter. Hamne- og farvasslova, forureiningslova og plan- og bygningslova vil vere viktige føringar for ein berekraftig plan og dannar viktige rammer for drift. Kommuneplanen sin arealdel vil legge eit overordna grunnlag for planleggingsfasen.

#### **4. Planavgrensing**

Kommunedelplanen vil omhandle hamner (inkludert fiskerihamner) med farled og innseglingar. Planområdet omfattar difor heile Herøy kommune. Småbåthamner er ikkje inkludert i kommunedelplanen.

- Vedlegg 1. Kart over hamner i Herøy kommune.
- Vedlegg 2. Kart over farled (hovudled og biled).

#### **5. Planperiode**

Kommunedelplanen vert utarbeidd med handlingsprogram for perioden 2017-2027. Langsiktige løysingar med tanke på drift og utbygging i hamnene vert lagt til grunn for planperioden på 10 år. Det er lagt opp til at status og handlingsprogram vert rullert kvart fjerde (4.) år.

#### **6. Viktige utfordringar**

Desse vert vurdert til dei viktigaste utfordringane i samband med planen:

- Sikre tilstrekkeleg medverknad frå grunneigarar, brukarar og andre interesserte.
- Sikre at bakgrunnsinformasjon i planen vert oppdatert (status, kart m.m.)
- Sikre ein heilskapleg og berekraftig plan som inkluderer behova til befolkning og næringsliv i kommunen.

#### **7. Planlagde utgreiingar**

Hovudoppgåva i revideringa av kommunedelplanen hamn vil vere å oppdatere handlingsprogrammet. Status og framtidige målsetningar må også reviderast i planarbeidet.

- Delrapportar for oppfølging av punkta i kap. 2.



## **8. Kommunedelplan hamn**

Kommunedelplanen vil innehalde:

- Rammevilkår, status og målsetningar.
- Handlingsprogram
- Kartvedlegg.

Revideringa skal vere ei oppdatering av eksisterande kommunedelplan og skal først og fremst oppdatere handlingsprogrammet og status. Planen skal vidareføre ei berekraftig drift og forvaltning av hamnene i Herøy. Revideringa vil vere gjenstand for høyring og politisk handsaming.

## **9. Samfunnstryggleik**

Det skal utførast risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) i revideringa av kommunedelplanen for å vurdere potensielle uønskte hendingar og konsekvensane av desse i høve samfunnstryggleik. ROS-analysen vil vere basert på tilgjengeleg informasjon og gjennomførast i tråd med gjeldande lovverk.

## **10. Konsekvensutgreiing**

I samband med revisjon av hamneplanen ser ein ikkje at det medfører krav om konsekvensutgreiing. Revideringa i seg sjølv vil ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing etter Forskrift om konsekvensutgreiing §§ 2, 3 og 4.

## **11. Organisering og medverknad**

Fagleg innhald: Samfunnsutvikling ved planavdelinga.

Utviklingsavdelinga vil vere ansvarleg for utarbeiding av planen og syte for at planprosessen er i tråd med plan- og bygningslova.

Det vert lagt opp til informasjon og moglegheiter for innspel på fylgjande måte:

- Varsel om oppstart vert annonsert og forslag til planprogram vert lagt ut til offentleg ettersyn etter pbl. § 11-13. Det vert mogleg å kome med innspel til både planprogram og planarbeidet generelt. Alle merknader/innspel som kjem inn innan fristen vert teke med i kommunen si vurdering når planprogrammet skal fastsetjast.
- Ope møte om kommunedelplanen.
- Kommunedelplanen vil vere gjenstand for høyring og offentleg ettersyn etter pbl. § 11-14 med moglegheiter for å kome med innspel før politisk

handsaming. Innkomne innspel vert vurdert og kommentert i saksframlegg i samband med politisk handsaming.

## 12. Framdriftsprosess

Aktivitet	Jan- Feb.	Mars- April.	Mai- Juni.	Juli- Aug.	Sept.- Okt.	Nov.- Des.
<b>Politisk vedtak av oppstart.</b> Planprogram til o.e.						
<b>Politisk handsaming.</b> Fastsetting av planprogram.						
Utarbeiding av delrapportar.						
Utarbeiding av forslag til revidert kommunedelplan hamn.						
<b>Politisk vedtak.</b> Revidert kommunedelplan til høyring og o.e.						
Høyring og offentleg ettersyn.						
<b>Innstillingsvedtak av Formannskapet.</b>						
<b>Vedtak av revidert kommunedelplan for hamner av Kommunestyret.</b>						

Tabellen for framdrift er å rekne som førebels og ein må rekne med endringar.



0 1,25 2,5 5 Kilometer

# Oversikt over hamner i Herøy kommune

Januar 2017





Farled i Herøy kommune (hovudled i raudt, biled i blått)



KYSTVERKET





Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2016/539
		Arkiv:	24/1

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
6/17	Maritim og teknisk komite	13.02.2017

### GNR 24 BNR 1 UTLEGGING AV FLYTEBRYGGE

#### Tilråding:

1.

Maritim og teknisk komite vedtek av det vert gjeve dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen etter PBL § 19-2, og gjev løyve til å legge ut flytebrygge og etablere landfeste som omsøkt og vist på kart skisse datert 17.9.2016

Det vert stilt som vilkår at flytebrygga vert fjerna dersom speidergruppa ikkje lenger har behov for den.

2.

Med heimel i pbl § 21-4 av 27. juni 2008 nr. 71, med tilhøyrande forskrifter og vedtekter godkjenner maritim og teknisk komite søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-2 og gjev løyve til flytebrygge og landfeste slik det er søkt om og etter innsendte teikningar, situasjonsplan datert 17.9.2016.

Løyve er gjeve på vilkår at flytebrygga vert fjerna dersom speidergruppa ikkje lenger har behov for den.

Særutskrift:

MRfylke  
Fylkesmannen i MR  
Herøy frikyrkje sjøspeidarkorps

## **Vedlegg:**

Vedlegg

- 1 Utlekking av flytebrygge gbnr 24/1 - fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8
- 2 Merknader
- 3 Samtykke til endring av løyve
- 4 Flytebrygge HFSK sept
- 5 Løyve til utlegging av flytebrygge
- 6 Søknad om å legge ut flytebrygge på Nærøy
- 7 Gnr 24 Bnr 1 - Utlekking flytebrygge

## **Saksopplysningar:**

Saka gjeld utlegging av flytebrygge gnr 24 bnr 1 i Herøy kommune. Planstatus er LNF formål i gjeldande kommuneplan og det ikkje søkt om endre formål.

Etablering av flytebrygge som vist på kart dagsett 17.9.2016. Brygga går 10 meter frå land med ei tverrbrygge på 8m

Saka har vore på høyring og følgjande fråsegner ligg føre:

MR fylke:

*Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Buholmvika gbnr. 24-1 i Herøy kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Me har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid. Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet. Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.*

Fylkesmannen i MR:

*Viser til forhold knytt til natur og miljøinteresser for området og legg til grunn på generelt grunnlag at kommunen bør legge til rette for felles anlegg for småbåtar, slik at ein unngår mange mindre tiltak overalt, men samlar inngrepa i eit større anlegg.*

*Fylkesmannen er ikkje kjent med eksakt kvar leirplassen til speidarane er. Bukta der tiltaket er føreslått, framstår som meir urørt enn lenger nord på Nærøya, og såleis ville det vere betre om tiltaket fekk ei anna plassering. Ut frå at tiltaket er knytta til fritidsaktivitet for ei store gruppe barn og unge, vil vi likevel ikkje gå imot at det kan leggest ut ei flytebrygge på staden. Vi legg til grunn at flytebrygga blir fjerna dersom speidergruppa ikkje lenger har behov for den.*

## Vurdering og konklusjon:

Formålet med bryggja er om bord- og ilandstiging frå speidarbåtane, øving for speidarane på tillegging og fortøying. Korpset har leirplass på Nærøya, og har avtale med grunneigar om bruken av området, sjå vedlegg. Det deltek i kring 70 born kvar veke på samling. Sjøspeidarkorpset ser det slik at flytebryggja ikkje vil være til hinder for anna ferdsel til sjøs i området.

Slik kommunen vurderer det vert ikkje formålet sett til side i denne saka. Formålet med tiltaket er knytt til ålmenta. Ein vil vurdere tiltaket som positivt for nærmiljøet og ser ikkje nemneverdige ulemper ved å kunne godkjenne dette slik det er omsøkt på skisse 17.9

Ein er samd med vurderingane frå fylkesmannen at flytebrygga vert fjerna dersom speidergruppa ikkje lenger har behov for den.

Fosnavåg, 07.12.2016

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller



---

**Fra:** [anders.smith-ovland@mrfylke.no](mailto:anders.smith-ovland@mrfylke.no) [<mailto:anders.smith-ovland@mrfylke.no>]

**Sendt:** 30. november 2016 14:52

**Til:** postmottak

**Kopi:** [fmrpostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmrpostmottak@fylkesmannen.no)

**Emne:** Herøy kommune - utlegging av flytebrygge gbnr 24/1 - fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut i frå sine ansvarsområder følgjande merknader.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Buholmvika gbnr. 24-1 i Herøy kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Me har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid. Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet. Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Mvh

Anders Smith-Øvland  
Overarkitekt/rådgivar

**Møre og Romsdal fylkeskommune**

E-post: [anders.smith-ovland@mrfylke.no](mailto:anders.smith-ovland@mrfylke.no)

Tlf: (+47) 71 28 02 41


Mob: (+47) 95 99 98 01

Nettside: [www.mrfylke.no](http://www.mrfylke.no)



WV

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg nr.	Saksbeh.
30 NOV. 2016	
Ark kode P	
Ark kode S	
J. nr.	F. nr.
Kassasjon	

## Herøy kommune

### Utlegging av flytebrygge gnr24 bnr1

### Dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

#### Generelt

Saka gjeld utlegging av flytebrygge på 3x8 meter. Brygga vil gå 10 meter ut i sjøen, med eit tverrbrygge på enden på 8 meter. Føremålet med flytebrygga er om bord- og ilandstigning frå speidarbåtane, med øving for speidarane på tillegging og fortøyning. Speidarkorpset har leirplass på Nærøya.

#### Natur- og miljøverninteresser

Straumane er ifølgje friluftsdatabasen FRIDA for Møre og Romsdal, eit innestengt, grunt og beskytta fjordparti med småøyar, holmar og sund, og med mange bukter og tidevatnområde. Området er ein viktig miljøfaktor, og har særleg verdi for småbåttrafikken. Det er dessutan badeplassar på austsida.

Straumane er registrert som naturtype undervasseng av viktig verdi. Området er eit høggproduktivt område med rik straumsetning frå to kantar, med rikelig undervassvegetasjon, m.a. ålegras-enger i mudderbuktene, og med rikare mudderstrender. I området hekkar m.a. gravand, stokkand, ærfugl, tjeld, vipe, raudstilk, storspove og enkeltbekkasin. Området er og ein beiteplass i trekketidene og vinterhalvåret for ender og vadalar. Ifølgje faktaark i naturbase bør ein unngå fysiske inngrep og forureining i området.

Generelt sett bør kommunen legge til rette for felles anlegg for småbåtar, slik at ein unngår mange mindre tiltak «over alt» men samlar inngrepa i eit, større anlegg.

Vi er ikkje kjent med eksakt kvar leirplassen til speidarane er. Bukta der tiltaket er føreslått, framstår som meir urørt enn lenger nord på Nærøya, og såleis ville det vere betre om tiltaket fekk ei anna plassering. Ut frå at tiltaket er knytta til fritidsaktivitet for ei store gruppe barn og unge, vil vi likevel ikkje gå imot at det kan leggest ut ei

flytebrygge på staden. Vi legg til grunn at flytebrygga blir fjerna dersom speidergruppa ikkje lenger har behov for den.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**Kopi:**

Kystverket

Møre og Romsdal fylkeskommune

Postboks 1502

Fylkeshuset

6025

6404

ÅLESUND

Molde



**Bekreftelse.**

**Bekrefter herved at Herøy FSK sjø får mitt samtykke til utviding av omsøkt flytebrygge på min eiendom.**


**Leinøy 12. september 2016.**

*Gudmund Nærø*

*Gudmund Nærø*



Vedlegg nr. 7.



Kartverket

# Søknad om dispensasjon

Søknaden skal sendast til:  
Herøy kommune  
Utviklingsavdelinga  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Saksnr. i kommunen:  
\_\_\_\_\_  
Motteke: \_\_\_\_\_

Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl).

Søknad om dispensasjon frå føresegn, forskrift eller plan vedteken med heimel i lova, jfr pbl. § 19

Eigedom:

Gnr.

24

Bnr.

1

Festenr. \_\_\_\_\_

Kort omtale av tiltaket:

Viser til innsendt søknad om utlegg av flytebrygge.

Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande regel/føresegn:

Dispensasjon frå LNF-føremål og byggeforbodet i pbl. 1-8.

Grunngjeving:

Tiltaket kan ved behov fjernast.  
Gjev stor nytte for viktig barne og ungdomsarbeid.  
Godkjent av granneigar.  
Ikke til ulempe for annan båttrafikk eller naboar.

Varsling av naboar/gjenbuarar ..... vedlegg nr.: \_\_\_\_\_

Eventuelle teikningar, kart etc. .... vedlegg nr.: 1

Eventuelle uttaler frå andre offentlege styresmakter .... vedlegg nr.: \_\_\_\_\_

Namn

Arve Myklebust

Adresse

Serik 76

Postnr.

6094

Postadr.

Leinøy

Telefon \_\_\_\_\_

Mobiltf.

97129548

Dato: \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

Arve Myklebust

Skriv ut


Herøy Kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Gudmund Nærø  
6094 Leinøy

01.04.16

Tillatelse til utlegging av flytebrygge


Eg tillater at det blir lagt ut flytebrygge iht. vedlagte skisse. Flytebrygga måler 3x8 meter. Brygga er tenkt brukt til Frikyrkja sitt speiderarbeid (Herøy FSK Sjø).



-----  
Gudmund Nærø

*Arve Myklebust*

Herøy Frikyrkje Sjøspeidarkorps  
v/Arve Myklebust  
Sævik 76  
6094 Leinøy

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr. <i>2016/539</i>	Saksbeh.
<b>13 APR. 2016</b>	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J. nr.	Dok. nr.
Kassasjon	

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

11.4.2016

### **Søknad - løyve til å leggje ut flytebryggje, Nærøya**

Herøy FSK søker med dette om løyve etter havne- og farvannslova til å leggje ut flytebryggje ved Nærøya. Vi søker også om dispensasjon frå arealplan dersom det skulle vere naudsynt.

Flytebryggja er 3 x 8 meter. Plassering og fortøying er vist på vedlagd kart.

Formålet med bryggja er om bord- og ilandstiging frå speidarbåtane, øving for speidarane på tillegging og fortøying. Korpset har leirplass på Nærøya, og har avtale med grunneigar om bruken av området, sjå vedlegg. Det deltek i kring 70 born kvar veke på samling.

Sjøspeidarkorpset ser det slik at flytebryggja ikkje vil være til hinder for anna ferdsel til sjøs i området.

Med helsing

*Arve Myklebust*  
Arve Myklebust





«MOTTAKERNAVN»  
«KONTAKT»  
«ADRESSE»  
«POST «POSTSTED»  
»

Saksnr 2016/539	Arkiv 24/1	Dykkar ref «REF»	Avd /sakshandsamar UTV / JMM	Dato 30.10.2016
--------------------	---------------	---------------------	---------------------------------	--------------------

## Gnr 24 Bnr 1 - Utlegging flytebrygge

Saka gjeld utlegging av flytebrygge gnr 24 bnr 1 i Herøy kommune.

Planstatus:

LNF formål i gjeldande kommuneplan

Kva føremål vert søkt dispensasjon til:

Ikkje endra formål

Gards- og bruksnummer:

Gnr 24 Bnr 1

Skildring av omsøkte tiltak (volum, utforming, situasjonsskisser):

Etablering av flytebrygge som vist på kart dagsett 17.9.2016. Brygga går 10 meter frå land med ei tverrbrygge på 8,

Andre opplysingar om saka:

Formålet med bryggja er om bord- og ilandstiging frå speidarbåtane, øving for speidarane på tillegging og fortøying. Korpset har leirplass på Nærøya, og har avtale med grunneigar om bruken av området, sjå vedlegg. Det deltek i kring 70 born kvar veke på samling.

Sjøspeidarkorpset ser det slik at flytebryggja ikkje vil være til hinder for anna ferdsel til sjøs i området.

Kort vurdering jamfør pbl §19-2, andre ledd :

Hensyn bak bestemmelse- Slik kommunen vurderer det vert ikkje formålet sett til side i denne saka. Formålet med tiltaket er knytt til ålmenta.

Fordelar /ulemper- Ein vil vurdere tiltaket som positivt for nærmiljøet og ser ikkje nemneverdige ulemper ved å kunne godkjenne dette slik det er omsøkt på skisse 17.9

Kommunen ber om uttale til saka innan: 30/11-2016

Vedlegg:

Kopi av tiltakshavar sin søknad og grunngiving med tilhøyrande vedlegg.

Oversynskart/ortofoto som viser tydelig kvar i kommunen tiltaket er lokalisert

Med helsing

Jarl Martin Møller  
Avdelingsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Kopi:

Arve Myklebust Sævik 76 6094



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2016/393
		Arkiv:	59/1

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
7/17	Maritim og teknisk komite	13.02.2017

### **GNR 59 BNR 1 ETABLERING AV MASSEDEPONI**

#### **Tilråding:**

Maritim og teknisk komite gjev ikkje dispensasjon for å etablere massedeponi på gnr 59 bnr 1 som omsøkt.

Grunngjeving for avslaget er at tiltaket bør sikrast gjennom å utarbeide ein reguleringsplan for området der fleire viktige aspekt ved saka vert betre utgreidd og klargjorte.

Maritim og teknisk komite ser behovet for å få etablert tiltaket snarast råd og oppmodar tiltakshaver om å få etablert ein reguleringsplan for området.

Særutskrift:

MR fylke  
Fylkesmannen MR  
Søre Sunnmøre Landbrukskontor  
Statens vegvesen  
Odd Erling Løvøy

## **Vedlegg:**

### Vedlegg

- 1 Søknad frå Odd Erling Løvøy om massedeponi på 59/1
- 2 Oversiktskart
- 3 Terrengprofil
- 4 Planteikning
- 5 3D modell
- 6 Masserapport
- 7 Nabovarsel
- 8 Grunnavtale
- 9 Dokument 16/160436-2 Fv. 10 - Herøy kommune - Gnr. 59 bnr. 1 - Massedeponi - Dispensasjon kommuneplanen sin arealdel - Uttale sendt fra Statens vegvesen
- 10 Massedeponi gbnr 59/1 Erling Lerøy - fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan
- 11 Herøy kommune - massedeponi gbnr 59 1 Erling Lerøy - fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan
- 12 Merknader til deponi for mottak av reine masser.
- 13 Landbruksfagleg uttale til søknad frå Erling Løvøy om massedeponi på 59/1

## **Saksopplysningar:**

Omsøkt område ligg i gjeldande arealplan med formålet LNF med omsynsone for ras og skredfare. Det vert søkt om dispensasjon for å legge til rette for eit massedeponi for mottak av reine masser frå entreprenørverksemd i kommunen. Tiltaket er lokalisert på Gnr 59 Bnr 1.

Søkjjar har lagt ved skisser av tiltaket med arealberegningar som grunnlag for søknaden. Området er i dag nytta til uttak av steinmasser. Søkjjar beskriver i sin søknad korleis ein vil opparbeide området med omsyn til avrenning og gjenbruk av masser gjennom solding. Området skal tilslutt finstellast slik at det skal enkelt kunne beitepussast.

Deler av området er i dag nytta som steinuttak og framstår derfor ikkje som urørt. Området er og lokalisert til anna næringsverksemd som er lokalisert ved sjøen. Det er eit stort behov for å få tilrettelagd egna område for mottak av masser frå anleggsverksemd.

Saka har vore på høyring og følgjande merknadar ligg føre:

## **MR Fylke:**

*Dispensasjon, jf. plan- og bygningslova § 19-2 Dispensasjonsvedtak, andre ledd, kan berre gis dersom omsyna i overordna plan ikkje blir vesentleg tilsidesett. I denne samanhengen synes saka også å ha eit omfang som tilseier behandling gjennom ein formell reguleringsplanprosess, jf. plan- og bygningslova § 12-1 Reguleringsplan, andre ledd.*

*Vi rår derfor kommunen til å halde eit oppstartsmøte, jf. plan- og bygningslova*

§ 12-8 Oppstart av reguleringsarbeid, første ledd. I møtet vil kommunen kunne klargjøre kva slags føringar som skal føreligge for eventuelt vidare planlegging.

### **Fylkesmannen i MR:**

Fylkesmannen peikar m.a forhold knytt til forurreining og sikring av området og vurderingar knytt til samfunnstryggleik.

Etter ei samla vurdering og at området er såpass stort og av ein slik karakter at det kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn rår ein derfor til at det utarbeidast reguleringsplan for tiltaket.

### **Statens vegvesen:**

Statens vegvesen har ikkje merknad til at det vert dispensert frå kommuneplanen sin arealdel med sikte på etablering av massedeponi i tråd med søknaden som ligg ved brevet frå kommunen, under føresetnad av at:

1. Tilkomst til området vert knytt til eksisterande avkøyrsløse frå fylkesvegen til steinuttaket på gnr. 59 bnr. 1 og 2.
2. Det vert i eigen søknad søkt Vegvesenet om løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse, jamfør § 40 i veglova.

### **Søre Sunnmøre landbrukskontor:**

Viser til at dei har vore på synfaring og at området ligg godt til rette for eit massedeponi.

Peikar på at arealstatus på del av tiltaksområdet er fulldyrka jord og dyrkbar jord. Arbeidet med planering og påfylling vil føre til at dyrka jord vert omdisponert for ei periode. Det vil krevje eit mellombels løyve til omdisponering etter Jordlova §9.

Landbruksjefen ser positivt på tiltaket ut frå ei landbruksfagleg vurdering.

Ein legg vidare til grunn at tekniske retningslinjer for anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt må ligg til grunn for slutføring av arbeidet. Matjorda skal takast varte på og nyttast til topplag på området som skal dyrkast opp på nytt. Det må ligge føre ein kanal- og dreneringsplan for området. Planen må godkjennast av landbrukskontoret. Etter at tiltaket er ferdig skal om lag 10 dekar vere fulldyrka jord, klasse A, sjå vedlagde kart.

Det vil vere naturleg å setje krav om at det berre vert fylt på reine jordmasser og at deponiperioden vert avgrensa i tid.

### **Vurdering og konklusjon:**

Deler av området er i dag nytta som steinuttak og framstår ikkje som urørt. Området er og lokalisert til anna næringsverksemd som er lokalisert ved sjøen og har god avstand til bebyggelse. Det er eit stort behov for å få tilrettelagd eigna område for mottak av masser frå anleggsverksemd og det vil vere viktig for kommunen å få dette til.

Ei kan ikkje sjå at det ligg nemneverdige merknadar til etablering av massedeponi som omsøkt, men fleire peikar på at ein bør utarbeide reguleringsplan for tiltaket som sikrar at fleire viktige aspekt ved saka vert betre utgreidd.

Administrasjonen er samd med regionale instansar at reguleringsplan bør utarbeidast for tiltaket. Ein vil like fullt overfor tiltakshaver vise til tiltaket er naudsynt og vil få støtte frå administrasjonen for å få dette etablert snarast råd.

Ein rår til maritim og teknisk komite ikkje gjev dispensasjon som omsøkt, men at ein støttar tiltaket og oppmodar tiltakshaver om å få etablert ein reguleringsplan for området.

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Fosnavåg, 07.12.2016

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

# ODD ERLING LØVØY

---

Sandvika 29  
6070 TJØRVÅG  
Mob: 95071909  
[odderling@tussa.com](mailto:odderling@tussa.com)



22. februar 2016

Herøy Kommune

## Søknad Massedeponi

Bygge og anleggsvirksomheit i området har stort behov for deponering av overskuddsmasser.

Det er til tider problem for entreprenørane å finne egna plasser til å bli av med massene.

Eg ønsker derfor å etablere massedeponi på G.nr59 B.nr1 i Sandvikstranda.

Det er tenkt deponi av reine naturlege masser som jord, leire, stein, stubber og røtter.

Ein del av eigna masse skal gjenvinnast.

Det er planlagt innkjøp av soldeverk for utsortering av jord og stein til salg.

Området er i dag vanskelig å drenere, men vil etter deponiet få en naturleg avrenning til eksisterende avløp og kanal.


Ved avslutning av deponiet blir det planert etter profil/plankart og tilsådd slik at det lett kan beitepussast.

Med vennlig hilsen

*Odd Erling Løvøy*

Odd Erling Løvøy









Målestokk 1:1500 ved A4 stående utskrift







### LAGTYPER

Fys.Gmi 1: SANDVIKA  
Fys.Gmi 101: MODELL





### MASSETYPER

Masserapport for: PROFIL.sfi  
Standard: Ingen

6: Fylling  
 Profil Rå mengde  
 10.000 179.112 m<sup>2</sup>  
 15.000 205.290 m<sup>2</sup>  
 20.000 238.752 m<sup>2</sup>

ODD ERLING LØVØY

Date	18.02.2018	Konstr./tegnet	Godkjent	Målestokk	1:500
Tverprofiltegning SANDVIKA MASSEDEPONI					Erstatning av:
					Erstattet av:
					301
Nervening:		Beregning:		LONGVAS OPPMÅLING AS	



### LAGTYPER

Fys.Gmi 1: SANDVIKA  
Fys.Gmi 101: MODELL

### MASSETYPER






Masserapport for: PROFIL.sfi  
Standard: Ingen

6: Fylling	
Profil	Rå mengde
25.000	271.365 m <sup>2</sup>
30.000	299.960 m <sup>2</sup>
35.000	334.471 m <sup>2</sup>
40.000	367.630 m <sup>2</sup>
45.000	401.421 m <sup>2</sup>

ODD ERLING LØVØY

Date	Konstr./tegnet	Godkjent	Målestokk	
15.02.2016			1:500	
Tverrprofiltегning			Erstatning for:	Erstatet av:
SANDVIKA MASSEDEPONI				301
Henvisning:		Beregning:	LONGVAS OPPMÅLING AS	





### LAGTYPER

Fys.Gmi 1: SANDVIKA  
Fys.Gmi 101: MODELL

### MASSETYPER






Masserapport for: PROFIL.sfi  
Standard: Ingen

6: Fylling	
Profil	Rå mengde
50.000	424.945 m2
55.000	445.523 m2
60.000	449.558 m2
65.000	451.290 m2
70.000	468.573 m2

ODD ERLING LØVØY

Date	Kontr./Tegnet	Godkjent	Målestokk	Erstatning for:	Erstattet av:
15.02.2018			1:500		
Tverrprofiltelling SANDVIKA MASSEDEPONI				301	
Hemling:		Beregning:		LONGVAS OPPMÅLING AS	





### LAGTYPER

Fys.Gmi 1: SANDVIKA  
Fys.Gmi 101: MODELL

### MASSETYPER

Masserapport for: PROFIL.sfi  
Standard: Ingen

6: Fylling	
Profil	Rå mengde
75.000	495.132 m <sup>2</sup>
80.000	526.020 m <sup>2</sup>
85.000	566.540 m <sup>2</sup>
90.000	595.358 m <sup>2</sup>
95.000	602.418 m <sup>2</sup>

ODD ERLING LØVØY

Dato: 15.02.2018	Konstr./egnet	Godkjent	Målestokk: 1:500
Tverrprofiltегning SANDVIKA MASSEDEPONI			Erstatning for: Erstatlet av:
			<b>301</b>
Henvisning:		Beregning:	LONGVAS OPPMÅLING AS







### LAGTYPER

Fys.Gmi 1: SANDVIKA  
Fys.Gmi 101: MODELL

### MASSETYPER

Masserapport for: PROFIL.sfi  
Standard: Ingen

6: Fylling	
Profil	Rå mengde
100.000	636.261 m2
105.000	657.034 m2
110.000	658.366 m2
115.000	667.413 m2







ODD ERLING LØVØY

Date	Konstr./tegnet	Godkjent	Målestokk	
15.02.2018			1:500	
Tverrprofiltelling			Erstatning for:	Erstattet av:
SANDVIKA MASSEDEPONI			301	
Henvisning:		Beregning:		LONGVAS OPPMÅLING AS



### LAGTYPER

Fys.Gmi 1: SANDVIKA  
Fys.Gmi 101: MODELL



### MASSETYPER





Masserapport for: PROFIL.sfi  
Standard: Ingen

6: Fylling	
Profil	Rå mengde
120.000	682.677 m2
125.000	678.468 m2
130.000	659.902 m2
135.000	629.965 m2

ODD ERLING LØVØY

Dato	Konstr. Angnet	Godkjent	Målestokk	
15.02.2018			1:500	
Tverrprofiltегning			Erstatning for:	Erstatning av:
SANDVIKA MASSEDEPONI				301
Henvening:		Beregning:		LONGVAS OPPMÅLING AS





### LAGTYPER

Fys.Gmi 1: SANDVIKA  
Fys.Gmi 101: MODELL

### MASSETYPER

Masserapport for: PROFIL.sfi  
Standard: Ingen

6: Fylling	Profil	Rå mengde
	140.000	614.531 m2
	145.000	602.229 m2
	150.000	593.861 m2
	155.000	576.837 m2

ODD ERLING LØVØY

Dato	Konstr. tegnet	Godkjent	Målestokk	Eretning for:	Ertallst av:
18.02.2018			1:500		
Tverrprofilttegning SANDVIKA MASSEDEPONI				301	
Henvisning:		Beregning:		LONGVAS OPPMÅLING AS	






### LAGTYPER

Fys.Gmi 1: SANDVIKA  
Fys.Gmi 101: MODELL

### MASSETYPER

Masserapport for: PROFIL.sfi  
Standard: Ingen

6: Fylling  
 Profil Rå mengde  
 160.000 560.103 m<sup>2</sup>  
 165.000 557.562 m<sup>2</sup>  
 170.000 556.872 m<sup>2</sup>



ODD ERLING LØVØY


Date: 15.02.2018	Konstr./tegnet	Godkjent	Målestokk: 1:500	
Tverrprofilttegning SANDVIKA MASSEDEPONI			Erstatning for:	Erstatning av:
			<b>301</b>	
Henvisning:		Beregning:		LONGVAS OPPMÅLING AS




### LAGTYPER

 Fys.Gmi 1: SANDVIKA  
 Fys.Gmi 101: MODELL

### MASSETYPER

**Masserapport for: PROFIL.sfi**  
**Standard: Ingen**


 6: Fylling  
 Profil Rå mengde  
 175.000 515.698 m<sup>2</sup>  
 180.000 378.055 m<sup>2</sup>  
 185.000 237.610 m<sup>2</sup>




ODD ERLING LØVØY


Dato	Konstr./regnet	Godkjent	Målestokk	
15.02.2016			1:500	
Tverrprofiltегning			Erstatning for:	Erstatning nr.
SANDVIKA MASSEDEPONI				301
Henvisning:		Beregning:	LONGVAS OPPMÅLING AS	






### LAGTYPER



 Fys.Gmi 1: SANDVIKA  
 Fys.Gmi 101: MODELL



### MASSETYPER

Masserapport for: PROFIL.sfi  
 Standard: Ingen

 6: Fylling  
 Profil Rå mengde  
 190.000 144.701 m<sup>2</sup>  
 195.000 5.358 m<sup>2</sup>




ODD ERLING LØVØY

Dato	Konstr. tegnet	Godkjent	Målestokk	
15.02.2018			1:500	
Tverrprofillegning			Erstatning for:	Erstattet av:
SANDVIKA MASSEDEPONI			<b>301</b>	
Henvisning:		Beregning:		LONGVAS OPPMÅLING AS











# Masserapport

Prosjektfil:  
Prosjektinfo.:

PROFIL.sfi  
SANDVIKA

Massetype-ID:	6: Fylling
Beregningstype:	Volum
Enhet:	m3
0,000	
5,000	
10,000	895,56
15,000	1026,45
20,000	1193,76
25,000	1356,82
30,000	1499,80
35,000	1672,36
40,000	1838,15
45,000	2007,11
50,000	2124,73
55,000	2227,61
60,000	2247,79
65,000	2256,45
70,000	2342,87
75,000	2475,66
80,000	2630,10
85,000	2832,70
90,000	2976,79
95,000	3012,09
100,000	3181,30
105,000	3285,17
110,000	3291,83
115,000	3337,07
120,000	3413,39
125,000	3392,34
130,000	3299,51
135,000	3149,83
140,000	3072,65
145,000	3011,15
150,000	2969,31
155,000	2884,18
160,000	2800,52
165,000	2787,81
170,000	2784,36
175,000	2578,49
180,000	1890,28
185,000	1188,05
190,000	723,51
195,000	26,79
200,000	
205,000	
205,869	
<b>Totalt:</b>	<b>89684,34</b>

Vedlegg nr.  
C -



## Opplysningar gjeve i nabovarsel skal sendast kommunen saman med søknaden

(Gjenpart av nabovarsel)

Pbl § 21-3

<b>Tiltak på eigedommen:</b>					
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eigedomen si adresse	Postnr.   Poststad
59	1			SANDVIKA	6070 TJØRVÅG
Eigar/festar				Kommune	
ROAR SANDVIK / ÅGE STOLSMO				HERØY	

<b>Det varslast med dette om</b>					
<input type="checkbox"/> Nybygg	<input type="checkbox"/> Anlegg	<input type="checkbox"/> Endring av fasade	<input type="checkbox"/> Riving		
<input type="checkbox"/> Påbygg/tilbygg	<input type="checkbox"/> Skilt/reklame	<input type="checkbox"/> Innhegning mot veg	<input type="checkbox"/> Bruksendring		
<input type="checkbox"/> Mellombels bygning, konstruksjon eller anlegg	<input type="checkbox"/> Antennesystem	<input type="checkbox"/> Oppretting/ending av matrikkeleining (eigedomsdeling) eller bortfeste	<input checked="" type="checkbox"/> Anna		
<b>Dispensasjon etter plan- og bygningslova kapittel 19</b>					
<input type="checkbox"/> Plan- og bygningslova med forskrifter	<input type="checkbox"/> Kommunale vedtekter	<input type="checkbox"/> Arealplanar	<input type="checkbox"/> Veglova	Vedlegg nr. B -	

<b>Arealdisponering</b>		
Set kryss for gjeldande plan		
<input type="checkbox"/> Arealdel av kommuneplan	<input type="checkbox"/> Reguleringsplan	<input type="checkbox"/> Utbyggingsplan
Namn på plan		

<b>Beskriv nærare kva nabovarslet gjeld</b>
Mossedeponi i Sandvikstranda
Vedlegg nr. Q -

<b>Spørsmål som gjeld nabovarsel skal rettast til</b>			
Føretak/tiltakshavar			
ODD ERLING LØVØY			
Kontaktperson, namn	E-post	Telefon	Mobil
ODD ERLING LØVØY	odderling@tussa.com	95071909	
Søknaden finst på heimeside: (ikkje obligatorisk)			

<b>Merknader skal sendast til</b>			
Eventuelle merknader skal vere mottekne innan 2 veker etter at dette varslet er sendt.			
Ansvarleg søkjar/tiltakshavar skal saman med søknad sende innkomne merknader og gjere greie for ev. endringar.			
Namn		Postadresse	
ODD ERLING LØVØY		SANDVIKA 29	
Postnr.	Poststad	E-post	
6070	TJØRVÅG	odderling@tussa.com	

Beskriving av vedlegg	Gruppe	Nr. frå - til	ikkje relevant
Dispensasjonssøknad/vedtak	B		<input type="checkbox"/>
Situasjonsplan	D		<input type="checkbox"/>
Teikningar snitt, fasade	E		<input type="checkbox"/>
Andre vedlegg	Q		<input type="checkbox"/>

<b>Underskrift</b>		
Tilsvarende opplysningar med vedlegg er sendt i nabovarsel til naboar og gjenbuuar som er berørte.		
Kvitteing for nabovarsel viser mottakarar av nabovarslet.		
Stad	Dato	Underskrift ansvarleg søkjar eller tiltakshavar
Sandvika	24.02.16	Odd Erling Løvøy
		Gjenta med blokkbokstavar
		ODD ERLING LØVØY

### Kvittering for nabovarsel skal sendast kommunen saman med søknaden

Nabovarsel kan anten sendast som rekommandert sending, overleverast personleg mot kvittering eller sendast på e-post mot kvittering. Med kvittering for at e-posten er motteken meinst e-post frå nabo/gjenbuar som stadfester at nabovarslet er motteke. Ved personleg overlevering vil signatur gjelde som stadfesting av at varslet er motteke. Det kan òg signerast på at ein gir samtykke til tiltaket.

<b>Tiltaket gjeld</b>							
<b>Eigedom/ byggjestad</b>	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bustadnr.	Kommune
	59   1						
Adresse SANDVIKA				Postnr.	Poststad		
				6070	TJØRVÅG		

Følgjande naboar har motteke eller fått rek. sending av vedlagte nabovarsel med tilhøyrande vedlegg:

<b>Nabo-/gjenbuareigedom</b>				<b>Eigar/festar av nabo-/gjenbuareigedom</b>			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Namn på eigar/festar			Dato sendt e-post
59	6			TORILL SANDVIK			
Adresse SANDVIKA				Adresse SANDVIKA 9			Kvittering må leggjast ved
Postnr.				Poststad			Poststaden sitt reg.nr.
6070				TJØRVÅG			
Personleg kvittering for		Dato	Sign.	Personleg kvittering for		Dato	Sign.
<input type="checkbox"/> motteke varsel				<input checked="" type="checkbox"/> samtykke til tiltaket		22/2-16	Torill Sandvik

<b>Nabo-/gjenbuareigedom</b>				<b>Eigar/festar av nabo-/gjenbuareigedom</b>			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Namn på eigar/festar			Dato sendt e-post
59	59			BJØRN-HELGE GLOMSETH			
Adresse SANDVIKA				Adresse SANDVIKVEGEN 115			Kvittering må leggjast ved
Postnr.				Poststad			Poststaden sitt reg.nr.
6070				TJØRVÅG			
Personleg kvittering for		Dato	Sign.	Personleg kvittering for		Dato	Sign.
<input type="checkbox"/> motteke varsel				<input checked="" type="checkbox"/> samtykke til tiltaket			Bjørn-Helge Glomsed


<b>Nabo-/gjenbuareigedom</b>				<b>Eigar/festar av nabo-/gjenbuareigedom</b>			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Namn på eigar/festar			Dato sendt e-post
59	59			VIGDIS GLOMSETH			
Adresse SANDVIKA				Adresse SANDVIKVEGEN 115			Kvittering må leggjast ved
Postnr.				Poststad			Poststaden sitt reg.nr.
6070				TJØRVÅG			
Personleg kvittering for		Dato	Sign.	Personleg kvittering for		Dato	Sign.
<input type="checkbox"/> motteke varsel				<input checked="" type="checkbox"/> samtykke til tiltaket		23/2-16	Vigdis S. Glomsed

<b>Nabo-/gjenbuareigedom</b>				<b>Eigar/festar av nabo-/gjenbuareigedom</b>			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Namn på eigar/festar			Dato sendt e-post
Adresse				Adresse			Kvittering må leggjast ved
Postnr.				Poststad			Poststaden sitt reg.nr.
Personleg kvittering for		Dato	Sign.	Personleg kvittering for		Dato	Sign.
<input type="checkbox"/> motteke varsel				<input type="checkbox"/> samtykke til tiltaket			

<b>Nabo-/gjenbuareigedom</b>				<b>Eigar/festar av nabo-/gjenbuareigedom</b>			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Namn på eigar/festar			Dato sendt e-post
Adresse				Adresse			Kvittering må leggjast ved
Postnr.				Poststad			Poststaden sitt reg.nr.
Personleg kvittering for		Dato	Sign.	Personleg kvittering for		Dato	Sign.
<input type="checkbox"/> motteke varsel				<input type="checkbox"/> samtykke til tiltaket			

Det er per dags dato innlevert rekommandert sending til ovannemnde adressatar.

Samla tal sendingar: \_\_\_\_\_ Sign.





# ODD ERLING LØVØY

---

Sandvika 29  
6070 TJØRVÅG  
Mob: 95071909  
odderling@tussa.com

22. februar 2016


Grunnavtale.

Grunnavtale mellom Odd Erling Løvøy og eigar av Gnr 59 B.nr 1 Åge Arild Stolsmo og Roar Terje Sandvik.

Odd Erling Løvøy får løyve til å nytte eigedomen G.nr 59 B.nr 1 i Sandvikstranda til massedeponi.

Ved avslutning av deponiet skal massene vere planert og tilsådd slik at det blir lett å beitepusse området.


Sandvika den 24.02.16

Åge Arild Stolsmo  


Roar Terje Sandvik



Odd Erling Løvøy





Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## Statens vegvesen

Herøy kommune i Møre og Romsdal  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

Behandlande eining:  
Region midt

Sakshandsamar/telefon:  
Hallvard Sæverud / 93260501

Vår referanse:  
16/160436-2

Dykkar referanse:  
2016/393

Vår dato:  
28.10.2016

### Fv. 10 – Herøy kommune – Gnr. 59 bnr. 1 – Massedeponi – Dispensasjon kommuneplanen sin arealdel – Uttale

Viser til brev av 30.8.2016 frå Herøy kommune.

Statens vegvesen har ikkje merknad til at det vert dispensert frå kommuneplanen sin arealdel med sikte på etablering av massedeponi i tråd med søknaden som ligg ved brevet frå kommunen, under føresetnad av at:

1. Tilkomst til området vert knytt til eksisterande avkøyrsløse frå fylkesvegen til steinuttaket på gnr. 59 bnr. 1 og 2.
2. Det vert i eigen søknad søkt Vegvesenet om løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse, jamfør § 40 i veglova.

Plan- og trafikkseksjonen  
Med helsing

Lisbeth Smørholm  
seksjonssjef

Hallvard Sæverud

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE  
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE

---

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegane, avgjør hvilke prosjekter som skal gjennomføres hvert år og gir politiske føringer for utvikling av fylkesvegane. Det er Statens vegvesen som normalt planlegger, bygger, drifter og vedlikeholder fylkesvegane på vegne av fylkeskommunen.

Postadresse

Statens vegvesen

Region midt

Postboks 2525

6404 MOLDE

Telefon: 02030

firmapost-midt@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse

Vestre Olsvikveg 13

6019 ÅLESUND

Fakturaadresse

Statens vegvesen

Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø





Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	20.10.2016	115674/2016/DISPENSASJON/1515	Anders Smith-Øvland, tlf. 71 28 02 41	11.11.2016

## Herøy kommune - massedeponi gbnr 59/1 Erling Lerøy - fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### Planfagleg vurdering

Dispensasjon, jf. plan- og bygningslova § 19-2 Dispensasjonsvedtak, andre ledd, kan berre gis dersom omsyna i overordna plan ikkje blir vesentleg tilsidesett. I denne samanhengen synes saka også å ha eit omfang som tilseier behandling gjennom ein formell reguleringsplanprosess, jf. plan- og bygningslova § 12-1 Reguleringsplan, andre ledd.

Vi rår derfor kommunen til å halde eit oppstartsmøte, jf. plan- og bygningslova § 12-8 Oppstart av reguleringsarbeid, første ledd. I møtet vil kommunen kunne klargjere kva slags føringar som skal føreligge for eventuelt vidare planlegging.

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.*

Med helsing


Johnny Loen  
plansamordnar

Anders Smith-Øvland  
overarkitekt

Kopi:  
Statens vegvesen, Region midt  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2016/393	Saksbeh.
22 NOV. 2016	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

## Herøy kommune

### Deponi for mottak av reine masser på gnr59 bnr1 - Erling Løvøy Dispensasjon frå kommuneplan

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

#### Generelt

Saka gjeld tilrettelegging for eit massedeponi for mottak frå entreprenørverksemd av reine masser som jord, leire, stein, stubber og røter. Ein del av eigna masse er oppgitt å skulle gjenvinnast, og det er planlagt innkjøp av soldeverk for utsortering av jord og stein til salg.

Arealet ligg i LNF-område med omsynssone for ras og skredfare. Deler av området er i dag nytta til uttak av steinmasser.

Området er såpass stort og av ein slik karakter at det kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, jf. pbl. § 12-1. Vi rår difor til at det utarbeidast reguleringsplan for tiltaket.

#### Forureining

Dette er eit tiltak som i utgangspunktet ikkje skal medføre forureining. Dersom det medfører forureining, må det søkast om løyve frå forureiningsmyndet, som i denne saka er fylkesmannen. Kommunen må sikre at det berre er reine masser som blir deponert her. Området må difor sikrast ved at området er avstengt for ålmenta og at det er etablert ein mottakskontroll.

Vi gjer også merksam på forskrift om framande organismer, kap 5, om krav til aktsemd og krav til verksemd og tiltak som kan medføre spreing av framande organismer.

### **Samfunnstryggleik**

Området ligg innanfor aktsemdssone for steinskred samt delvis innanfor aktsemdsområde for jord- og flaumskred. Skredfaren må avklarast for å stadfeste om grunnen er tilstrekkeleg trygg, jf. plan- og bygningslova §28-1.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

### **Fagsaksbehandlarar**

Forureining: Anne Grete Kleven, tlf. 71 25 84 77  
Samfunnstryggleik: Jon Erik Eik, tlf. 71 25 84 89

### **Kopi:**

Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE

## NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Søre Sunnmøre landbrukskontor

Saksnr  
2016/393

Arkivkode  
59/1

Dato  
22.11.2016

---

### **LANDBRUKSFAGLEG UTTALE TIL SØKNAD FRÅ ERLING LØVØY OM MASSEDEPONI PÅ 59/1**

Arealet som Erling Løvøy søker om å nytte til massedeponi utgjer om lag 20 dekar. Vel 6 dekar av arealet har arealklasse fulldyrka jord. Arealet ned mot vegen og rundt jordbruksarealet er klassifisert som dyrkbar jord. Løvøy skriv i søknaden at han vil planere og så til arealet i etterkant slik at det vert lett å beitepusse området.

Kollega ved landbrukskontoret, Oddvar Gjerde og underteikna var på synfaring med Erling Løvøy den 13.01.2016. Løvøy orienterte om planane og fekk rettleiing til søknaden. Etter vårt syn ligg det til rette for å etablere eit massedeponi på området.

Arealstatus på del av tiltaksområdet er fulldyrka jord og dyrkbar jord. Arbeidet med planering og påfylling vil føre til at dyrka jord vert omdisponert for ei periode. Det vil krevje eit mellombels løyve til omdisponering etter Jordlova §9.

Vi ser positivt på tiltaket ut frå ei landbruksfagleg vurdering. Det må gå fram av løyvet at det vert gitt mellombels løyve til omdisponering etter Jordlova §9. Tekniske retningslinjer for anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt må ligg til grunn for slutføring av arbeidet. Matjorda skal takast varte på og nyttast til topplag på området som skal dyrkast opp på nytt. Det må ligge føre ein kanal- og dreneringsplan for området. Planen må godkjennast av landbrukskontoret. Etter at tiltaket er ferdig skal om lag 10 dekar vere fulldyrka jord, klasse A, sjå vedlagde kart.

Det vil vere naturleg å setje krav om at det berre vert fylt på reine jordmasser og at deponiperioden vert avgrensa i tid.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg

Vedlegg: utsnitt og gardskart 59/1 datert 22.11.2016



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	EFLÅ	Arkivsaknr:	2017/5
		Arkiv:	26/229

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
8/17	Maritim og teknisk komite	13.02.2017

### **ARVE KVALSVIK OG ANE-MARTHE KJØDE - 26/229 - SØKNAD OM RAMMELØYVE NY EINEBUSTAD MED DISPENSASJON FRÅ BYGGEGRENSE MOT NABOANE I VEST OG AUST**

#### **Tilråding:**

#### **Vedtak:**

##### **A.**

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2, gjev Maritim og teknisk komite dispensasjon for plassering av ny einebustad på 26/229 utanom regulert byggegrense på 4 m, ny einebustad kan plasserast 3,2m frå nabo i aust og 3,6m frå nabo i vest.

##### **B.**

Med heimel i pbl § 21-4 av 27. juni 2008 nr. 71, med tilhøyrande forskrifter og vedtekter godkjenner Maritim og teknisk komite søknad om Rammeløyve etter pbl § 20-1, datert 28.12.2016.

**Maritim og teknisk komite gjev Rammeløyve til oppføring av ny einebustad på gnr 26, bnr 229, slik det er søkt om og etter innsendte teikningar, situasjonsplan og søknad datert 28.12.2016.**

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilst til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3-tre – veker frå den dag melding om vedtak har kome fram til den som har klagerett, jfr Plan-og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29*



Særutskrift:

Byggenheim as, pb 29, 6099 Fosnavåg  
Arve Kvalsvik , Rokkevegen 10 , 6050 Valderøya

## **Saksopplysninger:**

### **Følgjande dokument ligg til grunn for godkjenninga:**

- Søknad om dispensasjon og løyve til tiltak med vedlegg, datert 28.12.2016
- Situasjonsplan, datert 23.12.2016
- Plan-, snitt- og fasadeteikningar, datert 19.12.2016
- Terrengsnitt, datert 06.01.2017
- Erklæring om ansvarsrett for SØK, PRO, UTF
- Gjennomføringsplan, datert 28.12.2016
- 2 stk naboerklæringar, datert 27.12.2016
- Godkjent avløp 10.01.2017
- Godkjent vasstilkobling 06.01.2017

### **D. Godkjenning av ansvars- og kontrollomfang (jfr. pbl kapittel 23 og SAK kapittel 9 og 14)**

Følgjande føretak vert godkjende i samband med denne saka, jf. kap. 9 i byggesaksforskriften (SAK 10) og pbl § 22-3 :

Jf gjennomføringsplan datert 28.12.2016

### **E. Løyvet er elles gjeve på følgjande vilkår:**

1. Det må opparbeidast parkeringsplassar i samsvar med gjeldande RP og tilhøyrande reguleringsføresegner.
2. Tiltaket må stikkast ut (plasserast i terrenget) av kvalifisert personell, og måledata skal oversendast til kommunen.
3. Bygningen skal plasserast i høgde med lågaste golv på kote + 30,0 moh.
4. Målt frå veggliv skal einbustaden plasserast minst 3,6 m frå eigedomsgrense mot vest og 3,2 m frå eigedomsgrense mot aust.
5. Før vidare igangsetting må det søkast IG og det må erklærast ansvarsrett innanfor alle aktuelle fagområde i byggesaka.
6. Gjennomføringsplan må oppdaterast saman med IG søknad.

### **F. Før bygget kan takast i bruk, må det søkast om ferdigattest / mellombels bruksløyve og søknaden må vere godkjent av kommunen, jfr. pbl §§ 21-9 og 21-10.**

1. Komplette og oppdaterte gjennomføringsplan for heile tiltaket.
2. Der tiltaket krev avfallsplan/miljøsaneringsplan, jfr. TEK 10 §§ 9-6 og 9-7, skal dokumentasjon på faktisk disponering av avfall (sluttrapport) leggjast ved søknaden om ferdigattest / bruksløyve, jfr. SAK 10 § 8-1.
3. Alle vilkår i høve utsleppsløyve for denne eigdommen skal vere dokumentert stetta i søknad om ferdigattest / mellombels bruksløyve.
4. Ved overlevering til ny eigar skal det følgje FDV-dokumentasjon for bygget, Dette skal gå fram av dokumentasjonen som ligg ved søknad om ferdigattest.

Dette løyvet og dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

<b>Tiltak:</b>	Rammeløyve ny einebustad	
<b>Søknadsdato:</b>	28.12.2016	
<b>Tiltakshavar:</b>	Arve Kvalsvik og Ane-Marte Kjøde	
<b>Ansvarleg søker:</b>	Byggenheim as	
<b>Nabovarsel:</b>	Ingen merknader	
<b>Eigedom:</b>	Gnr 26 bnr 229	
<b>Planstatus:</b>	Eigedomen er avsett til frittliggande småhus i følgjande reguleringsplan: Leine 1 skuletomt.	
<b>Utnyttingsgrad:</b>	Bebyggd areal (BYA) er oppgjeve til 181,80 m <sup>2</sup> . Utnyttingsgrada for denne eigedommen er etter dette berekna til 25,27 %.	
<b>Høgde:</b>	Avstand til nabogrense er 3,2 m mot aust og 3,6 m mot vest. Det ligg føre signert fråsegn frå eigar av naboeigedomen gnr 26, bnr 228 om løyve til å bygge i avstand på 3,2 m frå nabogrense og frå naboeigedomen, gnr 26, bnr 230 om løyve til å bygge i avstand på 3,6 m frå nabogrense. Høgde på ferdig golv i u.etg. = kote + 30,0 m.o.h Bygningens høgde og plassering er vurdert som tilfredstillande i høve pbl § 29-4 / reguleringsplan m/føresegner.	
<b>Vatn/Avløp:</b>	Eigedommen ligg innanfor området til privat vassverk. Det er opprettast avtale med det private vassverket den 06.01.2017. : Eigedommen skal tilkoplast offentleg avløpsnett. Godkjent 10.01.2017.	

### **Grunngeving for dispensasjon:**

Det er i denne sak søkt om dispensasjon frå pbl §29-4 – plassering av bygg nærmere enn 4 m frå nabogrense både mot aust og vest.

Tiltakshavar har sett på ulike løysingar for å kunne bygge eit teneleg bygg, einebustad. Tiltakshavar enda opp med eit bygg med ei lengde på 18 meter. Dette medfører behov for å bygge nærmare naboeigedomane enn 4 m. Tiltakshavar har difor søkt om dispensasjon om dette og fått skriftleg erklæring frå begge naboeigedomane, jf samtykke om plassering av bygg i avstand datert 27.12.2016.

MTK kan ikkje sjå at å plassere bygget 3,2 m og 3,6 m frå naboeigedomane tilsidesett føremålet som denne regelen skal ivareta. Sidan det også ligg føre samtykke frå begge naboane gir MTK dispensasjon som omsøkt for plassering av ny einebustad på 26/229.

Fosnavåg, 11.01.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eivind Flåskjer

**Vedlegg:**

Situasjonskart + teikningar av tiltaket + erklæringar frå naboane


# Situasjonskart 26/229



BYGGENHEIM



1:500

23.12.2016



Kartopplysningar som vert kravd ved omsetting av eigedomar, skal tingast skriftleg hjå kommunen. Elles er ikkje kommunen ansvarlig. Situasjonskart som skal nyttast i søknadar SKAL ha påteikna rutenett og vere i målestokk 1:1000 eller 1:500.





Tiltakshaver:

Arve Kvalsvik og  
Ane-Marthe Kjøde

Byggefirma:  
BYGGENHEIM AS  
Postboks 29  
6099 Fosnavåg

Status: **Byggemelding**

Prosjekt:  
Leinebakkane 23, 6094 Leinøy

Tegningen viser:

Fasader

Gr.fi:

0,0 m<sup>2</sup>

BRA:

272,5 m<sup>2</sup>

Gnr.:

26

BYA:

m<sup>2</sup>

BA:

m<sup>2</sup>

Bnr.:

229

Kommune:

Herøy

Målestokk:

1:100

Sign:

Tegn. av:

JAG

Dato:

19.12.16

Kontr. av:

Dato:



Godkj. av:

Dato:

Målestokk:

1:100

TEGNINGEN ER BESKYTTET ETTER LOV OM OPPHavsRETT OG SKAL IKKE BENYTTES UTEN VÅR TILLATELSE. TEGNINGEN GJELDER IKKE SOM ARBEIDSTEGNING



# URBANHUS



BYGGENHEIM

Tiltakshaver:  <b>Arve Kvalsvik og Ane-Marthe Kjøde</b>	Status: <b>Byggemelding</b>				Sign:	
	Prosjekt: <b>Leinebakkane 23, 6094 Leinøy</b>				Tegn. av: <b>JAG</b>	Dato: <b>20.12.16</b>
Byggefirma: <b>BYGGENHEIM AS</b> Postboks 29 6099 Fosnavåg	Tegningen viser: <b>Plan</b>				Kontr. av:	Dato:
	Gr.fl.: <b>2</b>	BRA: <b>272,5 m<sup>2</sup></b>	BA: <b>m<sup>2</sup></b>	BYA: <b>181,80 m<sup>2</sup></b>	Godkj. av:	Dato:
	Gnr.: <b>26</b>	Bnr.: <b>229</b>	Kommune: <b>Herøy</b>	Målestokk: <b>1:100</b>		
TEGNINGEN ER BESKYTTET ETTER LOV OM OPPHAVSRETT OG SKAL IKKE BENYTTES UTEN VÅR TILLATELSE. TEGNINGEN GJELDER IKKE SOM ARBEIDSTEGNING						

# Terrengprofil 26/229

06.01.2017





**AVTALE OM RETTAR MELLOM EIGEDOMAR I  
HERØY KOMMUNE (1515).**

Avtalen omfattar bygging av veg og/eller legging/bruk av ledningar i grunnen.  
Denne avtalen er utferda frå eigedomen:

**GNR:** 26    **BNR:** 230    **Grunneigar:** Arvid og Svanhild Kvalsund

og gjeld for eigedomen:

**GNR:** 26    **BNR:** 229    **Grunneigar:** Arve Kvalsvik og Ane-Marthe Kjøde

Avtalen gjeld: (Set kryss)

- Løyve til bygging/bruk av tilkomstveg
- Løyve til legging av ny kloakkledning
- Løyve til bruk av eksisterande kloakkledning
- Løyve til legging av ny vassledning
- Løyve til bruk av eksisterande vassledning
- Løyve til å legge el-kabel
- Løyve til å legge tele-kabel
- Løyve til bruk av privat brunn og vassledning
- Løyve til oppføring av plassering av bygg.....inntil ....3,2.....meter frå grensa.
- Gjeld plassering, slik som på situasjonskart datert 23.12.2016  
Avstand mellom bygningar vert mindre enn 8m, og det må foretas brannsikrands tiltak mellom bygningane

*Avtalen gjeld også rett til å utføre vedlikehald/utbetringar av veg og ledningar når dette er nødvendig. Avstandar mellom bygningar på kvar eigedom skal vere minimum 8 m.*

*Avtalen kan tinglysast.*

Dato: 27/12-2016

Stad: Leindy

Eigar av GNR: 26 BNR: 230

Arvid Kvalsund  
Svanhild Kvalsund  
(Grunneigar)

## AVTALE OM RETTAR MELLOM EIGEDOMAR I HERØY KOMMUNE (1515).

Avtalen omfattar bygging av veg og/eller legging/bruk av ledningar i grunnen.  
Denne avtalen er utferda frå eigedomen:

**GNR:** 26    **BNR:** 226    **Grunneigar:** Andre Voldsund og Silje Slotsvik

og gjeld for eigedomen:

**GNR:** 26    **BNR:** 228    **Grunneigar:** Arve Kvalsvik og Ane-Marthe Kjøde

Avtalen gjeld: (Set kryss)

- Løyve til bygging/bruk av tilkomstveg
- Løyve til legging av ny kloakkledning
- Løyve til bruk av eksisterande kloakkledning
- Løyve til legging av ny vassledning
- Løyve til bruk av eksisterande vassledning
- Løyve til å legge el-kabel
- Løyve til å legge tele-kabel
- Løyve til bruk av privat brunn og vassledning
- Løyve til oppføring av plassering av bygg.....inntil ....3,2.....meter frå grensa.
- Gjeld plassering, slik som på situasjonskart datert 23.12.2016

*Avtalen gjeld også rett til å utføre vedlikehald/utbetringar av veg og ledningar når dette er nødvendig. Avstandar mellom bygningar på kvar eigedom skal vere minimum 8 m.*

*Avtalen kan tinglysast.*

Dato: 27.12.2016

Stad: Leinoy

Eigar av GNR: 26    BNR: 228

Andre Voldsund  
Silje Slotsvik  
(Grunneigar)



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	EFLÅ	Arkivsaknr:	2016/1612
		Arkiv:	59/68

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
9/17	Maritim og teknisk komite	13.02.2017

### **SPUTNIK AS - 59/48 OG 68 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ PLANKRAVET I KOMMUNEPLANENS AREALDEL OG FRÅ PBL §1-8 STRANDSONEVERNET**

#### **Tilråding:**

##### **1. Dispensasjon:**

Maritim og teknisk komite vedtek at det med heimel i PBL § 19-2 vert gitt dispensasjon frå plankravet i kommuneplanens arealdel, planid 201250 og vidare vert det gitt dispensasjon frå PBL § 1-8, bygge og deleforbodet i 100-meters beltet langs sjø.

Dispensasjonen vert grunngjeven med at det omsøkte prosjektet på eigedomen er godt skildra gjennom ein områdeplan som syner at tiltaket ikkje vil vere i strid med det som plankravet skal ivareta. Det omsøkte lagerbygget vil ikkje vere til hinder for framtidig utnytting av nærliggande område innanfor område avsett til N8 næring i kommuneplanen.

##### **2. Løyve til tiltak:**

Med heimel i pbl §21-4 av 27.juni 2008 nr 71, med tilhøyrande forskrifter og vedtekter godkjenner MTK søknaden om rammeløyve og igangsettingsløyve datert 28.11.2016.

MTK gjev rammeløyve for omsøkt prosjekt og igangsettingsløyve for grunn/fundamenteringsarbeid på gnr 59, bnr 48 og 68 – jf komplett søknad, situasjonskart 01.11.2016 og gjennomføringsplan datert 11.01.2017.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3-tre – veker frå den dag melding om vedtak har kome fram til den som har klagerett, jfr Plan-og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29*

Særutskrift:

B.Tarberg as , Tarbergvegen 3 , 6076 Moltustranda  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Pb 2520, 6404 Molde  
Møre og Romsdal Fylkeskommune, Pb 2500, 6404 Molde  
Statens Vegvesen region midt, Pb2525, 6404 Molde



## **Vedlegg:**

- 01 - søknad om dispensasjon, 28.11.2016
- 02 - områdeplan + kart
- 03 - Høringsuttalane i saka:
  - Fylkesmannen i MR
  - MR Fylkeskommune
  - Statens Vegvesen
  - Arbeidstilsynet
- 04 - skredvurdering frå NVE
- 05 - Lokal vind og bølgevurdering

## **Saksopplysningar:**

B.Tarberg as søker på vegne av Sputnik as om oppføring av nytt lager/kontorbygg på gnr 59, bnr 48 og 68. Bygget vil ha ei grunnflate på 20mx40m og ha maksimal mønehøgde på 9,2 m frå ferdig planert terreng.

Det aktuelle området er uregulert, men er i gjeldande kommuneplan avsett til framtidig næringsbebyggelse( N8) med plankrav. Vidare ligg tiltaket innanfor 100-metersbeltet i strandsona.

B. Tarberg as søker difor om dispensasjon frå plankravet og frå pbl 1-8 saman med søknad om tiltak etter pbl §20-1, det vert søkt rammeløyve + igangsetting for grunnarbeid og fundamentering.

Søknaden framstod som komplett og vart sendt på høring til regionale instansar den 05.12.2016.

Det ligg no føre uttale frå desse i saka:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal fylkeskommune
- Statens Vegvesen
- Arbeidstilsynet

Og dermed er saka klar for politisk sluttbehandling i MTK.

## **Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 05.01.2017:**

Peikar på at den skredfarevurderinga som NVE har utført i området må dokumenterast i dispensasjonssøknaden.

Vil også ha utarbeidd ei lokal vurdering av vind og bølgepåslag for eigedomen, slik at det er tilstrekkeleg dokumentert at ein kan plassere eit bygg på kote 2,60 moh.

## **Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommuna av 21.12.2016:**

Har ingen særskilte merknader til dispensasjon dersom kommunen finn det forvarleg. Elles vil dei påpeike viktigeita av å køyre reguleringsplanprosessar – det

er dei prosessane som sikrar god medverknad og gir kommunen eit godt grunnlag for å gjere gode avgjerder.

#### **Uttale frå Statens Vegvesen av 17.11.2016:**

Gir med heimel i veglova dispensasjon frå byggegrensa langs fylkesveg. Kan føre opp bygg 30 m frå senterlinje fylkesvegen.

#### **Uttale frå Arbeidstilsynet av 22.12.2016:**

Arbeidstilsynet har gitt sitt samtykke til tiltaket under gitte vilkår sett fram i vedtak datert 22.12.2016.

#### **Vurdering og konklusjon:**

B.Tarberg as søker på vegne av eiedomselskapet Sputnik as om dispensasjon frå plankravet i kommuneplan for etablering av nytt lagerbygg med kontordel på gnr 59, bnr 48 og 68 i Sandvika, Moltustranda.

Søknaden skildrar godt korleis tiltakshavar har tenkt å utnytte arealet. Det er laga ein områdeplan som syner at tiltaket ikkje er i strid med det som plankravet skal ivareta.

Maritim og teknisk komite ser ikkje at ein dispensasjon frå plankravet her vil svekke moglegheitene for vidare utvikling i området, innanfor område avsett til næring, N8. Føremålet med plankravet vil ikkje verte vesentleg tilsidesett. Det er gjort vurderingar av dei lokale vind og bølgeforholda og NVE har utført ras/skredfarevurdering. Utsleppsløyve er handsama og godkjent av lokalt avløpsmynde. Ingen merknader frå naboar til tiltaket.

Det er også eit tiltak som er i samsvar med føremålet N8 i kommuneplanen. Ein eigen reguleringsplan for eit lagerbygg kan opplevast som ressurskrevande og kostbart. Den vil likevel kunne ha sin funksjon i å verke styrande for utviklinga, særleg mht storleik og høgder på bygg. I denne saka er område avsett til næring, N8, og bygget som det her vert søkt om er innanfor dei rammene ein må kunne forventa av eit næringsbygg. Områdeplanen som ligg ved søknaden inneheld det som er naudsynt for å sikre godt utnytting av tomta.

**Rådmannen rår til å imøtekomme søknaden om dispensasjon frå plankravet og frå pbl §1-8- strandsonevernet med tanke på etablering av eit nytt lagerbygg med kontordel på gnr 59, bnr 48 og 68.**

**MTK gir rammeløyve for omsøkt tiltak og igangsettingsløyve for grunn og fundamentarbeid på gnr 59, bnr 48 og 68 som omsøkt.**

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen

Fosnavåg, 06.01.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eivind Flåskjer



# B.TARBERG AS

Graving – Sprenging – Transport – Planlegging – Byggsøk – Rådgiving



**Herøy kommune**  
**Utviklingsavdelinga**  
**Postboks 274**  
**6099 Fosnavåg**  
[postmottak@heroy.kommune.no](mailto:postmottak@heroy.kommune.no)

**Moltustranda 28.11.2016**  
**Vår referanse: 201662**

## Søknad om dispensasjon frå plankravet i kommuneplan

### Skildring av tiltaket:

På vegne av eigedomsselskapet Sputnik AS, søker B. Tarberg AS, om løyve til tiltak etter PBL §20-1 på gnr 59 bnr 48 og 68. Det blir søkt om løyve til oppføring av eit lagerbygg med grunnflate på 20 x 40 m, med ei maksimal gesimshøgde på 9.2 meter frå ferdig planert terreng. Det nye bygget skal nyttast som lager for maskiner og utstyr og innehalde ein messanin med kontordel i 1.etg, plasser i den austre delen av bygget. Det nye bygget er detaljprosjektert av Prosjektbygg AS.

### Plankravet i kommuneplanen :

Vi søker dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen for plassering av nytt lagerbygg 30 meter frå senterlinje veg. Nytt bygg blir plassert med ferdig gulv på kote +2,6 moh etter vår risiko- og sårbarheitsanalyse. Eksisterande eigedom har i dag rikeleg med areal for vår verksemd. Vi har som ein del av denne søknaden utarbeidd ein «Områdeplan» som i grove trekk viser arealdisponeringa av våre eigedomar i Sandvika. Dette er ikkje ein reguleringsplan, men ein plan som viser at plassering av vårt bygg ikkje vil skape vanskar for ei framtidig utnytting av næringseigedommen.

### Grunngjeving for dispensasjon:

Vi meiner at det i denne søknaden blir vist til opplysningar og ein områdeplan som dokumenterer at tiltaket ikkje vil vere i strid med det som plankravet skal ivareta. Vi har som vist til over utarbeidd ein områdeplan for framtidig disponering av våre areal i Sandvika. Dette er ikkje ein reguleringsplan, men ein plan som viser korleis vi tenker oss ei framtidig disponering av vår eigedom. Vi meiner at denne gir tilstrekkeleg dokumentasjon på at plassering av vårt nye lagerbygg ikkje vil skape vanskar for ei framtidig utnytting av næringseigedommen.


Etter det vi kan sjå bør vilkåra for å kunne gi dispensasjon vere oppfylt i denne saka.

Vi ber om ei snarleg og positiv handsaming av vår søknad.






OMRÅDEPLAN MED OMSØKT NYTT  
LAGER/ADM. BYG6




Driftbase Sandvika Spenk AS		Utskrift # 1000/1	
Dato 03.11.2015	Fører/Regnet Sodqvist	Utskrift # 1000/1	Utskrift nr 901
Plantegning		Områdeplan	
Tegnning		Sjangering	




Nytt lagerbygg  
m/kontordel





Kartopplysningar som kreves ved omsetning av eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.





1:2000


28.11.2016



Kartopplysningar som vert kravd ved omsetting av eigedomar, skal tingast skrifleg hjå kommunen. Elles er ikkje kommunen ansvarlig. Situasjonskart som skal nyttast i søknadar SKAL ha påteikna rutenett og vere i målestokk 1:1000 eller 1:500.



Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Revisjon 2016/1612	Saksbeh
- 5 JAN. 2017	
Ark kode P	
Ark kode S	
J nr.	Dok nr
Kassasjon	

## Herøy kommune

### Bygging av lager / kontorbygg gnr59 bnr48 og bnr68 - Sputnik AS

### Dispensasjon frå kommuneplan

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

#### Generelt

Saka gjeld dispensasjon frå plankrav sett i kommuneplanen, og frå pbl § 1-8, for bygging av lager/kontorbygg. Aktuelt område er uregulert, men i gjeldande kommuneplan er det sett av til framtidig næringsbebyggelse (N8). Lagerbygget vil ha ei grunnflate på 20 x 40 meter, og skal nyttast som lager for maskiner og utstyr og innehalde ein messanin med kontordel.

#### Samfunnstryggleik

Kommunen skriv at NVE har gjort ei skredfarevurdering for området, og at denne vurderinga konkluderer med at det ikkje er fare for skred mot området. Fylkesmannen meiner at skredfarevurderinga må ligge ved dispensasjonssøknaden som dokumentasjon på tilstrekkeleg tryggleik mot skred.

I søknaden kjem det fram at det er gjort ei konkret vurdering av kor høgt over havet bygget må plasserast for å stå tilstrekkeleg trygt mot havnivåstiging. Vurderinga konkluderer med at ei kote på 2,6 for ferdig golv er tilstrekkeleg. Nyttar ein utrekninga i DSB sin nye rettleiar «Flaum- og skredfare i arealplanar» (september, 2016) får ein for 200-årsstormflo ei høgde på 2,6 m.o.h. Vi gjer merksam på at denne høgda er utan ei lokal vurdering av vind- og bølgepåslag som vil gjere den reelle høgda høgare. Vi saknar difor ei synleggjering av kva vurderingar som er gjort for at ein har konkludert med at kote 2,6 er tilstrekkeleg for tiltaket.



**Konklusjon**

Vi viser til merknaden ovanfor, og ber om at ein følgjer opp dette i den vidare saksgangen.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**Fagsaksbehandlarar**

Samfunnstryggleik: Jon Erik Eik, tlf. 71 25 84 89

**Kopi:**

Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2016/1612	05.12.2016	128628/2016/DISPENSASJON/1515	Anders Smith-Øvland, tlf. 71 28 02 41	21.12.2016

## **Herøy kommune - bygging av lager / kontorbygg gbnr 59/48 og 68 - fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8**

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### **Planfagleg vurdering**

I utgangspunktet rår vi til at reguleringskravet i kommuneplanen vert oppretthaldt, dette fordi ein formell reguleringsplansprosess vil gi kommunen eit betre grunnlag for avgjerd og at reguleringsplansprosess i større grad sikrar medverknad.

Vi har likevel ingen særskilte merknader til ein eventuell dispensasjon, dersom kommunen finn dette forsvarleg.

Vi legg vekt på at arealbruken er i samsvar med kommuneplanen.

Vi føresett elles at det ikkje føreligg konflikhtar som gjer at ulempa ved eit eventuelt dispensasjonsvedtak, blir større enn gjennomføringa av ein formell reguleringsplanprosess.

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.*

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Anders Smith-Øvland  
overarkitekt

Kopi:  
Statens vegvesen, Region midt  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal



## Statens vegvesen



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

B. Tarberg AS  
Tarbergsvegen 3  
6076 MOLTUSTRANDA

Behandlande eining:  
Region midt

Sakshandsamar/telefon:  
Hallvard Sæverud / 93260501

Vår referanse:  
16/169990-4

Dykkar referanse:

Vår dato:  
17.11.2016

### Fv 10 – Herøy kommune – Gnr. 59 bnr. 48 og 68 Sandvika – Dispensasjon byggegrense

Viser til søknad av 7.11.2016 frå B. Tarberg AS om dispensasjon frå byggegrensa langs fylkesveg 10 med sikte på oppføring av bygg på eigedomen gnr. 59 bnr. 48 og 68 i Herøy kommune, i ein avstand på 30 m frå midten på vegen.



Utsnitt av situasjonsplan vedlagt søknaden

Etter det vi forstår ligg omsøkte eigedom utanfor regulert område. Langs fylkesvegen er det dermed den generelle byggegrensa på 50 m som gjeld. Det er omsynet til trafikktryggleik, vedlikehald og drifta av vegen, arealbehov ved utbetring av vegen og miljøet langs vegen byggegrensa skal ivareta, jamfør § 29 i veglova.

- / -

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegane, avgjør hvilke prosjekter som skal gjennomføres hvert år og gir politiske føringer for utvikling av fylkesvegane. Det er Statens vegvesen som normalt planlegger, bygger, drifter og vedlikeholder fylkesvegane på vegne av fylkeskommunen.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region midt  
Postboks 2525  
6404 MOLDE

Telefon: 02030  
firmapost-midt@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Vestre Olsvikveg 13  
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

Utifrå ei samla vurdering gjer Statens vegvesen Region midt slikt

**vedtak:**

Med heimel i § 30 i veglova vert det dispensert frå byggegrensa langs fylkesveg 10 i høve oppføring av bygg på gnr. 59 bnr. 48 og 68 i Herøy kommune, på fylgjande vilkår:

1. Plasseringa av bygget vert i samsvar med situasjonsplanen som ligg ved søknaden, og då slik at avstanden mellom bygget og midten på fylkesvegen vert minst 30 m.
2. Dispensasjonen inneber at det ikkje kan gjerast gjeldande krav på erstatning for skader og ulemper som eventuelt vert påført bygget/tiltaket på grunn av nærleiken til fylkesvegen.

Dette vedtaket kan det klagast på. Eventuell klage må vere skriftleg og grunngjeven og skal stilast til Møre og Romsdal fylkeskommune, men sendast til Statens vegvesen Region midt. Klagefristen er 3 – tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett.

Med helsing  
Plan- og trafikkseksjonen

Lisbeth Smørholm  
seksjonssjef

Hallvard Sæverud

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Herøy kommune i Møre og Romsdal, Postboks 274, 6099 FOSNAVÅG





**Arbeidstilsynet**

VÅR DATO  
22.12.2016

DERES DATO  
28.11.2016

VÅR SAKSBEHANDLER

VÅR REFERANSE  
2016/47627 567777/2016

DERES REFERANSE

1

Odd Småge tlf 905 82 208

B TARBERG AS  
Tarbergsveien 3  
6076 MOLTUSTRANDA

Att. Aleksander

## **Vedtak om samtykke på vilkår og gebyr** **Behandling av søknad om samtykke etter arbeidsmiljøloven § 18-9**

### **Gnr 59 Bnr 48 Herøy - Sandvika - Tjørvåg - B. Tarberg AS - nybygg**

Vi viser til søknad av 28.11.2016 om samtykke etter arbeidsmiljøloven § 18-9 mottatt fra B. Tarberg AS.

Viser videre til samtale med tiltakshaver om mangler ved søknaden. Har mottatt dokumentasjon på medvirkning fra ansatte til prosjektet. Dokumentasjon på ventilasjons forhold må ettersendes.

Søknaden gjelder oppføring av et lagerbygg med kontorer. I kontordelen må det installeres mekanisk balansert ventilasjon.

#### **Arbeidstilsynets vurdering**

Vi har vurdert søknaden på grunnlag av følgende dokumentasjon:

- Søknad om Arbeidstilsynets samtykke
- Beskrivelse av prosjekt
- Dokumentasjon på arbeidsgivers og arbeidstakers medvirkning
- Tegninger

#### **Arbeidstilsynets vedtak**

Arbeidstilsynet gir med hjemmel i arbeidsmiljøloven §§ 18-9 og 18-6 sjette ledd samtykke til planene på følgende vilkår:

1. Det må innsendes ventilasjonsplaner som viser tilfredsstillende klima og luftkvalitet, jf. § 2-14 i forskrift om utforming av arbeidsplasser og arbeidslokaler (arbeidsplassforskriften).  
Dette kan dokumenteres ved å fylle ut sjekklisten i veiledning om "Klima og luftkvalitet på arbeidsplassen".  
Opplysningene må innsendes før lokalene tas i bruk.

Vilkårene for dette samtykket skal følges opp av tiltakshaveren, eventuelt i samarbeid med arbeidsgivere/leietakere, jf. arbeidsmiljøloven § 18-6 sjette ledd. Se også § 1-3 tredje ledd, i forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler som regulerer utleiers ansvar.



Samtykke gis på bakgrunn av de opplysningene og planene som forelå på tidspunktet for vedtaket. Samtykket er ikke en godkjenning av lokalene eller arbeidsplassen. At Arbeidstilsynet gir samtykke til planene betyr ikke at tilsynet går god for at alle krav til fysisk arbeidsmiljø er ivaretatt. Det er tiltakshaver/arbeidsgiver som har ansvaret for at lov/forskriftskrav blir overholdt og at arbeidsmiljøet er tilfredsstillende under bruk.

### **Innbetaling av gebyr**

I følge forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler § 9-1 og forskrift om administrative ordninger på Arbeidstilsynets område § 14-1, skal det betales gebyr til Arbeidstilsynet ved behandling av søknad etter arbeidsmiljøloven § 18-9 første ledd. Gebyrsatsene avhenger av tiltakets type og byggets størrelse. For nærmere informasjon om gebyrordningen, se [www.arbeidstilsynet.no/gebyr](http://www.arbeidstilsynet.no/gebyr).

Ut fra opplysninger i søknaden har vi plassert tiltaket i kategori 2a og fastsatt beløpet til kr 2110,-.

Faktura vil bli sendt i egen forsendelse til deg som tiltakshaver. Hvis gebyret ikke betales innen betalingsfristen, vil kravet bli tvangsinnrevet med tillegg av omkostningsgebyrer.

### **Dere kan klage**

Dere kan klage på vedtak og gebyr fra Arbeidstilsynet etter reglene i forvaltningsloven § 28. Fristen for å klage er tre uker fra dere mottar dette brevet. For nærmere informasjon om klageinstans, fremgangsmåte ved klage og retten til å se sakens dokumenter, se [www.arbeidstilsynet.no/klage](http://www.arbeidstilsynet.no/klage).

### **Behov for mer informasjon?**

Dere finner mer informasjon om Arbeidstilsynet og krav til arbeidsmiljøet på [www.arbeidstilsynet.no](http://www.arbeidstilsynet.no) eller [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no), eller dere kan kontakte oss på telefon 73 19 97 00.

Vi ber om at det henvises til vår referanse 2016/47627 ved senere kontakt/korrespondanse i denne saken.

Med hilsen  
Arbeidstilsynet Midt-Norge

Jan Erik Rinnan  
tilsynsleder  
(sign.)

Odd Småge  
seniorinspektør  
(sign.)


*Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.*

Kopi til:  
Herøy kommune

Postboks 274 6090 FOSNAVÅG

# SKREDFAREVURDERING FRÅ NVE

grunn av solifluksjon gradvis har beveget seg fra foten av Moltuhanen og mot nordvest. Det er ikke sannsynlig at blokkene har nådd hit som følge av enkelthendelser. En del av blokkene er potensielt moreneblokker.



Figur 8.2.2 Faresoner Moltustranda, årlig nominell sannsynlighet lik eller større enn 1/100 (brun), 1/1000 (rød), 1/5000 (gul).

## 9. Område Sandvika

### 9.1 Områdebeskrivelse

Sandvika ligger sør for Herøyfjorden på nordsida av Gurskøya. Kartleggingsområdet er området rundt Sandvika (figur 9.1.1 og 9.1.2). All bebyggelse i Sandvika ligger lavere enn 50 moh. Fjellområda sør og øst for Sandvika går opp til 120 – 150 moh., med Skåla som høyeste punkt på 183 moh. Vest for Sandvika er det høgre med fjell som går opp til 250 – 350 moh.

I fjellsida rundt Sandvika er det øverst oppe bart fjell med et tynt torvlag ned til ca. 100 moh. der det går over i løsmasser bestående stort sett av skredjord/ur med innslag av morene. Under marin grense som er på ca. 25 moh. er det hovedsakelig strandavsetninger. Rett sør for Sandvika ligg Sandvikskaret ca. 100 moh.

Ut fra helningskartet er det teoretiske løsneområder for snøskred i fjellsidene rundt Sandvika. Det er ikke registrert spor etter snøskred i området, men ifølge samtale med folk som bor i området gjekk det et snøskred som tok et uthus for ca. 100 år siden ved 1 i figur 9.1.2 under (vedlegg 4).

Langs det meste av fjellsida er det små skrenter som kan være kildeområde for steinsprang. Ved 2 på figur 9.1.2 under gjekk det for få år siden et større steinsprang (vedlegg 4).



Figur 9.1.1 Østlige del av kartleggingsområdet Sandvika.



Figur 9.1.2 Vestlige del av kartleggingsområdet Sandvika. Ved 1 på bildet ble et uthus tatt av snøskred for ca. hundre år siden. Ved 2 gikk et steinsprang i 2014.

## 9.2 Skredfarevurdering

Fjellsida rundt hele Sandvika er bratt med mange små fjellskrenter der det kan være løснеområde for steinsprang (vedlegg 4). Det er observert steinsprangblokker ned mot det som er dyrka og bebygd i hele området. Om det er fjerna blokker ved dyrking eller byggevirkosomhet er for vår del uvisst. Ingen bebyggelse ligger innenfor faresonen 1/100. Når




det gjelder grensen for faresonen 1/1000 går den helt inn til ett hus i den vestligste delen, og ett hus ligger innenfor i den østligste delen av kartleggingsområdet.

Det er liten fare for jordskred i området på grunn av at det stort sett er grunt jorddekke og bart fjell i aktuelt løsneområde. Jordskred påvirker ikke faresonene i dette området.

Selv om terrenget stedvis ligger til rette for snøskred rundt hele Sandvika er ikke snøskred et særlig problem i området på grunn av at her sjelden er store snøfall. Ut fra meteorologiske statistikker kan det en sjelden gang legge store snømengder heilt ute på kysten. Siden det har gått snøskred med mulig løsneområdet i kløfta vest for Sandvikshornet og dette området ligger mer til rette i forhold til lesideakkumulasjon (vedlegg 2) har vi valgt å la snøskred dimensjonere faresonene 1/1000 og 1/5000 i dette området (figur 9.2.1 og vedlegg 6).

For boligen innenfor faresonene 1/1000 i den østlige delen av kartleggingsområdet er det helt eller delvis avløste blokker i fjellsiden over som kan være et problem.



**Figur 9.2.1** Faresoner Sandvika, årlig nominell sannsynlighet lik eller større enn 1/100 (brun), 1/1000 (rød), 1/5000 (gul).

## 10. Kilder

- NGU 2015: Løsmassekart og berggrunnskart på nett og wms. [www.ngu.no](http://www.ngu.no)
- Skredhendelsesdatabase <http://www.skrednett.no>

Sjekklista er gjennomgått 28.11.2016 Sign.: Aleksander Zahl Tarberg

## Vind, havnivå og bølgepåverknader

Vindrose, frekvensfordeling av vind  
 Vindretning deles i sektorer på 30°  
 Frekvensfordeling av vindhastighet i prosent %

Vindhastighet ( m/s )

- >10.2
- 15.3-20.2
- 10.3-15.2
- 5.3-10.2
- 0.3-5.2

Skala (%)



600000 VICRA



År: 1958 - 2014  
 jan, feb, mar, apr, nov, des  
 Tidspunkt: 0, 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 11, 12, 13, 14, 15, 16, 17, 18, 19, 20, 21, 22, 23 (NMT)

Figur 2.9. Vindrose for månedene november – april på Vicra (1958 – 2014).

### Lokal vurdering av vindforhold:

For Herøy generelt er den dominerende vindretningen i perioden november – april er presentert i figur 2.9. Figuren viser en dominans av vinder fra kvadranten sørvest til øst og differensierer ikke mellom vind i forbindelse med nedbør og vind ved oppholdsvær. De sterkeste vindene kommer klart fra sørvest. Lokal kunnskap indikerer at det er vind fra sørvest til nordvest som medfører de største mengdene med nedbør de aktuelle områdene assosieres med, mens de østlige vindene dominerer i godværsperioder.

Sandvika er lokalisert plassert i eit område som er skjerma frå vindretningar frå vest/nordvest av Rysseneset i vest og Nautøya/Jensholmen i nord. Holmane Klombraholmen og Vedøya er med på å skjerme området for både vind og bølgefjorhold. Holmar og nes bidre til at bølger, sjø og vind blir fragmentert før den når området til Sputnik AS. Området er soleis lokalisert «innanskjærs» og er ikkje særskilt utsett for vind eller bølgefjorhold.

**Basert på ovannemde vurderer vi det slik at området har tilstrekkeleg tryggleik i høve lokale vindforhold.**

#### **Lokal vurdering i høve havnivå og bølgepåverknader:**

Området ligg skjerma mot bølgepåverknad frå vest som følgje av etablerte landformasjonar i form av Rysseneset, Klombraholmen, Vedøya og Nautøya/Jensholmen i nord. Skjær og holmar vest og nord for området gir bølger ein naturleg deformasjon og mindre kraft mot området og skaper ein situasjon som gjer at området ligg «innanskjærs» og ikkje vil vere direkte utsett for bølger frå storhavet/ope hav.

Rapportane «Havnivåstigning – Estimer av framtidig havstigning i norske kystkommuner (2009)» og «Håndtering av HAVNIVÅSTIGNING i kommunal planlegging - rapport utarbeidd for DSB er søkt lagt til grunn for løysingane som er valt ved prosjektering av plassering av bygget. Det i planleggingsarbeidet teke omsyn til lokale vind og bølgefjorhold som vist til over.

I rapporten «Havnivåstigning – Estimer av framtidig havstigning i norske kystkommunar(2009)» så er cote + 2,6 kritisk nivå for 200-års stormflo år 20100 relativt til år 2000. Aktuelt tiltak ligg plassert i høve dette nivået for 200 års høgda i høve stormflo inkl. omsyn til landheving og havstigning. Dei aktuelle byggeareala som er planlagt for tiltaket vil vere etablert på steinfylling, med plastring/skråfylling som avslutning mot sjø. Høgaste vannstandsniå med 200 års gjentaksintervall for området er sett til 184 cm over Normalnull 1954.

#### **Bølgefjefare**

Basert på referanseprosjekt i nærleiken og tidlegare saker rundt område ved Tarberg er det peika på at det må visast merksemd på faren for stryping av bølger. Det er vanskeleg å gje nøyaktige estimat av bølgehøgden i området. Erfaringsmessig vil vind med 200 års returverdi ha vindhastighet inntil ca 35 m/s. Basert på dei lokale topografiske forholda i området vil ikkje bølgevaren ligg på meir enn erfaringsvis ei bølgehøgde på 1 meter. 1-1.2 m. Sett i høve at området ligg skjerma mot vestleg vindretning, så vil vurdere vi det slik at bølger som måtte oppstå i området ikkje vil utgjere bølgepåslag som vil resultere i at ein bør heve kotenivået for ferdig støypt gulv på ny bygning til over kote + 2.6. Den prosjekterte byggehøgde vurderer vi difor som tilfredstillande tryggleik i høve lokale vind og bølgepåverknader.



Aleksander Tarberg,

06.01.2017.



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	EFLÅ	Arkivsaknr:	2016/105
		Arkiv:	35/554

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
10/17	Maritim og teknisk komite	13.02.2017

### **HULDAL BARNEHAGE SA - 34/554 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ REGULERT BYGGELINJE OG LØYVE TIL TILTAK.**

#### **Tilråding:**

##### **1. Dispensasjon**

Maritim og teknisk komite vedtek at det med heimel i PBL §19-2 vert gitt dispensasjon frå § 3-1 i reguleringsføresegnene til RP Huldal aust, planid 201284. Huldal Barnehage SA får dispensasjon til å plassere to mindre bygg nærmare 34/165 enn regulert byggelinje tillet – bygga kan plasserast 1 m frå eigedomsgrensa mot 34/165.

Dispensasjonen vert grunngjeven med at bygga sin plassering vil skape ein naturleg buffer mellom uteområdet i barnehagen og den framtidige boligutviklinga på nabotomta samtidig som slik plassering også gir eit betre oversiktleg ute/leikeområde inne på barnehagen sitt område.

##### **2. Løyve til tiltak**

Med heimel i pbl § 21-4 av 27.juni 2008 nr 71, med tilhøyrande forskrifter og vedtekter godkjenner MTK søknaden om løyve til tiltak etter pbl § 20-1 datert 12.12.2016.

MTK gjev løyve til oppføring av to mindre bygg, gapahuk og redskapsskur, under 50m2 plassert 1 m frå nabogrensa mot 34/165, jf situasjonskart datert 08.11.2016.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3-tre – veker frå den dag melding om vedtak har kome fram til den som har klagerett, jfr Plan-og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29*

Særutskrift:

Bygg og System as, pb 183, 6099 Fosnavåg  
Tømrer Service as, Røysbakken 5, 6100 Volda  
Huldal Barnehage SA, Nedre Huldalsveg , 6090 Fosnavåg

## **Vedlegg:**

- 01 - Søknad 12.12.2016
- 02 - Situasjonsplan, teikningar og kart
- 03 - Merknad frå Tømrer Prosjekt as, 17.10.2016
- 04 - Svar på merknadane frå Huldal Barnehage

## **Saksopplysningar:**

Bygg og System as søker på vegne av Huldal Barnehage SA om oppføring av ein gapahuk og eit redskapsskur på eigedommen 34/554. Tiltakshavar ønsker å plassere desse to bygga 1 m frå tomtegrensa mot 34/165. Dette betyr at bygga bryt med regulert byggegrense i gjeldande reguleringsplan for området, Huldal aust, planid 201284.

I den samanheng vert det no søkt om dispensasjon frå den regulerte byggelinje og frå § 3.1 i føresegna til planen. Tiltaket er nabovarsla og det er innkome merknad til saken.

Det er sendt nabovarsel til Tømrer Prosjekt as i saka. Dei har signert og samtykka til tiltaket , men kome med merknad, datert 17.10.2016. Tiltakshavar har etter dette forsøkt å få til ei fråsegn frå dei for den no omsøkte plassering av bygga, nærmare enn regulert byggelinje – slik fråsegn er ikkje gitt frå Tømrer Prosjekt as - dei viser då til merknaden dei allereie har kome med i saka.

## **Merknad frå Tømrer Prosjekt as av 17.10.2016:**

Skriv i sin merknad at dei ikkje har noko imot tiltaket men er usikre på korleis tiltaket er tenkt utført og kjem difor med nokre forutsetningar:

Forutsetningane er samla i 7 punkt og ligg ved denne sak som vedlegg nr 03 datert 17.10.2016.

## **Ansvarleg søker sin kommentar til merknadane:**

1. Dette punktet blir overholdt, og bygga blir 1 meter i frå nabogrensa.
Det er søkt om å dele teigen i to store tomter. Søre Sunnmøre landbrukskontor meiner at det ikkje er nødvendig for fritidseigedomar. Fylkesmannen har i uttale si også påpeike til den privatiserande effekten. Ein meiner at avgrensing av tomter med ei 20m avstand frå sjøen og lik arrondering med naboeigedomen minimiserer privatisering av strandsone og at område fortsatt kan vere attraktivt som friluftsområde. Dei nye tomtene skal være ca 2.8 da og 2.9 da.


Fosnavåg, 26.01.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Agita Freimane

W

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2014/1542	Saksbet. AF
17 NOV. 2014	
Ark.kode P	9/2
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 1
Kassasjon	

Herøy kommune,  
6090 Fosnavåg

### Søknad om frådelling av tomter til bygging av fritidsbustader på gnr. 9 bnr. 2, Langeneset på Runde

Vi viser til vedlagt fullmakt, og søker med dette om løyve til frådelling av tomter til bygging av to fritidsbustader på gnr. 9 bnr 2, Langeneset på Runde.

Det blir lagt til grunn at fritidsbustadane vert utforma, førte opp og plasserte slik i terrenget at dei glir godt inn i omgivnadane. Eksempelvis vil dei bli plasserte mot nord slik at dei vert skjerma av bergknausar, og såleis lite synlege sett frå hovudvegen.

Vi viser til dette, og vonar på og ser fram til eit positivt svar.

Goksøy, .....<sup>17.11.14</sup>

  
Alf Kåre Goksøy

Porsgrunn, .....<sup>18.11.14</sup>

  
Bjørn Magne Goksøy

Vedlegg: Fullmakt frå grunneigar

## Fullmakt


Denne fullmakta gjeld høve til å søkje om løyve til frådelling av tomter og bygging av fritidsbustader på gnr. 9 bnr. 2, Langeneset på Runde.


Eg, Paul Karsten Jakobsen (Vikagata 19, 6010 Ålesund) - eigar av gnr. 9 bnr. 2, Langeneset på Runde, gjev med dette fullmakt til Bjørn Magne Goksøyr (Bienersvei 2, 3922 Porsgrunn) og Alf Kåre Goksøyr (Goksøyrvegen 71, 6096 Runde) til å fremje slik søknad.

Spjelkavik, .....<sup>6/11-14</sup>

*Paul K. Jakobsen*


Paul Karsten Jakobsen



 **HERØY KOMMUNE**

09.10.2013 1:2500

Det kan forekomme feil i kartet






① 14/1842 JMM.

**Myklegard Consult**

Myklegard Consult AS  
Postboks 64  
6099 FOSNAVÅG

Tlf: 48 03 37 47  
E-post: post@myklegard.com  
Org. nr: 911 718 782

Herøy kommune  
Utviklingsavdelinga  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2014/1842	Saksbeh. JMM
25 SEPT. 2015	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

Vedlegg B2

Fosnavåg 10.02.15

## GNR. 9 BNR. 2 - SØKNAD OM DISP. FRÅ KOMMUNEPLANEN

I forbindelse med søknad om frådelling av to tomter på parsell av gnr. 9 bnr. 2, søkes det om dispensasjon frå kommuneplanen. Søknaden om disp. gjeld løyve til å bygge fritidsboliger utanfor område som er regulert for fritidsbebyggelse.

### Bakgrunn

Så vidt vi kan bedømme, treng ein ikkje søke om disp. i forbindelse med frådelling av tomt, men det har stor betydning at tiltakshaver, etter frådelinga, kan benytte tomten til oppføring av fritidsboliger, jmf. situasjonskartet.

Iflg. kommuneplanen, ligg deler av tomtene på område som er regulert for fritidsbebyggelse. Resten av område, ligg på LNF område, som i tillegg består av område som er merka med ras- og skredfare.

### Grunngjeving


Ein del av området det søkes frådelling for, ligg på område regulert for fritidsbebyggelse. Resten av området er LNF.

For ein del år sidan, var underteiknande prosjektansvarlig for ein fritidsbolig som ligg i same område som det no søkes dispensasjon for. Denne fritidsboligen ligg rett over vegen (mot sør) i forhold til omsøkt område. Då denne hytta ligg nermare fjellet, synes det som om denne hytta er meir eksponert for ras- og skredfare enn vårt omsøkte område.

Sidan noko av området merka som ras- og skredfarlig, ligg under godkjent område for fritidsbebyggelse, bør skredfaren bli lavare når ein beveger seg nord-vestover på kartet.



For å kunne nytte det omsøkte området på ein god måte, dvs. å dele parsellen opp i to store tomter, og sidan ein er veldig nært regulert område for fritidsbebyggelse, samt begrunnelsen ovanfor, ber vi om at søknad om frådelling av to tomter blir godkjent. Vi ber naturlegvis om at frådelinga blir godkjent med tanke på løyve til å føre opp fritidsboliger, jmf. medsendt situasjonskart.

Med beste helsing




Geir Egil Myklebust  
Ansvarlig søker

2014/1842



1:1000

16.09.2015



© Kartverket  
Kartopplysninger som kreves ved omsetning av eiendomar, skal bestilles skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.

---

**Fra:** johanne.ranvik@mrfylke.no [mailto:johanne.ranvik@mrfylke.no]

**Sendt:** 11. november 2015 14:33

**Til:** postmottak

**Emne:** Herøy kommune - frådelling av fritidstomter gbnr 9/2 - dispensasjon fra kommuneplan

Fylkeskommunen sin heimel til å krevje arkeologisk undersøking i dispensasjonssaker er knytt til byggesøknaden og ikkje til frådelling. Vår merknad må sjåast i lys av dette. Tiltakshavar kan likevel be om avklaring før frådelling. Konkrete planar for tomta bør følge med førespurnaden. Alternativt må ein i dispensasjonsvedtaket stille krav om at seinare byggesøknad vert oversendt fylkeskommunen for avklaring. Vi gjer merksam på at eventuelle funn kan få verknad for korleis tomta kan nyttast, og at det av den grunn vil vere tenleg med tidleg avklaring.

Runde-Nerlandsøy er eit utvalt område med bevaringsverdig kulturlandskap i Møre og Romsdal. Ut frå det meiner vi tiltak her må vise særleg omsyn til dette. Hyttene ser ut til å vere tenkt innpassa og lagt inn i landskapet, og øydelegg ikkje gamle strukturar i kulturlandskap. Det er viktige er at veg og parkering, og inngrep i annleggs-samanheng ikkje vert skjemmande. Utsikta i det ein kjem rundt svingen og ser mot Goksøyra er ei oppleving for folk som kjem til Runde, og nye inngrep på utsida av vegen kan fort virke forstyrrende.

Kulturavdelinga er ikkje kjent med at det er registrert automatisk freda kulturminner i det aktuelle området og har såleis ingen spesielle merknader knytt til framtidig bygging på her omsøkt frådelling. Me ber likevel om at ein er varsam under opparbeiding av området, og gjer merksam på at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylket for avklaring jf. Kulturminnelova § 8 andre ledd.

Ut over dette har ikkje Møre og Romsdal fylkeskommune merknad til saka.

Toril Moltubakk  
Arkitekt/ rådgiver Kulturvernseksjonen  
Møre og Romsdal fylkeskommune

Johanne Ranvik  
Arkeolog/Rådgivar Arkeologi  
Kulturvernseksjonen

Fylkeshuset 6404 Molde  
[post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no)

[www.mrfylke.no](http://www.mrfylke.no)

Tlf 71 25 89 28  
[Toril.Moltubakk@mrfylke.no](mailto:Toril.Moltubakk@mrfylke.no)





## Statens vegvesen

Herøy kommune i Møre og Romsdal  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

Behandlande eining:  
Region midt

Sakshandsamar/telefon:  
Hallvard Sæverud / 93260501

Vår referanse:  
15/232928-2


Dykkar referanse:  
2014/1842

Vår dato:  
20.11.2015

### Fv 18 – Herøy kommune – Gnr 9 bnr 2 – Deling av grunneigedom – Dispensasjon frå kommuneplanen– Uttale

Viser til brev av 9.11.2015 frå Herøy kommune.

Saka gjeld gjeld dispensasjon frå kommuneplan sin arealdel med sikte på bruk av LNF-areal til område for fritidsbustader, areal under gnr 9 bnr 2 i Herøy kommune.



Vi har ikkje innvendigar til at deler av aktuelle LNF-arealet vert brukt til utbyggingsområde for fritidsbustader i tråd med opplysningane i brevet frå kommunen, men vi har innvendingar til planlagde/skisserte vegløyser frå fylkesvegen.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region midt  
Postboks 2525  
6404 MOLDE

Telefon: 02030  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Vestre Olsvikveg 13  
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø



Vegvesenet har tidlegare uttalt, i samband med rulleringa av kommuneplanen, at tilkomst til området FB5 må knytast til eksisterande avkøyrsløse frå fylkesvegen. Nemnde avkøyrsløse- løysing framheva vi også i brev av 24. 4. d.å. til Myklegard Consulet AS, med kopi av dokumentet sendt kommunen.

Når det gjeld avkøyrsløse frå offentleg veg i samband med m.a. oppretting av eigedom viser vi, for ordens skuld, til § 27-4 i plan- og bygningslova.

Med helsing  
Plan- og trafikkseksjonen

Lisbeth Smørholm  
seksjonssjef

Hallvard Sæverud

Kopi  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE  
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*



## NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Søre Sunnmøre landbrukskontor

Saksnr  
2014/1842

Arkivkode  
9/2

Dato  
08.12.2015

---

### LANDBRUKSFAGLEG UTTALE - DELING AV GRUNNEIGEDOM 9/2

#### Samandrag av saka:

Uttalen gjeld søknad om frådelling av areal til to fritidsbustadar. Det ligg føre eit kart til søknaden som syner at teigen nord for vegen til Goksøyra skal delast i to. Kva areal tomten får går ikkje fram av søknaden. Per telefon den 08.12.15 stadfestar Geir Egil Myklebust i Myklegard Consult at det er rett forståing av søknaden. Arealet utgjør om lag 9,4 dekar skrin og jorddekt fastmark. Arealet er dels regulert til fritidsføremål, resten ligg i LNF området. Søknaden vil vere ein dispensasjon frå kommuneplanen og det må fattast vedtak om deling etter jordlova §12. Deling av arealet vil føre til at kvar hyttetomt vert på snautt 5 dekar kvar.

#### Saksopplysningar:

Etter opplysningar frå [www.skogoglandskap.no](http://www.skogoglandskap.no) har eigedomen følgjande areal: Samla areal på innmark er 20,4 dekar der 17,7 dekar er fulldyrka jord, 2,5 dekar er overflatedyrka jord og 0,2 dekar er innmarksbeite. Anna areal utgjør 33,8 dekar. Totalt areal på eigedomen er 54,2 dekar.

#### Utdrag av § 12 i jordlova – deling.

*Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.*

#### Vurdering og konklusjon:

Jordbruksareala på eigedomen vert leig vekk til ein annan gardbrukar på Runde. Arealet som er søkt frådelt er marginalt i forhold til dei totale arealressursane på bruket. Vi er likevel kritisk til å gje løyve til frådelling av to hyttetomter på snautt 5 dekar kvar. Ut frå omsynet til forvaltning av dei totale arealressursane på eigedomen

vil vi rå til at søkjaren vert kontakta for å avgrense arealet på hyttetomtene. Ut frå fakta i søknaden, om å dele arealet på gnr 9 bnr 2 nord for vegen til Goksøyra i to hyttetomter, vil vi rå frå og gje løyve til frådelling, jmf. Jordlova § 12.


Med helsing

Anne Kathrine Løberg

Vedlegg: Gardskart for del av 9/2 med skisse for hytter og ny eigedomsgrense



Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr.	Saksbeh.
14 DES. 2015	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

## Herøy kommune

### Dispensasjon frå kommuneplan om frådelling av fritidstomter gnr9 bnr2 - Alf Goksøyr

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

#### Generelt

Det blir søkt om å dele frå to fritidsbustadtomter på gnr9 bnr2 på Runde i Herøy. Av søknaden går det ikkje fram kor stor tomtene er meint å vere, men det ligg ved teikningar av hyttene på kvar 84 m<sup>2</sup>.

I kommuneplanen er arealet nærast Langenesetvegen satt av til *fritidsbustader* (FB5), medan området nærast sjøen har føremål *landbruks-, natur- og friluftsiinteresser* (LNF). Dei to omsøkte hyttene vil ligge i LNF-området og lokaliserast omlag 20-30 m frå sjøen, målt i kartet.

#### Natur- og miljøverninteresser

Av [www.gislink.no](http://www.gislink.no) går det fram at området der hyttene er søkt plassert inngår i yngle- og beiteområde for vade-, måke- og alkefuglar og teist. Vår vurdering er at desse naturverdiane ikkje kjem i konflikt med ei eventuell hyttebygging i området.

Omsøkt areal inngår i det heilskaplege kulturlandskapsområdet som omfattar nesten heile Runde og Nerlandsøya.

Det aktuelle arealet ligg i tillegg i eit *nasjonalt viktig* friluftsområde jamfør Miljøverndata for Goksøyrvika - Langenes. Området er skildra som eit snautt nes med myrlendt gras- og lyngmark ut mot havet med knausar og svaberg. Det er fine fiskeplassar langs berga og stranda er nytta som turområde. Av flyfoto kan det sjå ut som om det går tråkk frå veggen og ned mot sjøen fleire stader. Det er eit svært stort tal turistar som kjem til Runde kvart år, og verdien av området må sjåast saman med sjøfuglfjellet og turistinteressene på øya.

Dei omsøkte fritidsbustadane er i søknaden lokalisert nær sjøen. Den privatiserande effekten fritidsbustadane kan få på det sjønære arealet kan gjere denne delen av neset mindre attraktivt som friluftsområde for ålmenta i framtida.



Vedlagte teikningar til søknaden viser at fritidsbustadane blir plassert på ei høgde i terrenget. Slik plassering kan føre til at hyttene blir liggjande i silhuett mot himmelen i eit elles karrig landskap der naturelementa bør få fokus.

Som kommunen skriv er det viktig at fritidsbustadene blir tilpassa landskapet og topografien i området. For å ha så god innsikt i saka som mogleg vil vi ta ein tur til Langeneset straks det let seg gjere.

### **Konklusjon**

Av omsyn til uheldige landskapsverknader og den privatiserande effekten fritidsbustadane kan få i eit nasjonalt viktig friluftsområde vil Fylkesmannen vurdere å klage på eit positivt vedtak i dispensasjonssaka.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef - plansamordning

Kristin Eide  
senioringeniør


*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

### **Kopi:**

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Statens vegvesen, Region midt, pb. 2525, 6404 Molde



Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

 HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Reg nr.	Saksbeh.
11 MARS 2016	
Ark kode P	
Ark kode S	
J.nr.	Duk nr.
Kassasjon	

## Herøy kommune Tilbakemelding etter synfaring på Langeneset på Runde, gnr9 bnr2

I si fråsegn til høyring av dispensasjonssøknad for frådelling av fritidstomter gnr9 bnr2 på Langeneset på Runde, skreiv Fylkesmannen at det ville bli gjennomført synfaring når det let seg gjere. Fylkesmannen gjennomførte synfaring av området 3. mars d.å.

Dei to tomtene ligg i LNF-område, rett vest for område FB5 som i gjeldande kommuneplan er sett av til fritidsbustader. Den austlegaste tomte er lagt i eit søkk, og er såleis i utgangspunktet godt tilpassa terrenget. Denne ligg også heilt inntil FB5. Den vestlegaste tomte ligg høgare, og vil ikkje på same måten gli inn i terrenget. Etter Fylkesmannen sitt syn, burde denne hytta heller trekkjast lenger sør og plasserast i søkket som går her. Vegen som er skissert, vil etter vårt syn utgjere eit stort inngrep som ikkje svarer til behovet, med omsyn til at avstanden frå vegen til hyttene vil vere kort. Vegen bør difor ikkje etablerast som omsøkt, men at det heller blir vurdert å plassere ein felles parkeringsplass nær fylkesvegen. Løyve for avkøyrslø må avklarast med vegvesenet.

Val av høgde, utforming, farge og takdekke er også særskild viktig for at hyttene ikkje skal bli ruvende framandelement i landskapet, men gli inn i eit terreng der naturelementa bør ha fokus.

Eit vedtak i samsvar med desse råda vil ikkje bli påklaga av Fylkesmannen.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef - plansamordning


Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

### Kopi:

Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*


Ⓟ 2mm (alf Gjesøyr)

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
eg.nr.	Saksbeh.
APR. 2016	
kode P	
kode S	
Dok.nr.	31.01.2015
Kategori	



# Søknad om tomtedeling, gnr. 9 bnr. 2016

1:1000



Kartopplysninger som vert kravd ved omsetting av eigedomar, skal tingast skriftleg hjå kommunen. Elles er ikkje kommunen ansvarlig. Situasjonsskart som skal nyttast i søknadar SKAL ha påteikna rutenett og vere i målestokk 1:1000 eller 1:500.





## Statens vegvesen

Herøy kommune i Møre og Romsdal  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

Behandlande eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:  
Region midt Hallvard Sæverud / 93260501 15/232928-6 2014/1842 06.06.2016

### Fv 18 – Herøy kommune – Gnr. 9 bnr. 2 – Oppretting av ny eigedom – Avkøyrsløysing – Uttale

Viser til brev av 28.4.2016 frå Herøy kommune. (Brev motteke 2.6.16 av Vegvesenet.)

Saka gjeld spørsmål om etablering av ny avkøyrsløysing frå fylkesveg 18 i samband med oppretting av fritidseigedomar under gnr. 9 bnr. 2 i Herøy kommune. Etter det vi forstår er dei aktuelle eigedomane det vert teke sikte på å opprette i all hovudsak lokaliserte innanfor området FB5 i kommuneplanen sin arealdel.

Som kjent ha avkøyrsløysinga til det aktuelle området vore tema i fleire brev frå Vegvesenet:

1. I samband med rulleringa kommuneplanen sin arealdel for inneverande planperiode uttalte vi i brev av 8.1.2014 til kommunen: *Vi føreset at tilkomst vert knytt til eksisterande avkøyrsløysing.*
2. I brev av 24.4.2015 til Myklegard Consult AS, med kopi av brevet sendt til kommunen.
3. I brev av 20.11.2015 til kommunen i samband med uttale til søknad om dispensasjon frå kommuneplanen.

Etter rammeplanen for handsaming av avkøyrsløysingsaker er vegstrekinga ved aktuelle eigedom omfatta av haldningsklassa *mindre streng*. Generelt inneber det, ifg. retningsline R 701 frå Vegdirektoratet:

- « a) *Antall direkte avkjørsler til vegene må være begrenset.*  
b) *Nye boligavkjørsler bør begrenses. Valg av avkjørselsted må vurderes med tanke på framtidig utviklingsmulighet.*  
c) *Tillatelse til utvidet bruk av boligavkjørsel til boligformål bør normalt gis.»*

./.

---

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegane, avgjør hvilke prosjekter som skal gjennomføres hvert år og gir politiske føringer for utvikling av fylkesvegane. Det er Statens vegvesen som normalt planlegger, bygger, drifter og vedlikeholder fylkesvegane på vegne av fylkeskommunen.

---

Postadresse	Telefon: 02030	Kontoradresse	Fakturaadresse
Statens vegvesen		Vestre Olsvikveg 13	Statens vegvesen
Region midt	firmapost-midt@vegvesen.no	6019 ÅLESUND	Landsdekkende regnskap
Postboks 2525			
6404 MOLDE	Org.nr: 971032081		9815 Vadsø

Slik vi vurderer tilhøva aktuelle eigedom er omfatta av ligg det terrengmessig godt til rette for å etablere tilkomsløysing med felles avkøyrsløysing, saman med naboeigedomar, frå fylkesvegen. All erfaring tilseier at risikoen for ulykker på ei vegstrekning aukar med talet på avkøyrsløysing. Og til fleire avkøyrsløysing det er på ei strekning, til større ulempe og hinder er det for trafikken på veggen.

Når det gjeld løysinga med å knyte seg til eksisterande avkøyrsløysing, i tråd med det vi har uttalt tidlegare, skriv kommunen i brevet av 28.4.2106 frå slik: *«På grunn av strid mellom grunneigarar, let ikkje dette seg gjere»*. I høve til nemnde grunngjeving finn vi det relevant å vise til ei sak som for kort tid tilbake vart handsama i Fylkeskommunen si klagenemnd (sak 10/86). Saka gjaldt avslag frå Vegvesenet på søknad frå privat person om etablering av ny avkøyrsløysing på grunn av usemje/tvistar mellom private partar. I saksutgreiinga frå fylkesrådmannen står det m.a. slik: *«Møre og Romsdal fylkeskommune, som vegeigar, legg heller ikkje opp til å etablere fleire avkøyrsløysing, og der gjennom auke risikoen for ulykke langs vegane, for å avhjelpe privat usemje/tvistar»*. Klagenemnda tok ikkje klaga til følgje.

Etter Vegvesenet si vurdering er det i brevet frå Herøy kommune ikkje opplysningar og moment av ein karakter som tilseier at det er grunnlag for etablering av ny direkte avkøyrsløysing frå fylkesvegen til byggeområdet FB5, uavhengig av naboeigedomar.

#### **Konklusjon:**

**Tilkoms til eigedomar innanfor byggeområdet FB5 i kommuneplan til Herøy kommune må knytast til eksisterande avkøyrsløysing frå fylkesveg 18. Eventuelt kan ein vurdere etablering av ei felles avkøyrsløysing med naboeigedomar dersom eksisterande avkøyrsløysing vert sanert/fjerna.**

Med helsing  
Plan- og trafikkseksjonen


Lisbeth Smørholm  
seksjonssjef

Hallvard Sæverud

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

nye tomtegrenser

20m



30.01.2017  
Målestokk 1:1000



Rådmannen

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2016/45
		Arkiv:	210

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Eldrerådet	13.02.2017
3/17	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	06.02.2017
	Komite for helse og omsorg	
4/17	Komite for næring, kultur og idrett	06.02.2017
	Komite for oppvekst	15.02.2017
15/17	Maritim og teknisk komite	13.02.2017
	Formannskapet	28.02.2017
	Kommunestyret	09.03.2017

### TERTIALRAPPORTERING PER 31.12. 2016

#### Møtebehandling:

**Tilråding/Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 06.02.2017**

#### Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 06.02.2017**

Saka vert tatt til vitande.

#### Tilråding:



Saka vert tatt til vitande.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Kontrollutvalet

**Vedlegg:**

- Tertialrapport frå rådmannens leiargruppe

**Saksopplysningar:**

Saka gjeld tertialrapport pr. 31.12.2016.

**Bakgrunn**

I K-sak 53/02 vart det vedteke reglement for rapportering av løpande drift og prosjekt. Etter dette skal det rapporterast kvart tertial på sjukefråvær, teneste, vedtak og prosjekt.

**Sjukefråvær**

Kommunestyret har i K-sak 17/03 vedteke:

*"Herøy kommune teiknar samarbeidsavtale med trygdeetaten for eit meir inkluderande arbeidsliv. Samarbeidsavtalen skal gjelde frå 1 april 2003."*

Eit av føremåla med samarbeidsavtalen er å få ned sjukefråværet. For å følgje med utviklinga i sjukefråværet skal det rapporterast for dette kvart tertial.

IA- avtalen vart resignert. Partane er NAV Arbeidslivssenter, arbeidstakarorganisasjonane ved Fagforbundet lokalt og arbeidsgjevar ved rådmannen.

**Vedtaksrapportering**

Vedtaksrapportering omfattar oppfølging av vedtak fatta i politiske organ. På denne måten skal formannskapet og kommunestyret kvart tertial få ei oppdatering på kor langt ein har kome i oppfølginga.

**Tenesterapportering**

Denne rapportering omfattar avvik i kommunen si oppfølging av innbyggjarane sine rettar etter lovverk, lokale vedtekter, retningsliner og vedtak. Avviket kan vere registrert i form av avviksrapportar frå medarbeidarar, rapport frå tilsynsorgan, revisjonsrapportar eller som klage frå innbyggjarane.

**Prosjektrapportering**

Det er utarbeidd prosedyrar for planlegging og gjennomføring av anlegg og byggeprosjekt frå eit prosjekt vert planlagt, finansiert, lagt ut på tilbod/innhenta tilbod, gjennomført og til det er avslutta (inklusive sluttretkeskap). Status for dei ulike prosjekta skal rapporterast.

**Vurdering og konklusjon:**

Det er viktig at rådmannen får tilbakemelding. Det gjeld både struktur og innhald. Rådmannen vi då prøve å tilpasse seinare rapportar i forhold til tilbakemeldingane

Fosnavåg, 26.01.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

**3/2016**

## **Servicetorget Tertialrapportering**

Servicetorgleiar /Wenche Moltu

### **1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL**

Person slutta i Servicetorget 01.10.2016. Ny person starta 01.12.2016.

Frå 01.09.2016 var ein tilbake til normal opningstid ved servicetorget.

### **2. VEDTAKSRAPPORT**

Ny beredskapsplan er ferdig og handsama politisk i desember 2016

Alle sal- og skjenkestadane som har søkt og levert naudsynt dokumentasjon har fått handsama søknadane.

### **3. TENESTERAPPORTERING**

Det har ikkje vore meldt avvik meldt gjeldande ST i denne perioden. Det har ikkje vore klager på tenestene ST yter til publikum. Ein at manglande informasjon/beskjed frå avdelingane er ei utfordring i levering av tenester og god service.

#### **Utviklingsarbeid**

Opningstid tilbake i normal drift og redusert bemanning i oktober og november var ei utfordring. Tida har for det meste gått til ferdigstilling av planverk, oppdatering av ulike fagsystem og sakshandsaming.

I desember gikk ein over til nytt telefonsystem. Manglande tilrettelegging i kommunen før overgang til nytt telefonsystem og feil hjå leverandør førte til mykje ekstraarbeid i Servicetorget.





**3/2016**

## **Dokumentsenter og politisk sekretariat – Tertialrapportering**

Dagleg leiar Hilde Bringsvor Skinnes

### **1. Viktige hendingar siste tertial**

Hovudoppgradering av ePhorte

Innføring av KS svarut-tenesta

### **2. Vedtak**

Ingenting å rapportere

### **3. Tenesterapportering**

Hovudoppgradering av ePhorte i alle sju-stjernekommunene.

Testing av ny versjon viste få feil, men ved installasjon vart det store utfordringar i alle kommunane. Einnsyn var ute av drift i lengre tid. Dette har ført til forseinkingar både med sakshandsaminga og utsending av politiske saker. Det har også hindra innbyggjarane innsyn i postliste og politiske møter.

KS svarut-tjenesten vart tatt i bruk i alle kommunane etter oppgraderinga. Dette for å møte kravet om digital kommunikasjon med innbyggjarane.



**Fra:** Geir Egil Olsen  
**Sendt:** 11. januar 2017 09:50  
**Til:** Olaus-Jon Kopperstad  
**Kopi:** Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth  
**Emne:** TERTIALRAPPORTERING PER 31.12.2016

## Økonomiavdelinga

### 1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Vi fekk ein ny tilsett i avdelinga som starta opp 1. oktober.

### 2. VEDTAKSRAPPORT

Budsjett 2017, økonomiplan 2017-2020. Vedtak med meir oversendt Fylkesmannen. Driftsbudsjettet er overført til Agresso. Investeringsbudsjettet voner ein å få oversendt i starten av veke 3. Elles ingen restansar her.

### 3. TENESTERAPPORTERING

#### Intern avviksrapportering

Ingenting å rapportere.

#### Pålegg frå offentlege tilsynsorgan

Ingenting å rapportere.

#### Utviklingsarbeid

Det er ikkje sett i verk utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde, men har delteke i den omorganiseringsprosessen kommunen har gjennomført siste året.

#### Anna

Jobba godt i 3 tertial takka vere lite fråvær.

- Fått fleire leverandørar til å levere fakturaer i EHF (elektronisk) format
- Fått fordelt ut ein del arbeids- og ansvarsoppgåver
- Tatt i bruk EVERY sin multikanal for utsending av fakturaer
- Sett ny årsrekord når det gjeld kommunale skattinntekter med i overkant av 260,0 mill kr.

Helsing

**Geir Egil Olsen**

Økonomileiar

Økonomiavdelinga

Tlf. 70081300 Dir. 70081314 Mob. 90166689





# PERSONAL- OG ORGANISASJONSAVDELINGA

Personal- og organisasjonsleiar Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth

## 1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

### a) Lønsforhandlingar

Det vart gjennomført lokal lønsforhandlingar i september etter Hovudtariffavtalen sine kapittel 3 og 5. Det kom ikkje til brot med nokon av arbeidstakarorganisasjonane.

### b) Seminar, kurs, konferanse og opplæring

- i. Personal- og organisasjonsleiar tok del på Forsikringseskulen i regi av KLP i september
- ii. Personal- og organisasjonsleiar tok del på kvalitetskonferanse i Kävlinge kommune, Sverige i regi av KS. Representantar for Herøy kommune, reiste i lag med representantar frå Ulstein kommune og Vanylven kommune
- iii. Personal- og organisasjonsavdelinga tok i september del på den årlege Økonomi- og personalsamlinga i regi av Sjustjerna-samarbeidet
- iv. Personal- og organisasjonsleiar tok del på IA-konferanse i regi av KS m.fl. i oktober
- v. Lønsmedarbeidarar har teke del på ein del relevante kurs og samlingar
- vi. Personal- og organisasjonsleiar tok del på KS advokatane si årlege arbeidsrettskonferanse i november

Sjå også hendingar under kapittel 3. Tenesterapportering og utviklingsarbeid.

## 2. VEDTAKSRAPPORT

Inkje å rapportere.

## 3. TENESTERAPPORTERING

### Intern avviksrapportering

Inkje å rapportere.

### Pålegg frå offentlege tilsynsorgan

Inkje å rapportere.

## Utviklingsarbeid

Følgjande utviklingsoppgåver er sett i verk eller er under arbeid innafør avdelinga sitt ansvarsområde:

a) Bestikken – informasjonshandbok

Personal- og organisasjonsavdelinga har utarbeidd informasjonshandbok og opplæringsverktøy for tilsette i Herøy kommune, sjå ADM-sak 3/16 og sak på intranett.

b) Fagdag

Personal- og organisasjonsavdelinga har gjennomført fagdag i desember der avdelinga jobba med følgjande:

- i. Utarbeidd opplæringsplan nyttilsette og leiarar Basert på Bestikken, sjå sak på intranett
- ii. Utarbeidd HMS-tiltaksplan basert på ROS-analyse

c) Oppstart partsamansett arbeidsgruppe i høve arbeidsgjevar politikk m.m

I oktober var det oppstartsmøte ved Runde Miljøsester. Arbeidsgruppa har i perioden byrja jobben med å revidere heile gjeldande arbeidsgjevarpolitikk, revidert fleksitidsreglement, sjå ADM-sak 4/16, særskilt avtale om arbeidstid og ny rutine om ansvar og organisering i høve nytt tidsregistreringssystem.

d) AKAN

Utarbeiding og godkjenning av rusmiddelpolitikk og AKAN-arbeid i Herøy kommune, sjå AMU-sak 32/16.

e) HMS-handbok

Utarbeiding og godkjenning av HMS-handbok for Herøy kommune, sjå AMU-sak 30/16.

f) Revidering av Etske prinsipp for folkevalde og tilsette i Herøy kommune

Personal- og organisasjonsleiar var sekretær i samband med politisk arbeidsgruppe som la fram forslag til Etske prinsipp. Prinsippa vart vedtekne i K-sak 207/16.

g) Implementering av nytt tidregistreringssystem – tidBANK

Personal- og organisasjonsavdelinga har i lag med Egedomsavdelinga, IKT og innkjøp implementert nytt tidregistreringssystem. Bakgrunnen for bytte av system var brukarvenlegheit og krav frå kommunerevisjonen. Herøy kommune har no same system som to andre kommunar har i Sjustjerna. Dette er ein klar føremon, då systemet ligg på SSIKT sine serverar og ein har kompetanse lokalt.

## 4. SJUKEFRÅVÆR, REFUSJONAR OG KOSTANADAR

### Innleiing

Frå og med 01.01.15 har sjukefråveret i Herøy kommune vorte rapportert tertialvist, der Personal- og organisasjonsavdelinga også sender ut status for sjukefråvær for den enkelte avdeling kvar måned. Dette har avdelinga bl.a. gjort for å lette arbeidet og for å minne leiarane på status for sjukefråveret i si avdeling.

I framstillinga vert det nytte fire sjukefråværsomgrep.

- Korttidssjukefråvær er sjukefråvær frå og med 1. fråværsdag til og med 16. fråværsdag.
- Langtidssjukefråvær er sjukefråvær som strekkjer seg frå og med 17. dag til og med maksdato for sjukmeldingsrett (normalt 248 dagar).
- Samla sjukefråvær er langtids- og korttidssjukefråvær samla sett.
- Nærvær er dei tilsette som til ein kvar tid er på jobb.

Tabell 1 nedanfor viser sjukefråvær for 1., 2. og 3. tertial 2016.

Tabell 1

Tertialvise fråvær i % Herøy kommune 1., 2. og 3. tertial 2016									
L= Langtidssjukefråvær, K= Korttidssjukefråvær									
Avdeling	1. tertial	K	L	2. tertial	K	L	3. tertial	K	L
Personal og org. inkl. H	6,57	3,01	3,56	0,92	0,92	0	2,26	2,15	0,11
Økonomi (>10)	10,48	1,36	9,13	3,53	3,53	0	2,13	2,13	0
Fellessek. (<5)	4,74	2,77	1,98	6,8	0,51	6,29	10,99	1,22	9,77
Rådm./ass.rådm. (<5)	0	0	0	0	0	0	0	0	0
IKT (<5)	5,76	5,76	0	10,59	0	10,59	1,16	1,16	0
Servicetorget (<10)	0,71	0,71	0	3,38	3,38	0	4,85	4,85	0
Utviklingsavd. (<10)	5,61	2,33	3,27	5	0,31	4,69	10,84	2,73	8,12
Barnhageavd. (<40)	10,3	2,54	7,77	6,4	1,35	5,05	4,24	2,49	1,75
Grunnskuleavd. (<250)	7,11	2,32	4,79	3,01	1,06	1,95	3,77	1,57	2,2
Anl. og drift (<15)	1,12	1,12	0	1,24	1,24	0	0,86	0,86	0
Brannvern (<30)	2,23	1,9	0,32	0,28	0,13	0,14	0,66	0,2	0,46
Helse (<40)	5,03	1,34	3,38	0,95	0,55	0,4	5,54	1,27	4,27
Pløi og omsorg (<300)	8,76	2,43	6,33	6,78	1,36	5,42	10,42	2,59	7,83
Bu og høg. (<75)	10,01	2,44	7,57	11,72	2,3	9,41	13,19	2,28	10,91
Barnvern (<10)	9,85	3,22	6,63	3,58	1,16	2,43	11,01	2,13	8,88
Kultur (>10)	7,08	2,36	4,72	0,45	0,22	0,22	3,96	2,01	1,95
Eigedom (<40)	19,92	2,84	14,08	10,84	2,38	8,46	9,08	2,61	6,47
NAV kommune (10)	18,17	5,03	13,14	11,1	3,9	7,21	20,19	2,5	17,7
<b>Totalt fråvær</b>	<b>8,61</b>	<b>2,4</b>	<b>6,2</b>	<b>5,57</b>	<b>1,39</b>	<b>4,17</b>	<b>7,39</b>	<b>2,11</b>	<b>5,28</b>



Tabell 2 nedanfor viser det totale sjukefråværet i 2015 og 2016.

Tabell 2

Avdeling	Heile 2015	K	L	Heile 2016	K	L
Personal og org. inkl. H	6,18	1,25	4,93	3,23	2,11	1,12
Økonomi (>10)	10,21	1,83	8,38	5,53	2,42	3,11
Fellessekr. (<5)	0	0	0	7,67	1,49	6,18
Rådm./ass.rådm. (<5)	0	0	0	0	0	0
IKT (<5)	17,4	0,13	17,27	5,53	2,42	3,11
Servicetorget (<10)	6,71	3,25	3,46	3,11	3,11	0
Utviklingsavd. (<10)	4,89	1,98	2,9	7,89	2,39	5,5
Barnehageavd. (<40)	11,4	3,16	8,24	7,15	2,29	4,85
Grunnskuleavd. (<250)	5,97	1,54	4,43	4,83	1,89	2,94
Anl. og drift (<15)	5,4	1,35	4,05	1,11	1,11	0
Brannvern (<30)	0,92	0,82	0,1	1,03	0,73	0,31
Helse (<40)	5,68	0,8	4,98	4,15	0,99	3,16
Pleie og omsorg (<300)	9,3	2,19	7,11	10,5	2,81	7,69
Bu og hab. (<75)	10,48	2,79	7,69	12,04	2,45	9,59
Barnevern (<10)	7,38	1,13	6,25	8,29	2,41	5,88
Kultur (>10)	4,23	2,49	1,74	3,08	1,63	1,45
Eigedom (<40)	14,71	2,75	11,96	12,5	2,63	9,88
NAV kommune (10)	15,5	3,67	11,83	16,65	3,86	12,79
<b>Totalt fråvær</b>	<b>8,42</b>	<b>2</b>	<b>6,42</b>	<b>7,19</b>	<b>1,96</b>	<b>5,19</b>

Tabell 3 viser sjukefråværet i 3. tertial for 2015 og 2016.

Tabell 3

Tertialvisefråvær i % 3. tertial 2015 og 3. tertial 2016						
L=Langtidsfråvær og K=korttidsfråvær						
Avdeling	2015			2016		
	3. tertial 2015	K	L	3. tertial 2016	K	L
Personal og org. inkl. H	5,32	1,03	4,29	2,26	2,15	0,11
Økonomi (>10)	9,87	1,45	8,84	2,13	2,13	0
Fellessekr. (<5)	0	0	0	10,99	1,22	9,77
Rådm./ass.rådm. (<5)	0	0	0	0	0	0
IKT (<5)	0,39	0,39	0	1,16	1,16	0
Servicetorget (<10)	14,25	3,14	11,11	4,85	4,85	0
Utviklingsavd. (<10)	5,44	3,53	1,91	10,84	2,73	8,12
Barnehageavd. (<40)	12,32	3,46	8,86	4,24	2,49	1,75
Grunnskuleavd. (<250)	5,32	1,5	3,82	3,77	1,57	2,2
Anl. og drift (<15)	0,8	0,8	0	0,86	0,86	0
Brannvern (<30)	1,23	0,95	0,28	0,66	0,2	0,46
Helse (<40)	2,55	0,67	1,87	5,54	1,27	4,27
Pleie og omsorg (<300)	7,04	2,14	4,9	10,42	2,59	7,83
Bu og hab. (<75)	7,94	3,11	4,84	13,19	2,28	10,91
Barnevern (<10)	5,28	2,45	2,82	11,01	2,13	8,88
Kultur (>10)	5,69	1,95	3,73	3,96	2,01	1,95
Eigedom (<40)	22,29	3,21	16,38	9,08	2,61	6,47
NAV kommune (10)	13,64	2,27	11,37	20,19	2,5	17,7
<b>Totalt fråvær</b>	<b>7,52</b>	<b>2,02</b>	<b>5,48</b>	<b>7,39</b>	<b>2,11</b>	<b>5,28</b>

## Saksopplysningar

Herøy kommune hadde eit samla sjukefråvær i 3. tertial 2016 på 7,39%. Noko som betyr at vi har nådd målet om 92,5% for denne perioden (sjå tabell 1). Dersom vi samanliknar 3. tertial 2015 med 3. tertial 2016 ser vi ein svak nedgang i sjukefråværet for perioden (sjå tabell 3).

**Om vi samanliknar heile 2016 med året 2015 (tabell 2), kan vi sjå at gjennomsnittleg sjukefråvære har gått ned frå 8,42% til 7,19%. Vi har såleis nådd målet for heile året, og har totalt sett ei positiv utvikling.**

Ved å sjå på utviklinga i dei ulike avdelingane, er der fleire positive trekk. Det er særleg grunn til å peike på utviklinga i eigedomsavdelinga, der det har skjedd meir enn ei halvering av sjukefråværet i løpet av året.

Grunnskule og barnehage har og hatt ei positiv utvikling gjennom året. Barnehage med ein nedgang frå 1. tertial til 3. tertial på om lag 6% og skule frå 7,11% til 3,77% i samla fråvær.

Økonomiavdelinga har og ein markant nedgang i fråværet frå 10,48% til 2,13%. Kultur har og hatt ein fin nedgang med om lag 3% nedgang i sjukefråværet. Likeeins har IKT gått ned frå 5,76% i 1. tertial til 1,16% i 3. tertial.


Nokre av avdelingane har hatt ein auke i sjukefråværet gjennom 2016, og mellom desse er bu- og habiliteringsavdelinga og pleie- og omsorgsavdelinga. Dei har høvesvis hatt ein auke i fråværet på 3% og 2%.

Vi ser og at servicetorget og fellessekretariatet (dokumentsenteret) har hatt ein auke i fråvær. Dei to sistnemnde er små avdelingar, og det skal lite til for at fråvær viser att på statistikken.



Tabell 4 viser tertialviser frávær 2012-2016.

Tabell 4



### Vurdering og konklusjon

Over tid har vi sett at avdelingane pleie- og omsorg, bu- og habilitering og eigedom har lege høgt, men vi ser no ein markant nedgang i eigedom. Innanfor eigedom ligg også reinhaldsavdelinga som isolert sett har hatt ein betydeleg nedgang i fráværet.

Reinhaldsavdelinga har jobba målretta med å legge om til teamorganisering og jobba med trivselstiltak i avdelinga. Mykje kan tyde på at vi ser resultatet av dette i 2016 statistikkane.

Det blir jobba målretta og systematisk med frávær i Herøy kommune, både førebyggjande og i forhold til å legge til rette for at medarbeidarar raskare skal kunne komme tilbake i arbeid etter sjukdom, t.d. ved tett dialog med den tilsette.

Personal- og organisasjonsavdelinga sender ut månedlege statistikkar over sjukefrávær og jobbar tett opp i mot avdelingane i enkeltsaker som er knytt til sjukefrávær.


Ut i frå ei totalvurdering ser vi at langsiktig og systematisk arbeid gir resultat, og det er mykje positivt å lese ut av statistikken. Om vi ser på spikardiagrammet i tabell 4, kan vi sjå at 2016 har det beste resultatet mellom dei åra som kjem fram her, med unntak av 3. tertial 2013.

Tala for 2016 viser at vi har eit godt grunnlag å jobbe vidare på, og vi ser at det nyttar.

## Sjukepengerefusjonar heile 2016

Oversynet i tabell 1 syner genererte sjukepengekrav per måned (blå søyler), det vil sei dei krav i kroner arbeidsgjevar meiner å ha på NAV, og motteken refusjonar i kroner (raude søyler) frå NAV per måned.

Tabell 1



Personal- og organisasjonsavdelinga gjer merksam på at genererte krav og motteken refusjonar ikkje er samanfallande, då krava vert refundert etterskotsvis. Dette kjem tydeleg fram om ein t.d. samanliknar genererte krav i februar med motteken refusjonar i april.

Tabell 2 syner samla sjukepengekrav og motteken refusjonar i for heile 2016

Tabell 2


Totalt genererte krav	kr 11 340 345,00
Totalt motteke refusjon	kr 11 507 510,00
Snitt motteke refusjon per måned	kr 958 959,17
Utestående krav	kr -167 165,00

Personal- og organisasjonsavdelinga gjer merksam på at storleiken på differanse ikkje syner faktisk utestående krav, men differanse på framsette krav og innkomne refusjonar på målingstidspunktet.

## Foreldrepengerefusjonar heile 2016

Oversynet i tabell 3 syner genererte foreldrepengekrav per måned (blå søyler), det vil sei dei krav i kroner arbeidsgjevar meiner å ha på NAV, og motteken refusjonar i kroner (raude søyler) frå NAV per måned.

Tabell 3



Vi gjer merksam på at genererte krav og motteken refusjonar ikkje er samanfallande, då krava vert refundert etterskotsvis. Som ein ser av søylene for foreldrepengear, samanlikna med sjukepengear, er det meir samanfallande mellom krav og refusjon når det gjeld foreldrepengear. Dette skuldast at når ein fyrst har sett fram krav om refusjon av foreldrepengear vil det normalt vere få og små endringar i løpet heile foreldrepengeperioden.

Tabell 4 syner samla foreldrepengekrav og motteken refusjonar for heile 2016.

Tabell 4

Totalt genererte krav	kr 5 516 806,00
Totalt motteke refusjon	kr 5 639 454,00
Snitt motteke refusjon per måned	kr 469 954,50
Utestående krav	kr -122 648,00

Personal- og organisasjonsavdelinga gjer merksam på at storleiken på differanse ikkje syner faktisk utestående krav, men differanse på framsette krav og innkomne refusjonar på målingstidspunktet.

## Kostandar ved sjukefråvær

Personal- og organisasjonsavdelinga har rekna på kostandane kring sjukefråvær i organisasjonen. Ein har lagt til grunn KS sin berekningsmodell, og sett resultatane inn i egen tabell, sjå nedanfor.<sup>1</sup>

Tabell 5 syner årskostanden om det faktiske tertialfråværet vart rekna over eit år.

Tabell 5

Kostander ved sjukefråvær for Herøy kommune per år						
Tertial	Totalfråvær %	Total kostnad mill.	Korttidsfråvær %	Korttid kostand mill.	Langtidsfråvær %	Langtid kostand mill.
1. tertial 2014	8,77	10	2,24	6,7	6,53	3,3
1. tertial 2015	10,53	11,3	2,41	7,2	8,12	4,1
1. tertial 2016	8,6	10,5	2,4	7,3	6,2	3,2
2. tertial 2016	5,56	6,4	1,39	4,2	4,17	2,2
3. tertial 2016	7,39	9,1	2,11	6,4	5,28	2,7
<b>Snitt fråvær / kostand</b>	<b>8,17</b>	<b>9,46</b>	<b>2,11</b>	<b>6,36</b>	<b>6,06</b>	<b>3,1</b>
<b>Kostnad i mill. kr. per 1% fråvær</b>	<b>Total fråvær</b>	<b>1,16</b>	<b>Korttidsfråvær</b>	<b>3,01</b>	<b>Langtidsfråvær</b>	<b>0,51</b>

\* Kostnadstala syner kostander per år der rapporterte sjukefråværestal per tertial vert lagt til grunn for heile året.

Om vil legg sjukefråværet for 3. tertial til grunn for heile 2016, vil det koste Herøy kommune om lag 9,1 millionar kroner per år. Til samanlikning var det samla sjukefråværet i 1. tertial 2015 på heile 10,53%. Over eit år ville dette gje ein kostand for arbeidsgjevar på om lag 11,3 millionar kroner.

Basert på våre tal og utrekningar kostar 1% samla sjukefråvær i Herøy kommune i overkant av 1,1 millionar kroner. Korttidsfråværet kostar 3 millionar kroner, medan korttidsfråværet kostar vel 0,5 millionar kroner per 1%.

Grunnen til at korttidsfråværet kostar mest er arbeidsgjevar dekkjer løna i arbeidsgjevarperioden på 16. dagar. Sjølv om arbeidsgjevar får refundert sjukepengar frå NAV etter arbeidsgjevarperioden, vil det t.d. arbeidsgjevaravgift, pensjonskostandar og kostand for arbeidsgjevar der løna til den sjukmelde er over 6G (6 x grunnbeløpet = kr. 555 456,-). Kommunalt tilsette har rett på full løn ved sjukmelding, medan NAV berre refunderer sjukepengar opp til 6G.

Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth  
Personal- og organisasjonsleiar

Fosnavåg 13. januar 2017

<sup>1</sup> <http://www.ks.no/fagomrader/Arbeidsgiver/analyse-og-statistikk/fravar/beregningsmodell-for-kostnader-av-sykefravar-i-kommunene/>

«Modellen beregner det samfunnsøkonomiske tapet ved at arbeid ikke blir utført. Den tar utgangspunkt i at verdien av et dagsverk er lik summen arbeidsgiver er villig til å betale for dagsverket. Et dagsverk er da verdt det arbeidsgiver betaler, det vil si lønn, tillegg, feriepengar, pensjon og arbeidsgiveravgift. Det antas at arbeidet ikke blir utført ved fråvær, og modellen regner ut verdien av dagsverkene som ikke blir utført. Tallene som framkommer er altså verdien av produksjonstapet, og er et reelt tap. Det er ikke et tall som framkommer i kommunens regnskap.»





# IKT-avdelinga

IKT-leiar Guro Gausemel

## 1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

- 1.1. Flytting av server/program vassverk
- 1.2. Oppsett nytt supportsystem IKT-avdelinga – Fellesprosjekt med dei andre IKT-avdelingane i sjustjerna. Det vert sett opp eit supportsystem som vert felles for alle dei sju kommunane
- 1.3. Overgang til mobilt sentralbord – Trio skal fasast ut. Vi går over på same sentralbordløysing som 5 av dei andre kommunane i sjustjerna, mobilt sentralbord frå Telenor.
- 1.4. Oppsett nettverk og klientar/telefoni nybygg Leikanger skule
- 1.5. Installasjon/oppsett Tidbank

## 2. VEDTAK

Ingenting å rapportere.

## 3. TENESTERAPPORTERING

### Intern avviksrapportering

Det er meldt slike avvik i Kvalitetslosen siste tertial:

DATO	AVVIKSTITTEL	AVVIKS-ID	Status
20.9.2016	Usatbilt/ dårleg dekning på telenett (Ikkje IKT relatert avvik, men ein førespurnad om moglegheita for å betre mobildekninga innandørs)	1714	Lukka

### Utviklingsarbeid

Det er sett i verk fylgjande utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

- Flytting av server/program DX-billett.
- Utrulling tidbank, Telenor mobilt sentralbord og supportsystem IKT.
- Nedbygging/avvikling serverrom på rådhuset
- Oppsett nettverk, klientar, møteromsløysing og telefoni nybygg Eggesbøtun.
- Utrulling av iPad Einedalen skule og Reinhaldsavdelinga



# Barnehageavdelinga

Laila Kvalsund Solhaug

## 1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

### Hending

Kommunen har ikkje mottatt klage etter siste vedtak om tilskot til private barnehagar etter rekneskapsoppgjeret 2014 . Kommunen fekk heller ingen klage etter vedtak 31. oktober 2016 om sats for tilskot til private barnehagar 2017. Det vert i jan 2017 gjort vedtak om kommunalt tilskot til private barnehagar for 2017.

### Hending

Det er framleis ledige plassar i nokre av barnehagane. Per dags dato er det 476 barn som har barnehageplass i Herøy.

### Hending

Kommunen har i 2016 hatt slike kostnader i høve redusert foreldrebetaling:

Redusert foreldrebetaling pga lav inntekt: Kr. 577 906

Redusert foreldrebetaling pga syskenm odesasjon: Kr. 686 800,-

Redusert foreldrebetaling pga spes.ped.vedtak: Kr. 201 670,-

## 2.VEDTAK

Ingenting å rapportere.

## 3.TENESTE

Det er ikkje meldt avvik i Kvalitetslosen siste tertial.


#### **4. UTVIKLINGSARBEID**

Det vart gjennomført ei leiarsamling for alle styrarar, PPT tilsette og barnehageansvarlege på kommunenivå for sjustjernakommunene 21 og 22 november 2016. Temaet på samlinga var førebygging av mobbing i barnehagen og autoriativ leiing av læring.

Læringsmiljøsentret i Stavanger var fagleg ansvarleg for 1. dag og leiar for PPT Hareid og Ulstein for 2. dag.

Barnehage- og skule har kome med i pulje 1 for kompetanseutvikling med lærande nettverk om barnehage-, skulemiljø og mobbing i regi av Utdanningsdirektoratet. Representant for skuleeigar og barnehageeigar i Herøy deltok på første samling på Gardermoen 12. desember 2016 . I Herøy er arbeidet starta og deltakane barnehagar og skular skal starte med å kartlegge ståstad for den enkelte barnehage og skule. Alle i personalet skal delta aktivt i prosessen. Barnehagar og skular som deltek frå Herøy er: Myrsnipa barnehage, Bergslia barnehage, Leikanger barnehage, Leikanger skule, Nerlandsøy skule.

Denne kompetanseutviklinga vil gå over 2 år, og det vert tildelt økonomiske midlar for denne perioda.

#### **5. PÅLEGG FRÅ OFFENTLEGE TILSYNSORGAN**

Ingen registrerte pålegg.

# SKULEAVDELINGA, 3. tertial 2016

Sølvi Lillebø Remøy

## 1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

- 1.1. Leikanger skule opna nytt tilbygg med nye klasserom, samt fekk oppgradert deler av bygget elles.
- 1.2. Oppussing av klasserom på Bergsøy skule/ Internasjonal skule, med nye golvbelegg
- 1.3. Mykje godt førebyggande arbeid med skule/elevmiljø. Lite konflikter og betre samhald.
- 1.4. Leverandøren av skuleadministrativt program gjekk konkurs, noko som gav store utfordringar og mykje ekstraarbeid. Truleg i ferd med å rette seg, ved at systemet er oppkjøpt av ein ny seriøs IT-leverandør.
- 1.5. Herøy kommune var heldige og fekk bli med i ei nasjonal satsing på godt miljø for barn i barnehage og skule. Satsinga vil gi oss både kompetanse og økonomiske tilskot. Oppstart februar'17.

## 2. VEDTAK

Vedtaksrapport omfattar vedtak frå og med 1.september – 31.desember 2016 frå kommunestyret:

Ingen vedtakssaker ut over felles budsjettsaker i perioden.

## 3. TENESTE

To melde avvik i perioden. Det eine relatert til fysiske forhold, det andre relatert til elevåtfærd. Begge avvika er lukka.

### **Pålegg frå offentlege tilsynsorgan**

Ingen registrerte pålegg i perioden.

Fosnavåg, 4.januar 2017

Skuleleiaren





# Barn,- familie- og helseavdelinga

Leiar for Barn-, familie og helseavdelinga  
Inger Marie Tofthagen

## 1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

### Hending

Kommunestyret vedtok i sak 145/16 dei reforhandla avtalene mellom kommunen og fastlegane ved Herøy og Myrvåg legesenter. Dette var særst positivt då både partar som deltok i forhandlingane var godt nøgde med resultatet. Avtalene med den einskilde lege er nå signert. Dei ledige fastlegeheimlane vart utlyste og det vart tilset ein ny fastlege ved Myrvåg og ein ved Herøy legesenter. Både startar opp i januar 2017. Med den reviderte avtalen og tilsetting av to nye fastleger samt relativt stabile vikarar ved dei to legesentra har ein kome eit skritt på vegen til ein meir stabil legeteneste i kommunen. Det er viktig frametter at både tilsette og politikare er med på å snakke opp tenesten vidare slik at det lykkast å få ein stabil legedekning i kommunen over tid.

### Hending

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS held eit forvaltningstilsyn innan barnevern. Tema for tilsynet var Barnevern- Tiltak, tilsyn og rutiner. Rapporten er hansama i kommunestyre som sak 195/16. Det vart ført tilsyn med same tema i alle kommunane i 7-stjerneområdet. Revisjonen påpeika forhold som kommunen må/bør følgje opp vidare. Dette arbeidet starte barnevernet med allereide under tilsynet. Oppfølginga vil verte rapportert til kommunen i samsvar med vedtaket i K.sak 195/16. Når det gjeld samanlikninga av funnene i dei ulike kommunane kommer Herøy betre ut enn fleire av dei andre kommunene. Dette vil i seg sjølv ikkje si at kommunen har hatt gode tiltak, tilsyn og rutinar, men det er positivt sett i søkjelyset av dei utfordringane kommunen har hatt med omsyn til at vi ikkje valde å delta i det interkommunale barnevernet.

### Hending

Kommunen har frå fylkesmannen fått tildelt over kr. 900.000,- til eit nytt prosjekt innan avdelinga. Prosjektet har fått namnet Kvikk Herøy og vil ha si base på Solheim dagsenter. Tilsetting i prosjektstillingane og oppstart av prosjektet vil skje i løpet av 1. tertial 2017. Prosjektet har fokus på forebygging og aktivitetstiltak for brukarar med utfordring knytt til psykisk helse og rus. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom teneste for psykisk helse, og teneste for bustadsosial

og rus. Det leggst opp til ulike aktivitetar, både i grupper og individuelloppfølging. Tverrfagleg samarbeid, oppsøkjande verksemd, nettverksbygging og sosialtrening er ein viktig del av tiltaket.

## **2. VEDTAKSRAPPORT**

Ingenting å rapportere.

## **3. TENESTERAPPORTERING**

Det er meldt 2 avvik i Kvalitetslosen siste tertial:

Eit avvik gjeld fråværsmarkering mens det andre gjeld medisinerig. Avvika er handsama og lukka

### **Pålegg frå offentlege tilsynsorgan**

Ingenting å rapportere.

### **Utviklingsarbeid**

Det er sett i verk fylgjande utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

#### Tverrfagleg arbeid

unge har avdelinga fortsett med dette arbeidet. Ein gjennomarbeida og oppdatert plan for forebyggjande arbeid barn og unge 2016-2020 er ferdighandsama og lagt fram for komiteane Helse og Omsorg og Oppvekst. Arbeidet med å integrere planen vil halde fram vidare. Saman med dei øvrige avdelingane som arbeider med tverrfagleg tilnærming for barn og

#### Fast møteplass mellom psykisk helsevern og bustadsosiale tenester

Dei faste møta mellom dei som arbeidar med psykisk sjuke og dei som arbeidar med bustadsosiale tenester har helt fram. Dette er møter som har vist seg å vere særst nyttige då desse to tenesta til dels arbeidar med dei same brukargruppene. Dette vil og vere særst nyttig arena i samband med igangsettinga av Kvikk Herøy som er omtala foran.

### Gjennomføring av arbeidet med brukarplan.

Kommunen gjennomførte i år som i fjor kartlegging i Brukarplan i samarbeid med Kompetansesenter rus – Midt-Norge . Dette er eit kartleggingsverktøy der ein kartlegg kjente brukarar med diagnoser innan rus og psykiatri. Aldersgruppa er frå 16 år og oppover. Herøy kommune har kartlagt brukarar frå NAV, Pleie og omsorg, Psykisk helse, Barnevern, Helsestasjon, Bustadsosial og rus.

Formålet med kartlegginga er at kommunen skal få eit verktøy til å planlegge og utvikle tenestetilbod til denne brukargruppa, samt å få ei god oversikt over dagens situasjon angående rus/psykiatri utfordringar. I løpet av januar 2017 vil det vere ei orientering i kommunestyresalen om funna som er gjort. Den vidare utfordringa frametter er å nytte funna til å sette inn dei rette tiltaka for brukarane.

9.1.2017

Inger Marie Tofthagen





# PLEIE- OG OMSORGSAVDELINGA

Renathe Rossi-Kaldhol

## 1. VIKTIGE HENDINGAR TREDJE TERTIAL

Avdelinga har ingen store hendingar dette tertialet, men hendingar som kan vere verdt å merke seg er:

- Avdelinga opplever høgt press i heimetenesta, samstundes som vi er midt i ei omorganisering i samband med nye omsorgsbustadar. Desse skal etter planen vere i drift frå mars 2017. Behovet i heimetenesta var meldt inn i budsjettarbeidet, men det var ikkje funne rom for oppretting av nødvendige heimlar. Behova må likevel løysast, slik at det vert brukt unødig mykje tid og ressursar til innleige når ein ikkje får lyse ut etter faste stillingar. Avdelingsleiar opplysar om høgt press på dei tilsette.
- Det skjer ei oppgåvevriding frå sjukehus til kommunar som fører til at folk i alle aldrar, også med alvorlege diagnosar skal få tilbod om heimetenester. Dette gir nye utfordringar til kommunane, både når det gjeld kompetanse og økonomi. Sjukehuset krev også at kommunen stiller med sine fagfolk for å dekke vakter på sjukehuset når pasientar er innlagt der. Det er usemje om betalingsordning. Konst.leiar for pleie og omsorg i Herøy var medlem i arbeidsutvalet frå kommunal side, med mandat om å utarbeide eit forslag til samarbeidsavtale mellom kommunane og sjukehusa i Møre og Romsdal. Forslaget er på høyring med frist til 25. januar 2017. Herøy kommune kan vere samd i delar av avtalen, men ikkje den økonomiske fordelinga som vert lagt til grunn og heller ikkje alle delane av kravet om å stille fagleg personell til rådvelde. Dette vil vi melde inn som høyringssvar.
- Delvis manglande kontinuitet ifht legedekning i sjukeheim i tredje tertial. Med nye legar på plass, reknar vi med betring her.
- Herøy kommune har hatt høgt press på institusjonsplassar på slutten av året. Førebels har vi klart å ta i mot alle pasientar som vert meldt utskrivingsklare frå sjukehusa. Avdelingsleiarane saman med administrasjonsstaben er løysingsorienterte og fleksible, til det beste for pasienten.

## 2. VEDTAKSRAPPORT

Vedtaksrapport omfattar vedtak frå og med 01.10.2016- 31.12.2016:

Ingen vedtak

### 3. TENESTERAPPORTERING

#### Intern avviksrapportering

Det er meldt slike avvik i Compilo (kvalitetssloven) frå 01.10.16 – 31.12.16:

Kategori	Tal samla	Låg alvorgrad	Middels alvorgrad	Høg alvorgrad
Helse, miljø og tryggleik	7	0	4	3
Organisasjon	7	4	2	1
Teneste/brukar	27	13	12	2

Merk: Nokre avvik er meldt inn på fleire kategoriar. Tiltak er satt i verk, og dei fleste avvika er lukka.

#### Avvik frå offentlege tilsynsorgan

ingenting å rapportere.

#### Pålegg frå offentlege tilsynsorgan

Ingenting å rapportere på tredje tertial. Vi har ein merknad frå mattilsynet ifht utstyr for nedkjøling av mat frå fyrste tertial. Dette kjem på plass i januar 2017.

#### Utviklingsarbeid

Det er sett i verk fylgjande utviklingsoppgåver innafør avdelinga sitt ansvarsområde:

##### Tilpasning til helsenett

Det pågår framleis eit utviklingsarbeid med den elektroniske kommunikasjonen innad i helsenettet.

##### Prosjekt bemanningsteam

Bemanningsteamet var i drift frå den 03.10.16. Rekneskapet er i balanse og avdelingsleiarane i Myrvåg rapporterer om god ressurs og økonomistyring. Evaluering av prosjektet skal skje i løpet av våren og kjem til politisk handsaming. Prosjektet skal evaluerast gjennom intervju med dei tilsatte i bemanningsteamet, dekning av ledige vakter med fagkompetanse og bruk av tid til innleige.

##### Prosjekt aktivitetsvenn

Prosjektet pågår. Gjennom midlar frå demensaksjonen i Nasjonalforeningen, vart Herøy kommune som ei av tre kommunar i fylket, plukka ut til å vere med på dette prosjektet.

##### Omlagging av drift for heimeteneste distrikt 1 og 2, og gul avdeling

Det er avklart at det frå 01.01.17 vert ny organisering av heimetenesta i ytre. For det nye området, som også inkluderar dei nye heildøgnsbemanna omsorgsbustadane «Eggesbøtun» vert dei ein leiar og ein assisterande leiar. Ny arbeidsplan for det nye området skal vere klar samstundes med innflytting i mars.

Eit år med fokus på førebygging og akitivtet hos eldre

Etter fagdagen i januar har alle avdelingane valt ut sine tiltak som dei skal arbeide spesielt med dette året. Tiltaka vert samla i leiargruppa og ein skal evaluere effekten av desse etter eit år. Dette vert difor teke tak i primo 2017.

Arbeid med overordna omorganiseringsprosess:

Pleie og omsorgsavdelinga er ein aktiv medspelar i arbeidet med vurdering av framtidig organisasjonsstruktur. Frå januar 2017, vert pleie og omsorgsavdelinga ein del av kommunalsjefstrukturen under område: Helse og omsorg.

Renathe Rossi-Kaldhol  
Kommunalsjef Helse og omsorg



# BU- OG HABILITERINGSAVDELINGA

Renathe Rossi-Kaldhol

## 1. VIKTIGE HENDINGAR TREDJE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

Avdelinga arbeidar fortsatt med tiltak for lukking av avvik etter tilsynet i sommar, om bruk av tvang og makt etter kapittel 9. Fylkesmannen konkluderte i sitt tilsyn med 1 avvik. Tiltak er satt i verk for lukking av avviket som i hovudsak handlar som systematisk forbetningsarbeid.

Avdelinga har fått ny vikar som avdelingsleiar på Tofsetunet/Myklebustunet og Solheim, og ny vikar som dagleg leiar på Herøy produksjon.

Avdelinga har hatt eit høgt sjukefråvær i delar av tenesta. Det er ikkje meldt om at dette er knytt til arbeidsmiljø.

## 2. VEDTAK

Vedtaksrapport omfattar vedtak frå og med 01.10.2016- 31.12.2016:

Ingen vedtak

## 3. TENESTE

Det er meldt slike avvik i Compilo (Kvalitetslosen) frå 01.10.16 – 31.12.16:

Kategori	Tal samla	Låg alvorsgrad	Middels alvorsgrad	Høg alvorsgrad	Status
Helse, miljø og tryggleik	10	5	2	3	10/10: Lukka
Organisasjon	3	1	1	1	3/3: Lukka
Teneste/brukar	10	4	3	3	10/10: Lukka

Merk: Nokre avvik er meldt inn i fleire kategoriar.

### Pålegg frå offentlege tilsynsorgan

Fylkesmannen hadde tilsyn i forhold til enkeltbrukar og HOTL kap 9, tvang og makt andre tertial. Fylkesmannen gav oss eit avvik. Ein arbeidar fortsatt med lukking av avviket. Ingen nye tilsyn eller pålegg i tredje tertial.

### Utviklingsarbeid

Det er sett i verk fylgjande utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:



Arbeid med «Herøy ressurscenter»:

Bu- og habiliteringsavdelinga har samarbeidd med Egedomsavdelinga med ferdigstilling av byggeprogram til Herøy ressurscenter, som var til handsaming i kommunestyret den 29.09.16. Tiltaket vart vidare med i budsjettframlegget frå bu- og habiliteringsavdelinga, men ein fann ikkje økonomisk rom for investeringsmidlar i slutthandsaminga av budsjett og økonomiplanarbeidet. Prosjektet er imidlertid inkludert i arbeidet der ein skal evaluere og kartlegge behovet for framtidige omsorgstenester i Herøy kommune. Helse og omsorgskomiteen har hand om denne prosessen.

Arbeid med omorganiseringsprosessen:

Bu- og habiliteringsavdelinga er ein aktiv medspelar i arbeidet med vurdering av framtidig organisasjonsstruktur. Frå januar 2017, vert bu- og habiliteringsavdelinga ein del av kommunalsjefstrukturen under område: Helse og omsorg.

Renathe Rossi-Kaldhol  
Kommunalsjef Helse og omsorg

# KULTURAVDELINGA

Kulturleiar Eileen Gjerde

## 1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

### Folkebiblioteket

1. Samarbeid med *Bibelfestivalen* i september. Biblioteket sitt bidrag var temakveld med Edvard Hoem som føredragshaldar, eiga bibel-lesestund, samt bibelutstilling av gamle Herøybiblar. Økonomisk støtte frå Nasjonalbiblioteket.
2. *Bokfest* for born i september med Klovnen Knut (VirrrVarr) som gjest, økonomisk støtta av Folkeakademiet og M&Rfyb. Avslutning på Sommarles 2016 med premiering.
3. *Forfattarbesøk* for 5.kl med Bente Bratlund på biblioteket, i samarbeid med Aasantunet og Bergsøy skule.
4. Samarbeidsprosjekt med *Ungdomsrådet* i november med forfattar og skribent Amal Aden som foredragshaldar. 2 dagar med skulebesøk på Stokksund u.sk, YHU, Herøy vgs, besøk på Fosnavåg asylmottak for mindreårige og ungdomskveld på Herøy kulturhus. Økonomisk støtte frå Nasjonalbiblioteket.
5. *Oppdrag alfabet* m/ Karoline Isaksen i november. Formidlingsstunder for alle 9 barnehagane i kommunen over 2 dagar. Busstransport for indre-barnehagane. Arrangementsstøtte frå M&Rfyb.

### Frivilligsentralen

1. Deltaking på regionkonferanse for frivilligsentralar i Molde, samt frivilligkonferanse i regi av KS i Oslo. Sistnemnde som ledd i at kommunane tek over ansvaret for sentralane frå 2017.
2. Koordinator for tv-aksjonen 23.10. Årets aksjon var i samarbeid med og til inntekt for Røde Kors.
3. Gjennomført 12 arrangement i Den kulturelle spaserstokken i samarbeid med bl.a. sjukeheimane.
4. Planlegging av Internasjonal julefest i Herøy kyrkje (jan).
5. Juleavslutting for aktivitetar tilhøyrande sentralen.
6. Faste aktivitetar gjennomført som vanleg; middagsombringning, eldrebølger, strikkekafe, kveldstrikk, høyrselhjelp, tjukkaskjengen, natteravnar.
7. Planlagd flytting av sentralen til lokalar på Herøy kulturhus utsett til sommaren 2017 gr. eigedomsavdelinga sitt forarbeid med lokala og asbestsanering.

### Barne og ungdomsarbeid

1. Ungdomsrådet har frå august til desember pussa opp resten av fritidsklubben.
2. Herøy ungdomsråd oppretta kontakt med asylmottaket for mindreårige med tanke på integreringsaktivitetar. Vi var med på «Vennefrukost» og andre sosiale møter både på mottaket og på fritidsklubben
3. Fritidsklubben opna i september og kan vise til godt besøk og mykje aktivitet. Integreringsaktivitetane går som planlagt.
4. PIR-festivalen blei gjennomført i september med lokale og nasjonale artistar. Det var også utdeling av årets PIR.
5. «MOT til å glede dagen» blei gjennomført i samarbeid med HerøyLAN og fritidsklubben, Nattcup i fotball og LAN-party med fleire hundre ungdommar samla på Herøy kulturhus ei heil helg.
6. Herøy Ungdomsråd og biblioteket planla og gjennomførte i november besøk som gikk over 2 dagar på YHU, Stokksund ungdomsskule, Fritidsklubben og Herøy vidaregåande der integrering sto på programmet og Amal Aden var foredragshaldar.
7. Herøy Ungdomsråd og Ungdom med MOT har planlagt og gjennomført juleball for psykisk utviklingshemma på Herøy Kulturhus. Levande musikk med Steinar Engelbrektson, juletallerken, gang rundt juletreet og dans stod på programmet .
8. MOT-programmet for alle 8.-9.-og 10.klassene gjennomført som planlagt.

### Kulturkontoret

1. Organisasjonsutviklingsprosessen.
2. Plan- og budsjettarbeid
3. Spelemiddelsøknader:
  - 2 nærmiljøanegg (rehabilitering ballbinge Remøy, ny ballbinge Frøystad)
  - x ordinære anlegg (klubblokale Gurskøy IL, fornying av søknader til Sunnmørsbadet, klubbhus Bergsøy IL, kunstgras Gurskøy IL)
  - Tillegg byggetrinn 2 Heid turløype for lyssetting av gjenstående område
  - Forarbeid om framtidig søknad frå Tjørnvåg IL til klubbhus og Moltu IL kunstgrasbane (7ar)
4. Tilrettelegging for rehabilitering av Sunnmørsjekta «Anna Olava».
5. Tilrettelegging for etablering av jektenaust og formidlingsbygg til Sunnmørsjekta.
6. Utviklingsarbeid knytt for tildeling av kulturprisen og andre prisar
7. Presentasjon av Herøy kommune sitt samarbeid med Stiftinga Sunnmøre Museum ifm. arbeid med ny museumsplan for Møre og Romsdal.

### Konserthus og kino

- Konserthuset har i perioden september-desember avvikla totalt 38 arrangement med totalt 6.025 betalande besøk. I tillegg var det 3 gratisarrangement der vi ikkje har nøyaktig tal beskjande. I same periode i 2015 hadde vi 40 arrangement med totalt 7.395 i besøk
- Arrangementsleiaren har delteke på Teatret Vårt sitt arrangørseminar i Molde og Norsk kulturhusnettverk si samling i Bærum kulturhus

- Kinoen har i perioden hatt 459 framsyningar og eit besøk på 12.665. Det er ei auke på 12% i høve til same periode i 2016 når det gjeld besøk
- Kinoen har delteke på filmtreff og den årlege kinokonferansen
- Kinokiosken har i perioden hatt ei omsetjing på 545.000 og eit snittsal på kr 75,19 pr kunde. I tilsvarande periode i 2015 hadde kiosken ei omsetjing på 484.000 og eit snittsal på 73,48 pr kunde

#### Kulturhus og idrettshall

- Det vert jobba med endringar og tilpassingar i tillegg til den daglege drifta
- Byggeprogram for Herøy kulturhus- og Herøyhallen
- Tildeling av treningstider 2016/2017

## 2. VEDTAKSRAPPORT

Vedtaksrapporten omfattar vedtak frå:

Kommunestyret – 15.12.2016

<b>205/16</b>	<b>FOSNAVÅG KINO, AVSLUTNING DIGITALISERINGSPROSJEKTET</b>
<b>Vedtak</b>	Kommunestyret vedtek innkjøp av backlineutstyr til Fosnavåg konserthus slik beskrive i saksframlegget og i fylgje vedlagte finansieringsoppsett.
<b>Status</b>	Innkjøp pågår iht. Vedtak.
<b>Framdrift</b>	Forventa gjennomført jan-feb 2017.

<b>206/16</b>	<b>ÅRSMELDING OG REKNESKAP FOR HERØY FRIVILLIGSENTRAL 2015</b>
<b>Vedtak</b>	Årsmelding og rekneskap for Herøy Frivilligsentral 2015 vert godkjend.
<b>Status</b>	Sak avslutta.
<b>Framdrift</b>	

<b>208/16</b>	<b>HEID TURSTI – SLUTTREKNESKAP</b>
<b>Vedtak</b>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Sluttregneskapen for Heid tursti vert godkjent med ein totalkostnad på kr. 3 853 063.</li> <li>2. Mindreforbruket på kr. 211 014 vert overført til «Heida Vel» og øyremerka til nye folkehelseiltak langs Heid tursti.</li> </ol>
<b>Status</b>	Restmidlar overført Heida Vel. Sak avslutta.
<b>Framdrift</b>	

Kommunestyret - 28.04.2016

<b>63/16</b>	<b>FOSNAVÅG KINO - AUKE STILLINGSHEIMEL</b>
<b>Vedtak</b>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Kommunestyret vedtek å auke den faste stillingsheimlen ved Fosnavåg kino med 50 %, frå totalt 110 % til 160 %.</li> <li>2. Stillingsheimlen vert finansiert over budsjettet til Fosnavåg kino.</li> </ol>
<b>Status</b>	Pågår.
<b>Framdrift</b>	Forventa gjennomført januar 2017.

Komiteen for næring, kultur og idrett 12.12.16

<b>77/16</b>	<b>SØKNAD OM KULTURMIDLAR – EINGONGSINVESTERING, GURSKØY IDRETTSLAG</b>
<b>Vedtak</b>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Gurskøy Idrettslag får tilsegn om tilskot til eingongsinvestering på kr. 40 000 til innreining av garasje/klubblokale slik omsøkt.</li> <li>2. Tilskotet kan utbetalast når det ligg føre kvitteringar for gjennomført prosjekt.</li> <li>3. Tilskotet skal dekkjast over post 14700.4011.231 Prosjektmidlar.</li> </ol>
<b>Status</b>	Tilskotet vert utbetalt når føresetnadane er oppfylte.
<b>Framdrift</b>	

<b>78/16</b>	<b>SØKNAD OM KULTURMIDLAR – DISPOSISJONSPOST, TOFTETUNET/MYKLEBUSTTUNET</b>
<b>Vedtak</b>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Toftetunet – Myklebusttunet får tilskot til dekning av 40 t. støttekontakt, samt til køyreutgifter for bebuarar på tunet i høve deltaking dei aktuelle dagane av Herøyspelet 2016.</li> <li>2. Tilskotet vert utbetalt når timelister og reiserekningar ligg føre.</li> </ol>



	<p>3. Tilskotet vert dekt over post 14700.4011.377 Disposisjonspost.</p> <p>4. For komande år vert det sett av ein fast sum på kr. 10 000 pr år til formålet. Tilskot ut over dette skal leggjast fram for komiteen for behandling.</p>
<b>Status</b>	Tilskotet er utbetalt. Sak avslutta.
<b>Framdrift</b>	

<b>79/16</b>	<b>SØKNAD OM KULTURMIDLAR – DISPOSISJONSPOST, KULTURHELG MOLDE</b>
<b>Vedtak</b>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Toftetunet – Myklebusttunet får tilskot til dekning av 40 t. støttekontakt, samt til køyreutgifter for bebuarar på tunet i høve deltaking dei aktuelle dagane av Herøyspelet 2016.</li> <li>2. Tilskotet vert utbetalt når timelister og reiserekningar ligg føre.</li> <li>3. Tilskotet vert dekt over post 14700.4011.377 Disposisjonspost</li> <li>4. For komande år vert det sett av ein fast sum på kr. 10 000 pr. år til formålet. Tilskot ut over dette skal leggjast fram for komiteen for behandling</li> </ol>
<b>Status</b>	Tilskotet er utbetalt. Sak avslutta.
<b>Framdrift</b>	

Komiteen for næring, kultur og idrett 12.09.06

<b>55/16</b>	<b>FORPROSJEKT FOR MOGLEG ETABLERING AV NORDISK NETTVERK FOR STAD- OG IDENTITETSUTVIKLING MED VEKT PÅ KULTUR</b>
<b>Vedtak</b>	<p>Komiteen for Næring, kultur og idrett gir si tilslutning til deltaking i forprosjektet til «Made in Klaksvik» slik føreslått.</p> <p>Forprosjektet er planlagt gjennomført i 2016, og formålet er å avklare om det er grunnlag for å delta i eit tre-årig nordisk nettverkssamarbeid som skal arbeide for auka positiv innverknad på bulyst, stad- og identitetsutviklinga i samarbeids-kommunane, med vekt på kultur.</p>
<b>Status</b>	Forprosjektet er utsett til 2017 grunna nyvalg på Færøyane.
<b>Framdrift</b>	Forventa gjennomført i 2017.

<b>57/16</b>	<b>TILDELING AV DRIFTSTILSKOT AV KULTURMIDLAR - 2016</b>
--------------	--

<b>Vedtak</b>	<p>Kulturmidlane er fordelt på kategoriar Barn og unge, Song og musikk, Idrett etter vedlagt liste over tildeling.</p> <p>Tilskotet vert utbetalt over post  Barn og unge, 14700. 4011. 231.  Idrett, 14700. 4011. 380.  Song og musikk, 14700. 4011. 377.</p> <p>Tildelingane er utrekna ut frå retningslinjer for tildeling av kulturmidlar.</p>
<b>Status</b>	Tildelingane er overført mottakarane. Sak avslutta.
<b>Framdrift</b>	

<b>58/16</b>	<b>SØKNAD OM KULTURMIDLAR – EINGONGSINVESTERING/PROSJEKT, FISKARKONA OG DØTRENE HENNAR</b>
<b>Vedtak</b>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Forteljeriet Vestafor Måne får tilsegn om tilskot på kr. 10 000 til produksjon av boka «Fiskarkona og døtrene hennar – eit 100 årig kvinneminnealbum»</li> <li>2. Tilskotet kan utbetalast når det kan leggjast fram kviitering for gjennomført prosjekt</li> <li>3. Tilskotet skal dekkjast over post 14700.4011.377 Disposisjonspost</li> </ol>
<b>Status</b>	Tilskotet er utbetalt. Boka er produsert og i handelen. Sak avslutta.
<b>Framdrift</b>	

<b>59/16</b>	<b>SØKNAD OM KULTURMIDLAR – EINGONGSINVESTERING/PROSJEKT, «NEI TIL MOBBING»</b>
<b>Vedtak</b>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Regine Hermansen Sandhaug og Maria Husøy får tilsegn om tilskot på inntil kr. 25 000 til filmprosjektet «Nei til mobbing»</li> <li>2. Tilskotet kan utbetalast når de ligg føre kviitering for gjennomført prosjekt</li> <li>3. Tilskotet skal dekkjast over post 14700.4011.231 Aktivitetstilbod barn og unge</li> </ol>
<b>Status</b>	Tilskotet er utbetalt. Filmen visast framfor kvar kinoframsyning. Sak avslutta.
<b>Framdrift</b>	

### **3. TENESTERAPPORTERING**

#### **Intern avviksrapportering**

Det er meldt slike avvik til anna avdeling:

Ingen

Det er meldt slike avvik i Compilo (Kvalitetslosen) siste tertial:

Ingen

#### **Avvik frå offentlege tilsynsorgan**

Ingenting å rapportere

#### **Pålegg frå offentlege tilsynsorgan**

Ingenting å rapportere

#### **Utviklingsarbeid**

Det er sett i verk fylgjande utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

- Forarbeid til nye kommunale planar innan kulturminnearbeid og områderegulering av Herøy gard med tilgrensande eigedomar
- Byggeprogram Herøy kulturhus og Herøyhallen



# Utviklingsavdelinga

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller

Rapporten gjeld for utviklingsavdelinga siste periode.

## 1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

### Plan

Avdelinga har hatt full bemanning sidan 1 september.

Det har vore arbeid med mange saker og fleire av sakene ligg i dag ute til høyring.


Følgjande planar er avslutta i siste periode med vedtak i kommunestyret eller formannskapet: *Slutthandsaming av planstrategi for Herøy kommune 2016 -2020, Detaljreguleringsplan for Stokksund B33 - Klagehandsaming*

Avdelinga har 44 planoppgåver på lista si pr.dat, av desse er 17 (15) private planar.

Oversikt ligg vedlagt, 01.

### Byggesak

Avdelinga ser ein nedgang av innkomne saker, men kompleksiteten aukar. Det er til tider høgt arbeidstrykk på dei tilsette og sjukemeldingar. I tredje tertial er det kome inn 109 saker (152 i same periode i fjor) og det er handsama 157 saker (138 i same periode i fjor).





### Oppmåling ( tal frå tredje tertial)

I tredje tertial er det gjennomført 13 oppmålingsforretningar, Det er oppretta nye matrikkeleiningar til føremål: 3 bustad, 1 næring, 2 naust og 3 anna formål. I perioden er gjennomført 9 forretningar som gjeld frådeling av tilleggsareal. Ein har pr. 01.01.2017, 11 oppmålingsforretningar på vent.



Oversikt ligg vediagt, 02.

### Eigedom

Det vert arbeidd systematisk og godt saman med servicetorget

### Anlegg

Av oversikta viser det seg at ein har 31 oppgåver totalt. Det har vore prioritert å avslutte eldre saker i 2016 foreta økonomisk avslutning på prosjekt.

Oversikt ligg vedlagt, 04.

### Brann

17 av brannvernets brannkonstablar sa opp stillingane sine frå og med 1. desember 2016. Dei har 3 månaders oppseiingstid og vil gå ut av brannvernet frå og med 1. mars 2017. Dei ledige stillingane ved Fosnavåg stasjon vart utlyste 6. desember 2016. Stillingane ved Myrvåg stasjon er førebels ikkje utlyste då ein først vil ha ei politisk vurdering av brannvernberedskapen i januar 2017.

Det er iverksatt ei rekkje tiltak m.a arbeidsmiljøundersøkelse.

## Drift

Det kommunale vegnettet har enno mange vegar med dårleg dekke og bereevne. Behovet for reasfaltering er aukande. Innanfor området idrett er det ressursmangel som medfører at det berre vert utført eit minimum av drift og vedlikehald. Sentrumsområda er til dels slitne og har behov for opprusting og vedlikehaldsetterslepet aukar år for år.

Sak om innføring av hamneavgifter er under arbeid og forventast implementert første tertial 2017.

Ulike løysingar for teknisk vakt vert vurdert framover. Med kommunestyret sitt budsjettvedtak legg ein opp til at teknisk vakt skal vere på plass 1 april.

Oversikt ligg vedlagt, 05.

## **2. VEDTAKSRAPPORT**

Vedtaksrapporten omfattar vedtak frå kommunestyret tilbake til mars 2015:

<b>SAKSNUMMER</b>	<b>Bypark, Huldalskrysset og trafikkforhold Djupedalen</b>
<b>Vedtak</b>	K SAK 33/15 – 26.03.2015
<b>Status</b>	Ikkje arbeid med i siste periode
<b>Framdrift</b>	Vert å vurdere i samband med byutviklingsprosjektet der ein ser samla på byrom, parkering og mobilitet for Fosnavåg.

## **3. TENESTERAPPORTERING**

### **Intern avviksrapportering**

Ingenting særskilt å rapportere.

### **Utviklingsarbeid**

- Byutviklingsprosjektet, det vert arbeidd med visjon, planlegging av byrom og kryssing mot Vågsholmen
- Mudring av Fosnavåg hamn vil ha særskild merksemd utover året
- Omorganiseringsprosessen går vidare og vil krevje ressursar.
- Innføring av hamneavgifter
- Innføring av teknisk vakt

Plannamn	Planleggjar	Kommentar
Kommunedelplan for Herøy - strategisk næringsplan	Ole Magne	Planen er under utarbeiding.
Kommunedelplan for Herøy - idrett,fysisk og friluft	Tanja	Planarbeid er ikkje starta opp.
Frivilligplan for Herøy	Tanja	Planarbeid er ikkje starta opp.
Kommunereform	Ole Magne	
Kommunedelplan for Herøy - trafikktrygging	Tanja	Ferdigstilling av forslag handlingsplan for pol.sak om utlegging til off ettersyn
Interkommunal marin næringsplan	Ole Magne	Det er gjort vedtak om oppstart og nedsetting av arb. gruppe.
Reguleringsplan for Kvalsund hamn	Erlend	Ventar på brua
FV 654 Flusundkryset - kryss mot Kvithaugsmyra	Erlend	Vert sett på vent - j. Prioriteringar i Trafikktryggingssplanen
FV 18 Leine - Remøyholmen	Ikke fordelt	Venter på Remøybrua
Reguleringsplan Herøy gard	Tanja	Planarbeid varsla igangsett. Utarbeiding av plan står for tur.
Regulering av deponi, ytre hamn- gbnr 35/31 m.fl. Fosnavåg	Erlend	Planprogram vedteke. Ventar på framlegg til detaljreguleringsplan frå Asplan Viak AS ila. Vinteren 2017
Regulering ytre del Fosnavåg, byutviklingsprosjektet	Tanja	Her skal alle planleggjarar bidra, Tanja er kun koordinator
Mylklebust, utviding av bustadfelt	Ikke fordelt	Står på lista, men er ikkje prioritert i gjeldande økonomiplan
Industriområde Myrvåg	Ikke fordelt	Står på lista, men er ikkje prioritert i gjeldande økonomiplan
Parkeringsplass lysløype Leikong	Tanja	Planarbeid er ikkje starta opp.
Detaljregulering planfri kryssing Koppen	Tanja	Må omarbeide plan etter motsegn
Detaljregulering gang og sykkelveg Nykrem-Djupvik	Tanja	2017
Detaljregulering gang og sykkelveg Frøystad-Torvik	Tanja	2017
Detaljregulering gang og sykkelveg Moltu	Tanja	Plan endeleg staadfesta av fylkesmann.
Detaljregulering gangveg Osen, Leikong	Tanja	
Nerlandsøybrua, tilleggsregulering veg	Erlend	Planarbeid er ikkje oppstarta
Nerlandsøybrua	Erlend	Statens vegvesen er i gang med detaljreguleringa. Naudsytte sikringstiltak på eksisterande bru er iverksatt. Kommuna ventar på vidare saksgang frå S. V.
Masseuttak stein	Erlend	Ingen framdrift - Irøgen endring sidan 28.04..2016
Detaljreguleringsplan for næringsområde, Eggesbønes	Erlend	Planarbeid er i innleiande fase med utarbeiding av forslag til planprogram. Ventar på oppstart
Detaljregulering Indre Moltumyr	Erlend	Planarbeid er oppstarta og konsulent arbeider med behandling av innspel etter høyring.
Reguleringsendring Eggesbøjordra sør	Erlend	Planforslaget møtte motsegn ved offentlig ettersyn hausten 2016. Ventar på vidare tiltak frå tiltakshavar.
Detaljregulering Stokksund B33	Ole Magne	Planen er klagebehandla og kunnngjort. Klagefrist 06.01.2016.
Detaljregulering for gnr 19 Bnr 85 m.fl Røyra	Tanja	Tiltakshavar arbeider med finansiering i høve til registrering av kulturminne.
Detaljregulering Teigebogen/Teigeneset	Ole Magne	Lite framdrift, ligg på konsulent.
Detaljregulering Gjertnesmarka	Ole Magne	Avventar dokumentasjon frå tiltakshavar.
Detaljregulering Flusund brygge gnr 27 bnr 2	Erlend	Planarbeid er oppstarta og under arbeid med konsulent. Forventa framlegg av planforlag til offentlig høyring hausten 2016.
Detaljregulering for Teigane gnr 5 bnr 1 m.fl	Ole Magne	Lite framdrift, ligg på konsulent.
Reguleringsendring Leine gnr 26 bnr 24	Ole Magne	Avklart spørsmål frå tiltakshavar. Avventar innsending av plan frå konsulent.
Detaljregulering for Håvika gnr 53 bnr 5	Ole Magne	Planarbeid er oppstarta og under arbeid med konsulent
Reguleringsendring for Røyra gnr 19 bnr 3	Tanja	Ventar på konsulent
Reguleringsendring Aspevika hytteområde	Ole Magne	Avventar dokumentasjon frå tiltakshavar.
Regulering Indre hamn, deponi og næringsareal gbnr. 34/379 m.fl.	Erlend	Planprogram vedteke. Ventar på framlegg til detaljreguleringsplan frå Asplan Viak AS ila. Vinteren 2017
Detaljregulering for gnr 30 bnr 9 på Elsebø	Ole Magne	Gjennomført oppsærtsmøte, men oppstartsvarsel er ikkje sendt.
Detaljreguleringsplan for del av B43 - Bustadfelt Leikong med naustområde	Erlend	Sak skal opp til forrannskapet i januar 2017 med søknad om oppstart
Kommunedelplan for gnr. 27/1 på Flusund	Erlend	Sak skal opp til forrannskapet i januar 2017 med søknad om oppstart
Kommunedelplan Hamn	Erlend	Planprogram er klart til MTK, F-sak og K-sak for oppstart i februar.
Detaljregulering for Tarberg hytteområde gnr 6. bnr 2 m.fl.	Erlend	Planforslag ligg ute til offentlig ettersyn til 27.01.2017
Kulturminneplan	Tanja	Vert starta opp januar/februar 2017
Rusmiddelpolitisk plan	Ole Magne	Planarbeid skal startast opp hausten 2016.

# OPPMÅLING


## Utviklingsleiar Jarl Martin Møller

Rapportdato: 09.01.2016

Ansvarleg: Agita Freimane

<b>Status</b>	I tredje tertial er det gjennomført 13 oppmålingsforretningar, Det er oppretta nye matrikkeleiningar til føremål: 3 bustad, 1 næring, 2 naust og 3 anna formål. I perioden er gjennomført 9 forretningar som gjeld frådeling av tilleggsareal. Ein har pr. 01.01.2017, 11 oppmålingsforretningar på vent.
<b>Framdrift</b>	Avdelinga har 3 tilsette til oppmålingsarbeid (til saman reelt 250 % pr. 01.01.2017). Ein av dei er ny medarbeidar som treng opplæring og tid for å jobbe sjølvstendig.

### AKTIVITET:





Prosjektbeskrivelse	Ansvarleg	Type prosjekt	Kort kommentar
Kvalsund/Teige	LENE	UTBYGGINGSAVTALE	Anlegget er ikkje ferdigstilt, har purra på utbyggar.
Veg 7 - Bergslia	JON RUNE	ANLEGG VEG	Restarbeid + øk. Avslutning
Leikanger skule. 7-ar bane.	LENE	ANLEGG IDRETT	Alt er avklart/avslutta, må vente på tilsegn om spelemidlar.
Bru til Herøy gard	JON RUNE	ANLEGG VEG	Kva bru skal byggast, må inn i budsjett
Leine bustadfelt	JON RUNE	ANLEGG BUSTADAREAL	Øk.avslutning
Vikøe, rassikring	JON RUNE	ANLEGG ANDRE	Sak om øk.avslutning levert til pol. handsaming
Nørpå, veg og fortau	LENE	ANLEGG VEG	Jobbar med innsamling av informasjon før engasjering av konsulent
Bustadfelt, dreneringstiltak	FRED	ANLEGG ANDRE	Delvis utført, må planleggast, Kvalsund, Leinestøylen, Sævik
Vågsholmen, pumpeledning	JON RUNE	ANLEGG AVLØP	Samarbeidsprosjekt med Herøy vasslag
Dragsund, nytt næringsområde	ELDAR	ANLEGG NÆRINGSAREAL	Neste økonomiplanperiode
Dragsund, utviding bustadfelt	ELDAR	ANLEGG BUSTADAREAL	Vurderes på slutten av året
Ny Bergsøy skule	ELDAR	ANLEGG ANDRE	Neste økonomiplanperiode
Bustadfelt, infrastruktur	LENE	ANLEGG BUSTADAREAL	
Vågsholmen, ny bru	JON RUNE	ANLEGG VEG	Ny bru og steinfylling
Bergshaugen	JON RUNE	UTBYGGINGSAVTALE	Ikkje ferdigstilt frå utbyggar
Myklebustvatnet vest	JON RUNE	UTBYGGINGSAVTALE	Ikkje ferdigstilt frå utbyggar
Tovågen	LENE	UTBYGGINGSAVTALE	Nærmast seg ferdig, kontaktar dei igjen oktober.
Myklebuståsen	LENE	UTBYGGINGSAVTALE	Tidlegare avtale er avslutta. Avtalt møte om ny avtale.
Vågsholmen	JON RUNE	UTBYGGINGSAVTALE	Utbyggar har levert søknad om rammeløype - mai 2016
Havila stadion	LENE	ANLEGG IDRETT	Ventar på avklaring frå økonomi vedr. summer
Moltau, avskjerande grøft	JULIA	ANLEGG ANDRE	NVE samarbeidsprosjekt 80/20, under arbeid
Turssti Myklebustvatnet	ELDAR	ANLEGG IDRETT	Oppfølging av budsjettvedtak
Leikanger skule, parkering/snuplass	ELDAR	ANLEGG VEG	Bygging pågår
Vegarm Campus-Myklebust	JON RUNE	ANLEGG VEG	Under arbeid
Mjølstadneset- myrdeponi	JON RUNE	ANLEGG ANDRE	Sak om øk.avslutning levert til pol. handsaming
Vike/Toftedal	ELDAR	ANLEGG BUSTADAREAL	Bygging ferdig, avslutningsfase
Myrøbakken bustadfelt	ELDAR	ANLEGG BUSTADAREAL	Bygging pågår
Frøystadskaret - planfri kryssing	ELDAR	ANLEGG TRAFIKKTRYGGING	Bygging pågår
Skarøbakken- oppgradering	ELDAR	ANLEGG VEG	Kommunal forskottering, STV arbeider med prosjektet
Almønningen	LENE	ANLEGG HAMN	Har engasjert konsulent
Ladestasjon el bil	ELDAR	ANLEGG ANDRE	Bygging ferdig, økonomisk avslutning gjenstår



### 5122/332 Vegvedlikehald

<b>Avvik</b>	<ol style="list-style-type: none"><li>1. Dårlig dekke og bereevne på mange av dei kommunale vegane.</li><li>2. Generelt mangelfull grøfting/drenering langs vegane</li><li>3. Behov for reasfaltering inkl. nødvendige forsterkningar</li><li>4. Ressursmangel gjer at vedlikehaldet er begrensa til det ein vurderer å vere eit minimumsbehov.</li></ol>	<b>Alvorleg/Moderat</b>
<b>Status</b>	Det kommunale vegnettet har enno mange vegar med dårlig dekke og bereevne. Behovet for reasfaltering er aukande.	
<b>Framdrift</b>	Uviss. Avhengig av ressursar.	

### 5125/ 380 Idrett

<b>Avvik</b>	Ressursmangel gjer at det berre vert utført eit minimum av drift og vedlikehald	<b>Moderat</b>
<b>Status</b>	Anlegga er til dels slitne og har behov for opprusting. Vedlikehaldsetterslepet aukar år for år.	
<b>Framdrift</b>	Uviss. Avhengig av ressursar.	

### 5126/335 Sentrum og grøntanlegg

<b>Avvik</b>	Ressursmangel gjer at det berre vert utført eit minimum av drift og vedlikehald	<b>Moderat/Alvorleg</b>
<b>Status</b>	Sentrumsområda er til dels slitne og har behov for opprusting. Vedlikehaldsetterslepet aukar år for år.	
<b>Framdrift</b>	Uviss. Avhengig av ressursar.	

### 5123/330 Hamn

<b>Avvik</b>	<ol style="list-style-type: none"><li>1. Lovpålagde innretningar er mangelfulle</li><li>2. Gjennomføring av inspeksjon av kaier/kaikonstruksjonar berre delvis gjennomført</li><li>3. Manglar ved straumforsyningsanlegg, fenderverk m.m.</li></ol>	<b>Alvorleg/Moderat</b>
<b>Status</b>	Sak om innføring av hamneavgifter er under arbeid.	
<b>Framdrift</b>	Uviss. Avhengig av ressursar.	

### 5131/353,350 Avlaup

<b>Avvik</b>	Har ikkje teknisk vakt.	<b>Alvorleg</b>
<b>Status</b>	Ulike løysingar for teknisk vakt vert vurdert. Ein kan ikkje pårekne at dei tilsette stiller opp til alle døgnets tider. Enkelte vert for mykje belasta utanom normalarbeidstid.	
<b>Framdrift</b>	Målset oppretting av teknisk vakt snarast mogleg i 2016.	

## 5121/332 Veg- og gatelys

<b>Avvik</b>	Det går for lang tid å få gjort utført nødvendig drifts- og vedlikehaldsarbeid på veglysnettet.	<b>Moderat</b>
<b>Status</b>	Manglande kapasitet hos Mørenett AS og i Utviklingsavdelinga tii å få utført reparasjon og oppfølging av feil og manglar på veglysnettet. Mørenett AS er einaste leverandør av slike tenester.	
<b>Framdrift</b>	Etter kapasitet på avdelinga og hos Mørenett AS.	

## Pålegg frå offentlege tilsynsorgan

### Arbeidstilsynet:

	<b>Tilrettelegging/etablering av skiten og rein sone(garderobe) ved kommuneverkstaden</b>	
<b>Status</b>	Pålegg frå Arbeidstilsynet om manglande tilrettelegging av skiten og rein sone (garderobe) ved uteseksjonen til Anleggs- og driftsavdelinga. Ikkje mogleg å få til i dagens lokale.	
<b>Framdrift</b>	Nye lokale må byggast.	

# EIGEDOMSAVDELINGA

Eigedomsleiar Robert Myklebust

## 1. VIKTIGE HENDINGAR I TREDJE TERTIAL 2016

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar andre tertial:

### Bergsøy skule Borga

Bergsøy skule Borga vart mellombels stengt etter funn av asbest i samband med legging av nytt gulvbelegg. Saka fører til at kommunale bygg oppført før 1986 no vert kartlagt for asbest i tillegg til at interne prosedyrer for handtering av slike saker vert revidert.

### Leikanger skule og grendahus

Prosjektbygg AS overleverte Leikanger skule og grendahus til Herøy kommune etter fullført oppgradering av eksisterande bygg og tilbygg for å stette arealbehovet som auka elevtal medfører.

### EPC – Energisparekontrakter

Anbuds konkurransen for EPC – fase 1 – vart lagt ut på Doffin. Rådgjevar for kartleggingsfasen vert valgt i løpet av fyrste tertial 2017. Forslag til investeringsplan for prosjektet i perioda 2018-2019 vert oversendt til politisk behandling i samband med budsjettprosessen 2018.

## 2. VEDTAKSRAPPORT

Vedtak i kommunestyret tredje tertial.

<b>K-sak 169/16</b>	<b>Herøy omsorgssenter – raud og grøn avdeling – brannsikring</b>
<b>Vedtak</b>	<p>1. Kommunestyret tek den branntekniske tilstandsrapporten for Herøy omsorgsavdeling, raud og grøn avdeling, til vitande.</p> <p>2. Kommunestyret ber rådmanen om å søke planleggingsmidlar for fullsprinkling av bygget innarbeida i budsjett 2017 og fremme ny sak til kommunestyret når fullsprinkling er utgreia og kostnadsberekna.</p>
<b>Status</b>	Kommunestyret har i budsjett 2017 løyvd midlar til brannsikring av kommunale bygg generelt. Eigedomsavdelinga nyttar deler av midlane til å gjennomføre ovannemnde vedtak.

<b>Framdrift</b>	Framdriftsplan vert utarbeida i fyrste tertial 2017 og rapportert i tertialrapport 2017-2.
------------------	--

Vedtak i formannskapet tredje tertial.

<b>F-sak 211/16</b>	<b>Leigeavtale Myrvåg legesenter</b>
<b>Vedtak</b>	Kommunen godkjenner at det vert inngått ny leigeavtale mellom Myrvåg Helsesenter AS og Herøy kommune om utvida leige og leigetid ved Myrvåg legesenter. Den årlege auka kostnaden ved utvidinga, ca kr. 98.000,- vert å belaste legetenester 3131.
<b>Status</b>	Formannskapetets vedtak gir Myrvåg helsesenter AS det formelle grunnlaget for å iverksette naudsynt ombygging av eksisterande helsesenter. Eksisterande leigekontrakt gjeld inntil revidert kontrakt vert signert etter gjennomført ombygging.
<b>Framdrift</b>	Myrvåg helsesenter AS har igangsett ombygging av helsesenteret.

For saker knytt til byggeprosjekt, sjå tertialrapport byggeprosjekt.

### 3. TENESTERAPPORTERING

#### Intern avviksrapportering

Compilo er ikkje fullt ut implementert blant dei tilsette i eigedomsavdelinga. Dette skuldast fyrst og fremst at ikkje alle tilsette har datatilgang i det daglege arbeidet. Vi har sett i gang eit prosjekt med nettbrett, særleg inn mot reinhaldstilsette, for å utbetre dette. Pr rapporteringsdato har majoriteten av reinhaldarane fått utdelt nettbrett.

Av dei avvik som er meldt inn i systemet, er hovuddelen knytta til arbeidsoppgåver som ikkje er gjennomført innan fristen samt byggtekniske avvik som eigedomsavdelinga meiner skulle vore handtert i Famac, ikkje Compilo.

#### Avvik frå offentlege tilsyn

##### Branntilsyn

Herøy brann og redning gjennomfører branntilsyn i kommunale bygg. Det er mange avvik, både organisatorisk og byggteknisk. Det vert jobba kontinuerleg for å lukke desse avvika.

## Pålegg frå offentlege tilsyn

Arbeidstilsynet – Bergsøy skule Borga	
<b>Pålegg</b>	1. Utarbeiding av register over eksponerte arbeidstakarar 2. Pålegg om utarbeiding av interne prosedyrer for asbesthandtering
<b>Status</b>	1. Register er under utarbeiding. 2. Interne prosedyrer er ferdigstilt.
<b>Framdrift</b>	Tilsvar til Arbeidstilsynet vert ekspedert innan fristen.

## Utviklingsarbeid

### Digitalisering av planteikningar

Eigedomsavdelinga har starta arbeidet med å digitalisere planteikningane for kommunale bygg for bruk i avdelinga sitt FDV-system FamacWeb. Digitalisering inneber at dei tilsette kan hente ut informasjon om det aktuelle bygg ned på romnivå via mobiltelefon eller nettbrett. Dette er no under uttesting mellom reinhaldarane ved Herøy kulturhus og idrettshall.

## Vedlikehaldsplan 2016

Kommunestyret vedtok i K-sak 36/16 årsplan for 2016, herunder også vedlikehaldsplanen for 2016:

Finansiering	2016	2017	2018	2019
Budsjett- og økonomiplan 2016-2019	3 500 000,-	-	-	-
Revidert budsjett 2016	3 405 000,-	Merknad	Rammetrekk kr. 95 000,-	

Administrasjonsbygg	Aktivitet
Herøy rådhus	Ingen planlagde vedlikehaldstiltak.
<b>Merknad</b> Sjå prosjekt 70021 for meir informasjon om aktuelle investeringstiltak.	



Interne serviceeiningar	Aktivitet
Fosnavåg brannstasjon / verkstad	Ingen planlagde vedlikeholdstiltak.
Fosnavåg driftsbasis	Ingen planlagde vedlikeholdstiltak.
<b>Merknad</b> Sjå prosjekt 61604 for meir informasjon om aktuelle investeringstiltak.	

Førskulelokale	Aktivitet	Status
Leikanger grendahus	Maling av gjerde v/ rullestolrampe.	Utført.
Bergslia barnehage	Ingen planlagde vedlikeholdstiltak.	
Moltu barnehage	Ingen planlagde vedlikeholdstiltak.	
Myrsnipa barnehage	Maling av trekledning.	Arbeidet er utsatt.
	Utskifting vindu og dører.	Arbeidet er bestilt.
<b>Merknad</b> Sjå prosjekt 70022 for meir informasjon om aktuelle investeringstiltak.		

Skulelokale	Aktivitet	Status
Nerlandsøy skule	Solskjerming.	Arbeidet er bestilt.
	<u>Barnehagebygget</u> Maling av trekledning, herunder delvis etterisolering og delvis ny trekledning og nye vindu.	Utført.
	Oppussing gang	Utført.
Bergsøy skule Borga	Ingen planlagde vedlikeholdstiltak *	
Bergsøy skule Blåhaugen	Maling av bærekonstruksjonar i stål.	Utført.
	Maling av betongelement.	Arbeidet er utsatt.
	Fuging av betongelement.	Utført.
Einedalen skule	Ingen planlagde vedlikeholdstiltak *	
Moltu skule	Reparasjon fasade på gymsalen.	Overført til EPC-prosjektet.

	Solskjerming.	Arbeidet er utsatt.
	Maling av trekledning- og betongvegger.	Utført.
Stokksund skule	Dele av mediatek.	Pågår.
	Flytte delevegg klasserom.	Pågår.
	Etablering av ny reinhaldssentral.	Pågår.
Leikanger skule	Ingen planlagde vedlikeholdstiltak.	-
Ytre Herøy ungdomskule	Brannsikring av utvendig skur.	Arbeidet er bestilt.
	Maling av betongkonstruksjonar.	Arbeidet er utsatt.
<b>Merknad</b> Sjå prosjekt 61603, 70016 og 70022 for meir informasjon om aktuelle investeringstiltak.		

Aktiveringstenester	Aktivitet	Status
Frivilligsentralen	Ingen planlagde vedlikeholdstiltak *	-
Solheim dagsenter	Vedlikehald av fasade til garasjen	Pågår.
Herøy aktivitetssenter	Ingen planlagde vedlikeholdstiltak.	-
Vaksenopplæringa	Ingen planlagde vedlikeholdstiltak.	-
<b>Merknad</b> Sjå prosjekt 60106 for meir informasjon informasjon om aktuelle investeringstiltak.		

Helsebygg	Aktivitet
Myrvåg legevaktsentral	Ingen planlagde vedlikeholdstiltak.
Myrvåg legesenter	Ingen planlagde vedlikeholdstiltak.
Myrvåg helsestasjon	Ingen planlagde vedlikeholdstiltak.
Herøy helsesenter	Ingen planlagde vedlikeholdstiltak.
<b>Merknad</b> Lokala i Myrvåg er innleigde. Ansvaret for vedlikehald er difor redusert samanlikna med eigne lokale.	

Institusjonsbygg	Aktivitet	Status
Herøy omsorgssenter - raud/grøn	Maling av betongkonstruksjonar *	Overført til 2017.
Herøy omsorgssenter - gul	Ingen planlagde vedlikeholdstiltak *	-
Herøy omsorgssenter - blå	Ingen planlagde vedlikeholdstiltak *	-
Myrvåg omsorgssenter	Utsifting av vindu.	Pågår.
	Ombygging av personaltoalett til lagerrom.	Utført.
<b>Merknad</b> Sjå prosjekt 51408 og prosjekt 70020 for meir informasjon om aktuelle investeringstiltak.		

Utleigebustadar	Aktivitet	Status
Igesundvegen 21	Ingen planlagde vedlikeholdstiltak.	-
Kvithaugsmyra 4	Maling av trekledning.	Utført.
Myrvågtoppen 33-59	Maling av trekledning.	Utført.
Rabbegjerdet 3	Maling av trekledning.	Arbeidet er utsatt.
Sjukeheimsvegen 06	Utsifting av verandadører og vindu.	Utført.
	Maling av trekledning.	Arbeidet er utsatt.
	Skifte golvbelegg i fellesareal.	Utført.
	Reparasjon av skade etter taklekkasje.	Utført.
Sjukeheimsvegen 11	Maling av utebod og rekkverk.	Utført.
Sjukeheimsvegen 13	Maling av utebod og rekkverk.	Utført.
Sjukeheimsvegen 14	Maling av trekledning og bærekonstruksjonar.	Utført.
Solbergvegen 2-4	Maling av trekledning.	Utført.
Tjørnvågvegen 274-276	Vedlikehold av elektrisk installasjon.	Utført.
Trolldalsvegen 16-18	Maling av trekledning.	Utført.
Trolldalsvegen 20-22	Maling av trekledning.	Utført.
Øvre Myklebust 1	Maling av trekledning.	Utført.
<b>Merknad</b> Sjå også kommunedelplan for bustadpolitikk, strategi for kommunalt butilbod.		

<b>Aktivitetstilbud</b>	<b>Aktivitet</b>
Herøy produksjon	Ingen planlagde vedlikeholdstiltak *
<b>Merknad</b> Sjå prosjekt 61504 for meir informasjon om aktuelle investeringstiltak.	

<b>Kulturbygg</b>	<b>Aktivitet</b>	<b>Status</b>
Leikanger grendahus	Ingen planlagde vedlikeholdstiltak *	-
Herøy kulturhus og idrettshall	Reparasjon rustsprenging i fasaden *	Arbeidet er utsatt.
Fosnavåg konserthus og kino	Ingen planlagde vedlikeholdstiltak.	-
<b>Merknad</b> Sjå prosjekt 70022 og prosjekt 60106 for meir informasjon om investeringstiltak.		

<b>Tilrettelegging for næringsliv</b>	<b>Aktivitet</b>
Nedre Dragsund 2	Ingen planlagde vedlikeholdstiltak *
<b>Merknad</b> Sjå prosjekt 70023 for meir informasjon om planlagde investeringstiltak.	

\* \* \*





## **Referatsaker**

**RS 1/17 Moltustranda Båtforening gnr. 62 bnr. 26 og 48 - frådeling av  
nausttomt Moltustranda Båtforening gnr. 62 bnr. 26 og 48 - frådeling av  
nausttomt 19.01.2017 00:00:00 MOLTUSTRANDA BÅTFORENING**



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

## UTVIKLINGSAVDELINGA

MOLTUSTRANDA BÅTFORENING  
c/o Geir Flø  
6076 MOLTUSTRANDA

### LØYVE TIL TILTAK

etter plan- og bygningslova § 20 – 1

Sakshandsamar:	AF	Saksnr.	2016/1739
Utvalssaksnr:	19/17	Arkiv:	62/26
		Vedtaksdato:	19.01.2017

ENKELTVEDTAK – med klagerett i samsvar med forvaltningslova kap. 6

#### **Moltustranda Båtforening gnr. 62 bnr. 26 og 27 - frådelling av nausttomt**

*Med heimel i Herøy kommune sitt delegasjonsreglement og intern delegasjon frå rådmannen, vert det gjort slikt vedtak:*

#### **Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-4 av 27. juni 2008 nr. 71, og Lov om eigedomsregistrering (Matrikkellova) §§ 33 og 34, godkjenner utviklingsleiaren søknad om løyve til tiltak jfr pbl § 20-1 m, datert 12.12.2016

Utviklingsleiaren gjev løyve til oppretting av ny matrikkeleigedom (frådelling av tilleggsareal til 62/48). Med heimel i pbl § 21-4 b, og Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 20 vert det stilt krav om at den frådelte parsellen skal samanføyast med gnr. 62 bnr. 48.

#### **Følgjande dokument ligg til grunn for godkjenninga:**

- Søknad om løyve til tiltak med vedlegg, 12.12.2016
- Situasjonsplan, 19.01.2017

Jarl Martin Møller  
Utviklingsleiar

Agita Freimane  
Sakshandsamar



## SAKSOPPLYSNINGAR:

<b>Tiltak:</b>	Frådeling av nausttomt
<b>Søknadsdato:</b>	13.12.2016
<b>Tiltakshavar:</b>	Moltustranda Båttforening
<b>Naboforhold:</b>	-
<b>Eigedom:</b>	62/26 og 62/27
<b>Planstatus:</b>	Eigedomen er avsett til naust-formål i gjeldande arealdel av kommuneplan.
<b>Infrastruktur: veg, vatn og avlaup</b>	Eksisterande tilkomst over eigedomen 62/27 og 62/50
<b>Dispensasjon (pbl § 19-2)</b>	-

### Vurdering

Moltustranda Båttforening eigar av gnr. 62 bnr 26 og 27 søker om løyve til frådeling av ei tomt som er oppgitt å vere om lag 110m<sup>2</sup>. Endeleg arealstorleik og arrondering av tomta vert bestemt under oppmålingsforretninga.

Det er allereie gitt løyve å bygge eit naust på det omsøkte området Sak 2016/1312, vedtak 10.10.2016.

Tomta ligg i eit område som er avsett til naust-formål i arealdelen av kommuneplanen.

### Konklusjon

Utviklingsleiaren har ingen vesentlege merknader til søknad om frådeling av ei nausttomt frå gnr. 62 bnr. 26,27 slik det er søkt om.

### Vidare sakshandsaming

3 veker etter at dette vedtaket er ekspedert og klagefristen er ute vil saka verte overført til landmålar for fullføring av delingsvedtaket. Landmålar vil sende ut skriftleg innkalling til rekvirent og andre parter for gjennomføring av kartforretning.

<b>Generelle opplysningar</b>	
<b>Bortfall av løyve, jfr. plan- og bygningslova § 23-1</b>	
Er tiltaket ikkje sett i gong seinast 3 år etter at Rammeløyve / byggeløyve er gjeve, fell løyve bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år. Føregåande avgjerd gjeld tilsvarande for dispensasjonar. Fristane kan ikkje forlengast.	
Vert eit tiltak innstilt i lengre tid enn 3 månader, kan kommunen krevje at stillas og innhegning som støyter mot veg / gate som er open for offentlig trafikk skal fjernast, og at gate og fortau vert rydda og sett i stand.	
Vert eit tiltak ståande utan framdrift i lengre tid enn 1 år, skal stillas fjernast og anlegget / tiltaket setjast i slik stand at det verkar minst mogleg til sjenanse for omgjevnadane. Varer dette lenger enn 2 år, kan kommunen krevje at tiltaket skal fjernast og at tomte / anlegget vert rydda. Ved reparasjon / ombygging, avgjer kommunen i kva for utstrekning byggverket skal førast tilbake til sin opphavlege stand.	
Løyve til tiltak etter § 20-1 første ledd bokstav m fell bort dersom det ikkje er rekvirert oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan tre år etter at løyve vart gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering.	

<b>Opplysningar om rett til å klage over forvaltningsvedtak</b>	
<b>Klagerett</b>	De har rett til å klage over eit forvaltningsvedtak.
<b>Kven kan De klage til.</b>	Klagen skal stilast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, men sendast til det kommunale organet som har gjort vedtaket. Dersom dette organet ikkje endrar vedtaket som følge av klagen, vil den bli oversendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd
<b>Fristen til å klage</b>	Klagefristen er <b>3 veker</b> frå den dagen melding om vedtaket kom fram til Dykk. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklårt for oss om De har klaga i rett tid, ber vi Dykk opplyse når De mottok denne meldinga. Dersom klaga blir send for seint, er det høve til å sjå bort frå ho. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen er ute. Om De har særleg grunn til det, kan De likevel søkje om å få forlenga klagefristen. Årsaka til behovet for forlenga klagefrist bør då oppgjevast.
<b>Rett til å krevje grunngjeving</b>	Dersom De ikkje alt har fått grunngjeving for vedtaket, kan De setje fram krav om å få det. Eit slikt krav må setjast fram før klagefristen er ute. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist blir rekna frå det tidspunktet De får grunngjevinga.
<b>Innhaldet i klaga</b>	I klagen skal De skrive kva for eit vedtak De klagar på, og nemne den eller dei endringane som De ønskjer. De bør også grunngi kvifor De klagar, og ta med eventuelle andre opplysningar som kan telje med når ein skal vurdere klagen. Klagen må underskrivast
<b>Utsetjing av vedtak</b>	Sjølv om De har klagerett, kan tiltaket dette vedtaket gjeld vanlegvis setjast i verk straks. De kan søkje om oppsetjande verknad. Kommunen vil då vurdere om igangsetjing av tiltaket bør utsetjast.
<b>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing</b>	Med visse avgrensingar har De rett til å sjå saksdokumenta. De må i så fall vende Dykk til det kommunale organet som har sendt denne meldinga. De kan også få nærare rettleiing om klageretten, om korleis De skal gå fram når De klagar, og om reglane for saksbehandlinga elles.
<b>Kostnader ved evt. klagesak</b>	De kan søkje om å få dekt utgiftene til advokathjelp de treng, etter reglane om fritt rettsråd. Det gjeld likevel normalt visse inntekts- og formuegrenser. Fylkesmannskontoret eller vedkommande advokat kan gi nærmare rettleiing. Det er også høve til å krevje dekning for større kostnader i samband med klagesaka, t.d. til advokathjelp. Vert vedtaket endra til fordel for ein part, kan ein også søkje om å få dekkta vesentlege kostnader i samband med saka.
<b>Klage til Sivilombodsmannen</b>	Det er også mogeleg å be Stortingets ombodsmann for forvaltningssaker / Sivilombodsmannen om å sjå på sakshandsaming / eventuelt avgjerd hos fylkesmannen.




# Frådeling av nausttomt

Dato: 19.01.2017

Målestokk: 1:500

Koordinatsystem: UTM 32N





## Tegnforklaring

Kommuneplan/Kommunedelplan PBL 2008	
	Faresone grense
	Faresone - Ras- og skredfare
	Angitthensyngrense
	Angitthensynsone - Hensyn landskap
	Båndlegginggrense nåværende
	Båndlegging etter lov om kulturminner - nåværende
	Detaljeringsgrense
	Videreføring av reguleringsplan
	Bestemmelsegrense
	Boligbebyggelse - nåværende
	Boligbebyggelse - fremtidig
	Fritidsbebyggelse - fremtidig
	Forretning - nåværende
	Forretninger - fremtidig
	Tjenesteyting - nåværende
	Fritids- og turistformål - fremtidig
	Andre typer bebyggelse - nåværende
	Andre typer bebyggelse - fremtidig
	Landbruks-, natur- og friluftsmål samt reir
	LNFR-areal, Spredt bolig-, fritids- og næringst
	Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøren
	Småbåthavn - nåværende
	Småbåthavn - fremtidig
	Akvakultur - nåværende
	Akvakultur - fremtidig
	Friluftsområde - nåværende
	Kombinerte formål sjø og vassdrag - nåværende
Felles for kommuneplan PBL 1985 og 2008	
	Grense for arealmål
	Hovedveg - nåværende
	Hovedveg - framtidig
	Samleveg - framtidig
	Samleveg - nåværende
	Adkomstveg - nåværende
	Gang-/sykkelveg - nåværende
	Gang-/sykkelveg - framtidig
	Kommune(del)plan - påskrift
<b>Ahc</b>	
<b>DEK Kvalitet</b>	
	Gårds- og bruksnummer
	Sikker grense - koordinatfesta
	Usikker grense - ikkje koordinatfesta
	Fiktiv grense - ikkje koordinatfesta
Matrikkel Tiltak (Avgjørelser i enkeltsaker)	
	Godkj. Nybygg
	Omriss Tiltak
Bygninger	
	Bygningsdelelinje
	Grunnmur
	Taksprang Bunn
	Bygning - Boligbygg
	Bygning - Andre bygg
	Annen bygning
	Takriss
	Takoverbygg
	Takoverbygg kant
	Trapp inntil bygg, kant
	Veranda
	Bygningslinje
	Taksprang
	Mønelinje

# Søknad om deling og eller rekvisisjon av oppmålingsforretning

Søknaden/rekvisisjonen vert framsett i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, bokstav m og lov om eigedomsregistrering (matrikkelova) kapittel 3 og 7.

Alle relevante opplysningar må vere utfylt. Ved plassmangel, lag eige vedlegg.

Plass for kommunen sitt stempel

Søknaden skal sendast:

**Herøy kommune, Postboks 274 6099 FOSNAVÅG**

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.n: 2016/1739	Saksbeh.
13 DES. 2016	
Ark.kode P	Ark.kode S
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

## 1. Sakstype – rekvisisjon (sjå rettleiing s.4):

- I. Søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning ved oppretting eller endring av matrikkeleining (PBL§20-1).
- II. Utsetjing av oppmålingsforretning. Søkjar er ansvarleg for å rekvisiere oppmålingsforretning innan 3 år, før delingsløyvet går ut. Jf. §21-9 pbl.
- III. Rekvisisjon i medhald av matrikelova kap. 3 og 7 (pkt. 1-3 og 10-12 skal fyllast ut)

## 2. Søknaden/rekvisisjonen gjeld følgjande eigedom(ar):

Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):
62	26			Moltustranda Båtforening
62	27			Moltustranda Båtforening
62	48			Moltustranda Båtforening
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):

## 3a. Søknaden gjeld:

## 3b. Rekvisisjonen gjeld:

<p><b>Sakstype I og II (PBL§93)</b></p> <p><input type="checkbox"/> Deling og oppmålingsforretning av:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li><input type="checkbox"/> Ny grunneigedom</li> <li><input type="checkbox"/> Anleggseigedom</li> <li><input type="checkbox"/> Anna: (spesifiser) _____</li> </ul> <p><input type="checkbox"/> Arealoverføring (hugs skjema: <i>Erklæring om arealoverføring.</i>)</p> <p><input type="checkbox"/> Oppretting av festetomt</p> <p><input type="checkbox"/> Oppretting av punkt feste</p> <p><input checked="" type="checkbox"/> Anna: (spesifiser) <u>tilleggsareal</u></p> <p><input type="checkbox"/> Dispensasjon (disp.søknad skal grunngjevast, eige ark/skjema)</p>	<p><b>Sakstype III (Matrikelova)</b></p> <p><input type="checkbox"/> Grensejustering (matrikelforskr. § 34)</p> <p><input type="checkbox"/> Klarlegging av eksisterande grenser (matrikelforskr. § 36)</p> <p><input type="checkbox"/> Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn (matrikelforskr. §31)</p> <p><input type="checkbox"/> Registering av uregistrert jordsameige (matrikelforskr. § 32)</p> <p><input type="checkbox"/> Uteareal til eigarseksjon (jf. Eigarseksjon § 7, matrikelforskr. § 35)</p> <p style="text-align: right;"><b>Etter valt sakstype D, gå til punkt 10.</b></p>
--	---

## 4. Parsellen(ane) skal nyttast til:

Parsell nr.	Areal (ca areal)	Formål (bustad, fritid, næring, anna)	Sjølvstendig brukseining	Tilleggsparsell	Tilleggsparsell til gnr/bnr.	
1	110	m <sup>2</sup> naust	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Gnr. 62	Bnr. 48
2		m <sup>2</sup>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
3		m <sup>2</sup>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
4		m <sup>2</sup>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
5		m <sup>2</sup>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
6		m <sup>2</sup>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.

## 5. Arealdisponering

Kommuneplan  Kommunedelplan  Reguleringsplan(område/detalj)  Bebyggelsesplan

Namn på plan:

Vis utrekna grad av utnyting etter gjeldande regulering for ny parsell

Vis utrekna grad av utnyting etter gjeldande regulering for restparsell



## 6. Rasfare, flaum, grunn- og miljøtilhøve.

Ligg det føre tilstrekkelig tryggleik mot rasfare, flaum, grunntilhøve og miljøtilhøve? Jf.pbl § 28-1.

Ja  Nei (Viss nei, må kompensierende tiltak forklarast i eige vedlegg.)

## 7. Avstandar

Går det høgspent kraftlinje/kabel i, eller i nærleiken av tomta?  Nei  Ja, avstand: ..... m **Dersom ja, må ein leggje ved ei nærare utgreiing/avklaring med leidningseigar om dette**

Går det priv/off.vass og avløpsledning i eller i nærleiken av tomta?  Nei  Ja, avstand: ..... m

## 8. Tilkomst - jf. pbl § 27-4 og veglova §§ 40-43

Kva slags veg vil ny parsell ha tilkomst frå?

Riksveg  Fylkesveg  Kommunal veg  Privat veg

Ny avkøyrsløse eller utvida bruk av eksisterande?

Ny avkøyrsløse frå offentleg veg (avkøyrsløse og ny veg skal visast på situasjonskartet)

Utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse

**Dersom delinga føreset vegrett over privat grunn, må dokumentasjon om dette leggast ved.**

Er løyve til avkøyrsløse gitt?  Ja  Nei

## 9. Vassforsyning/avløp - jf. pbl §§ 27-1 og 27-2

Offentleg vassverk:  Ja  Nei

Offentleg avløpsanlegg:  Ja  Nei

Privat vassverk:  Ja  Nei

Privat avløpsanlegg:  Ja  Nei

**Viss privat felles løysing må løyve for tilknytning og naudsynt vedlikehald på anlegget leggast ved.**

**Dersom det ikkje tidlegare er gitt løyve til privat avløpsanlegg, må det søkjast på eige skjema som kan leggast ved denne søknaden.**

## 10. Vedlegg

Vedl. nr.: Forklaring

\_\_\_ Utvida liste over heimshavar/revirentliste

1 \_\_\_ Kart/situasjonsplan

\_\_\_ Fråsegn, samtykkje, løyve

\_\_\_ Gjenpart av nabovarsel

\_\_\_ Private bruksrettar (servituttar)

\_\_\_ Dispensasjonssøknad

\_\_\_ Andre vedlegg: .....

**Legg ved evt. tilleggsopplysningar som kan opplyse saka.**

## 11. Andre opplysningar

Ønsker å dele frå tomt naustføremål.

## 12. Underskrift av heimshavar/revirent

Dato 12.12.2016  
Rekvirenten sitt namn (med blokkbokstavar) Moltustranda Båtforening

Rekvirenten si underskrift

Adresse  
c/o Geir Flø

Postnr/stad  
6076 Moltustranda

E-postadresse

Telefon  
97670520

## 13. Gebyr for delesak, oppmålingsforretning og eventuell tinglysing skal betalast av

Betalaren sitt namn og underskrift (dersom dette feltet ikkje er fyllt ut, vil faktura verte sendt revirent)

Dato 12/12-16  
Betalar sitt namn med blokkbokstavar Moltustranda Båtforening

Betalar si underskrift

Postnr/stad  
6076 Moltustranda



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

## UTVIKLINGSAVDELINGA

Randi Magda Goksøyr  
Goksøyrvegen 87  
6096 Runde

### LØYVE TIL TILTAK

etter plan- og bygningslova § 20 – 1

Sakshandsamar:	AF	Saksnr.	2016/623
Utvalssaksnr:	27/17	Arkiv:	10/12
		Vedtaksdato:	31.01.2017

ENKELTVEDTAK – med klagerett i samsvar med forvaltningslova kap. 6

#### Randi Goksøyr gnr. 10 bnr. 12 og 4 - frådelling av fritidstomt

*Med heimel i Herøy kommune sitt delegasjonsreglement og intern delegasjon frå rådmannen, vert det gjort slikt vedtak:*

#### Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-4 av 27. juni 2008 nr. 71, og Lov om eigedomsregistrering (Matrikkellova) §§ 33 og 34, godkjenner utviklingsleiaren søknad om løyve til tiltak jfr pbl § 20-1 m, datert 24.04.2016

Utviklingsleiaren gjev løyve til oppretting av ny matrikkeleigedom til fritidsføremål.

#### Følgjande dokument ligg til grunn for godkjenninga:

- MTK –sak 94/16, dato 13/12-2016
- Søknad om løyve til tiltak med vedlegg, 24/4-2016
- Brev frå Statens Vegvesen, 10.01.2017

Jarl Martin Møller  
Utviklingsleiar

Agita Freimane  
Sakshandsamar



## SAKSOPPLYSNINGAR:

<b>Tiltak:</b>	Frådeling av fritidseigedom
<b>Søknadsdato:</b>	24/4-2016
<b>Tiltakshavar:</b>	Randi Goksøyr
<b>Naboforhold:</b>	Ingen merknader.
<b>Eigedom:</b>	Gnr. 10 bnr. 12 og bnr. 4
<b>Planstatus:</b>	Eigedomen er avsett til LNF føremål i gjeldande arealdel av kommuneplan.
<b>Infrastruktur: veg, vatn og avlaup</b>	Statens vegvesen Region midt har gitt med heimel i §34 i veglova løyve til bruksendring. Det må i samsvar med § 40 i veglova søkjast Statens vegvesen om endra bruk av avkøyrsla frå fylkesvegen ved eventuel opparbeiding/utbetring av avkøyrsla, parkering. Til vassforsyning skal det brukast privat brønn. Avløpssystem må tilfredsstillе krav etter forurensnings forskrift.
<b>Dispensasjon (pbl § 19-2)</b>	MTK sak 94/16 Frådeling av eksisterande fabrikkhus til fritidseigedom

### Vurdering

Randi Goksøyr eigar av gnr.10 bnr 12 og 4 søkjer om løyve til frådeling av ei tomt som er oppgitt å vere om lag 375m<sup>2</sup>. Endeleg arealstorleik og arrondering av tomta vert bestemt under oppmålingsforretninga.

Tomta ligg i eit område som er avsett til LNF-formål i arealdelen av kommuneplanen.

### Uttale frå andre styresmakter

*Statens vegvesen Region midt gjev med heimel i § 34 i veglova løyve til bruksendring frå fabrikkføremål til fritidsføremål av eksisterande bygg under oppretting – frådeling – til sjølvstendig eigedomseining under gnr 10 bnr 12 i Herøy kommune, på fylgjande vilkår:*

*1. Løyvet til endra bruk inneber at det ikkje kan gjerast gjeldande krav på erstatning frå vegeigar/vegghaldar for skader og ulemper som eventuelt vert påført bygget/ eigedomen på grunn av nærleiken til fylkesvegen.*

*2. Det må i samsvar med § 40 i veglova søkjast Statens vegvesen om endra bruk av avkøyrsla frå fylkesvegen. Løyve til endra bruk av avkøyrsla kan påreknast dersom avkøyrsla vert opparbeidd/utbeta i samsvar med krav til utforming og sikt, samt opparbeiding av parkeringsareal og snu- og manøvreringsareal utanom fylkesvegen, som Vegvesenet eventuelt gjev gjennom eige løyve etter søknad.*

### Konklusjon

Utviklingsleiaren har med tilvising til Maritim og teknisk komite sitt vedtak om dispensasjon ingen vesentlege merknader til søknad om frådeling av fritidstomt frå gnr. 10 bnr. 12 og 4 slik det er søkt om.

### Vidare sakshandsaming

3 veker etter at dette vedtaket er ekspedert og klagefristen er ute vil saka verte overført til landmålar for fullføring av delingsvedtaket. Landmålar vil sende ut



skriftleg innkalling til rekvirent og andre parter for gjennomføring av kartforretning.

<b>Generelle opplysningar</b>	
<b>Bortfall av løyve, jfr. plan- og bygningslova § 23-1</b>	
Er tiltaket ikkje sett i gong seinast 3 år etter at Rammeløyve / byggeløyve er gjeve, fell løyve bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år. Føregåande avgjerd gjeld tilsvarande for dispensasjonar. Fristane kan ikkje forlengast.	
Vert eit tiltak innstilt i lengre tid enn 3 månader, kan kommunen krevje at stillas og innhegning som støyter mot veg / gate som er open for offentlig trafikk skal fjernast, og at gate og fortau vert rydda og sett i stand.	
Vert eit tiltak ståande utan framdrift i lengre tid enn 1 år, skal stillas fjernast og anlegget / tiltaket setjast i slik stand at det verkar minst mogleg til sjenanse for omgjevnadane. Varer dette lenger enn 2 år, kan kommunen krevje at tiltaket skal fjernast og at tomte / anlegget vert rydda. Ved reparasjon / ombygging, avgjer kommunen i kva for utstrekning byggverket skal førast tilbake til sin opphavlege stand.	
Løyve til tiltak etter § 20-1 første ledd bokstav m fell bort dersom det ikkje er rekvirert oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan tre år etter at løyve vart gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering.	

<b>Opplysningar om rett til å klage over forvaltningsvedtak</b>	
<b>Klagerett</b>	De har rett til å klage over eit forvaltningsvedtak.
<b>Kven kan De klage til.</b>	Klagen skal stilast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, men sendast til det kommunale organet som har gjort vedtaket. Dersom dette organet ikkje endrar vedtaket som følge av klagen, vil den bli oversendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd
<b>Fristen til å klage</b>	Klagefristen er <b>3 veker</b> frå den dagen melding om vedtaket kom fram til Dykk. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklårt for oss om De har klaga i rett tid, ber vi Dykk opplyse når De mottok denne meldinga. Dersom klaga blir send for seint, er det høve til å sjå bort frå ho. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen er ute. Om De har særleg grunn til det, kan De likevel søkje om å få forlenga klagefristen. Årsaka til behovet for forlenga klagefrist bør då oppgjevast.
<b>Rett til å krevje grunngjeving</b>	Dersom De ikkje alt har fått grunngjeving for vedtaket, kan De setje fram krav om å få det. Eit slikt krav må setjast fram før klagefristen er ute. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist blir rekna frå det tidspunktet De får grunngjevinga.
<b>Innhaldet i klaga</b>	I klagen skal De skrive kva for eit vedtak De klagar på, og nemne den eller dei endringane som De ønskjer. De bør også grunngi kvifor De klagar, og ta med eventuelle andre opplysningar som kan telje med når ein skal vurdere klagen. Klagen må underskrivast
<b>Utsetjing av vedtak</b>	Sjølv om De har klagerett, kan tiltaket dette vedtaket gjeld vanlegvis setjast i verk straks. De kan søkje om oppsetjande verknad. Kommunen vil då vurdere om igangsetjing av tiltaket bør utsetjast.
<b>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing</b>	Med visse avgrensingar har De rett til å sjå saksdokumenta. De må i så fall vende Dykk til det kommunale organet som har sendt denne meldinga. De kan også få nærare rettleiing om klageretten, om korleis De skal gå fram når De klagar, og om reglane for saksbehandlinga elles.
<b>Kostnader ved evt. klagesak</b>	De kan søkje om å få dekt utgiftene til advokathjelp de treng, etter reglane om fritt rettsråd. Det gjeld likevel normalt visse inntekts- og formuegrenser. Fylkesmannskontoret eller vedkommande advokat kan gi nærare rettleiing. Det er også høve til å krevje dekning for større kostnader i samband med klagesaka, t.d. til advokathjelp. Vert vedtaket endra til fordel for ein part, kan ein også søkje om å få dekkta vesentlege kostnader i samband med saka.
<b>Klage til Sivilombodsmannen</b>	Det er også mogeleg å be Stortingets ombodsmann for forvaltningssaker / Sivilombodsmannen om å sjå på sakshandsaming / eventuelt avgjerd hos fylkesmannen.



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## Statens vegvesen

Herøy kommune i Møre og Romsdal  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

Behandlande eining:  
Region midt

Sakshandsamar/telefon:  
Hallvard Sæverud / 93260501

Vår referanse:  
16/84508-7

Dykkar referanse:

Vår dato:  
10.01.2017

### Fv. 18 – Herøy kommune – Gnr. 10 bnr. 12 – Bruksendring – Avklaring i høve til § 34 i veglova

Viser til:

1. E-post av 2.12.2016 frå Herøy kommune v/Andreas Vagnildhaug.
2. Kopi av brev av 20.12.2016 frå Herøy kommune. MTK-sak 94/16.

Saka gjeld løyve etter § 34 i veglova om bruksendring av bygg under frådeling på gnr 10 bnr 12 i Herøy kommune.



Utsnitt av kart vedlagt søknad om dispensasjon frå kommuneplanen

Som kjent hadde ikkje Vegvesenet særlege innvendingar til søknaden om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel med sikte på oppretting av omsøkte bygg som sjølvstending grunneigedom, jf. uttalen i brev av 2.6.2016. Det vart i uttalen framheva:

- « → *Tilkomst til eigedomen må sikrast i samsvar med krav nedfelt i § 27-4 i plan- og bygningslova.*
- *Endra/utvida bruk av avkøyrsla frå fylkesvegen krev løyve i samsvar med § 40 i veglova.*
- *Bruken av bygninga til fritidsføremål må klarerast/godkjennast i høve til § 34 i veglova, i og med at bygninga har ei plassering i strid med gjeldande byggegrense langs fylkesvegen.»*

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegane, avgjør hvilke prosjekter som skal gjennomføres hvert år og gir politiske føringer for utvikling av fylkesvegane. Det er Statens vegvesen som normalt planlegger, bygger, drifter og vedlikeholder fylkesvegane på vegne av fylkeskommunen.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region midt  
Postboks 2525  
6404 MOLDE

Telefon: 02030  
firmapost-midt@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Vestre Olsvikveg 13  
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

Etter dette gjer Statens vegvesen Region midt slikt

**vedtak:**

Statens vegvesen Region midt gjev med heimel i § 34 i veglova løyve til bruksendring frå fabrikkføremål til fritidsføremål av eksisterande bygg under oppretting – frådeling – til sjølvstendig eigedomseining under gnr 10 bnr 12 i Herøy kommune, på fylgjande vilkår:

1. Løyvet til endra bruk inneber at det ikkje kan gjerast gjeldande krav på erstatning frå vegeigar/vegghaldar for skader og ulemper som eventuelt vert påført bygget/ eigedomen på grunn av nærleiken til fylkesvegen.
2. Det må i samsvar med § 40 i veglova søkjast Statens vegvesen om endra bruk av avkøyrsla frå fylkesvegen.  
Løyve til endra bruk av avkøyrsla kan påreknast dersom avkøyrsla vert opparbeidd/utbeta i samsvar med krav til utforming og sikt, samt opparbeiding av parkeringsareal og snu- og manøvreringsareal utanom fylkesvegen, som Vegvesenet eventuelt gjev gjennom eige løyve etter søknad.

Dette vedtaket kan det klagast på. Eventuell klage må vere skriftleg og grunngjeven og skal stilast til Møre og Romsdal fylkeskommune, men sendast til Statens vegvesen Region midt. Klagefristen er 3 – tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett.

Med helsing  
Plan- og trafikkseksjonen

Lisbeth Smørholm  
seksjonssjef

Hallvard Sæverud

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*



Randi Magda Goksøy

Goksøyvegen 87  
6096 Runde

Saksnr 2016/623	Arkiv 10/12	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar DOK / HS	Dato 20.12.2016
--------------------	----------------	------------	--------------------------------	--------------------

## **MTK-SAK 94/16 GNR 10 BNR 12 - FRÅDELING AV EKSISTERANDE FABRIKKBYGNING TIL FRITIDSEIGEDOM**

Vedlagt følger MTK-sak 94/16.

Maritim og teknisk komite handsama saka i møte 13.12.16 og gjorde slikt vedtak:

**Maritim og teknisk komité vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen og deleforbodet i 100-metersbeltet jf. pbl § 1-8, etter pbl § 19-2, og gjev løyve til frådeling etter Jordlova § 12.**

**Grunngjeving er at ei frådeling og bruksendring vil føre til at bygget vert ivareteken, og at deling ikkje vil føre til negative konsekvensar for drifta på bruket eller for landbruksdrifta i området.**

**Vilkår for dispensasjon:**

- Ei ny løysing for avkøyrsløse som er godkjent av Statens vegvesen jf. veglova §§ 34 og 40, må ordnast før bruksendring.
- Bygget og miljøet kring bygget ivaretakast slik det står fram i dag. Det kan likevel tillates opparbeiding av ei utvida parkering/snuplass på eigedomen.



Hilde Bringsvor Skinnes  
e.f.

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur*

Kopi:

FYLKESMANNEN I MØRE OG  
ROMSDAL

Postboks 2520

6404 MOLDE

MØRE OG ROMSDAL  
FYLKESKommune

Postboks 2500

6404 MOLDE

NTL VEG REGION MIDT-4504

v/ Statens vegvesen Statens hus

7468 TRONDHEIM



Utviklingsavdelinga

## SAKSPROTOKOLL

---

Sakshandsamar:	ANDVAG	Arkivsaknr:	2016/623
		Arkiv:	10/12

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
94/16	Maritim og teknisk komite	13.12.2016

### **GNR 10 BNR 12 - FRÅDELING AV EKSISTERANDE FABRIKKBYGNING TIL FRITIDSEIGEDOM**

#### **Tilråding:**

Maritim og teknisk komité vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen og deleforbodet i 100-metersbeltet jf. pbl § 1-8, etter pbl § 19-2, og gjev løyve til frådeling etter Jordlova § 12.

Grunngjeving er at ei frådeling og bruksendring vil føre til at bygget vert ivareteken, og at deling ikkje vil føre til negative konsekvensar for drifta på bruket eller for landbruksdrifta i området.

Vilkår for dispensasjon:

- Ei ny løysing for avkøyrsløse som er godkjent av Statens vegvesen jf. veglova §§ 34 og 40, må ordnast før bruksendring.
- Bygget og miljøet kring bygget ivaretakast slik det står fram i dag. Det kan likevel tillates opparbeiding av ei utvida parkering/snuplass på eigedomen.

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding med slik endring av avsnitt 3 vart samrøystes vedteken:

Vilkår for dispensasjon:

- Ei ny løysing for avkøyrsløse som er godkjent av Statens vegvesen jf. veglova §§ 34 og 40, må ordnast før bruksendring.
- Bygget og miljøet kring bygget ivaretekast slik det står fram i dag. Det kan likevel tillates opparbeiding av ei utvida parkering/snuplass på eigedomen.

### **Vedtak i Maritim og teknisk komite - 13.12.2016**

Maritim og teknisk komité vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen og deleforbodet i 100-metersbeltet jf. pbl § 1-8, etter pbl § 19-2, og gjev løyve til frådelling etter Jordlova § 12.

Grunngjeving er at ei frådelling og bruksendring vil føre til at bygget vert ivareteken, og at deling ikkje vil føre til negative konsekvensar for drifta på bruket eller for landbruksdrifta i området.

Vilkår for dispensasjon:

- Ei ny løysing for avkøyrsløse som er godkjent av Statens vegvesen jf. veglova §§ 34 og 40, må ordnast før bruksendring.
- Bygget og miljøet kring bygget ivaretekast slik det står fram i dag. Det kan likevel tillates opparbeiding av ei utvida parkering/snuplass på eigedomen.

Særutskrift:  
Randi Magda Goksøy  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Statens vegvesen

## Vedlegg:

- 1 Søknad om deling grunneigedom
- 2 Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl)
- 3 Nabovarsel
- 4 Kart
- 5 Fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8
- 6 Uttale
- 7 Merknader
- 8 Uttale til sak 2016/623
- 9 Oppdatert naturfarekart
- 10 Frådeling av fritidseigedom - Parkering og avkøyrsløse.
- 11 Generell ROS-analyse

## Saksopplysningar:

Tiltaket gjeld frådeling og bruksendring av ein eksisterande tarefabrikk til fritidsføremål, som av ein aktuell kjøpar ynskjust brukt som ein fritidsbustad og atelier. Bygningen ligg ved fylkesvegen, på nordaustsida mot sjøen. Storleik på eigedomen vert om lag 375 m<sup>2</sup>, med 4-5 m ut frå veggane. Ein liten del av tomta vert delt frå bnr. 4, då grensa ligg om lag 1 m frå bygningen. Det vert opplyst om at bygget kan kople seg på privat brønn, og at det ikkje skal nyttast vassklosett.

Søkjaren opplyser om at bygget har vore ein tarefabrikk, som ikkje har vore i drift dei seinare åra, og vil no dele frå dette bygget for å sleppe vedlikehaldet.

Olav Goksøyr fekk frådelt ein bustadtomt på gbnr. 10/12 i 2007, i samband med at dottera Randi Goksøyr skulle overta bruket. Ho eig òg bnr. 4 og 5, på kvar si side av bnr. 12. Andre sakar i området, gjeld t.d. oppretting av hyttetomter på bnr. 35 og 32 i høvesvis 2013 og 2005, og dertil bustadtomt på bnr. 33 i 2006.

## Vurdering og konklusjon:

Saka har vore på høyring hjå regionale høyringsinstansar, og hovudkonklusjonane er gjengitt nedanfor:

### **Søre Sunnmøre landbrukskontor:**

*Randi Goksøyr søker om å dele frå den gamle tarefabrikken som legg nedom vegen. Bygningen skal nyttast til fritidsbustad og atelier. Vi kan ikkje sjå at delinga vil føre til negative konsekvensar for drifta på bruket eller for landbruksdrifta i området.*

### Framlegg til vedtak etter jordlova:

*Maritim og teknisk komite gir løyve til frådeling, jmf. Jordlova § 12. Deling vil ikkje føre til negative konsekvensar for drifta på bruket eller for landbruksdrifta i området.*

### **Fylkesmannen i Møre og Romsdal:**

*Før kommunen eventuelt gir dispensasjon må det dokumenterast at faren for skred mot det omsøkte området fyller krava gitt i byggtknisk forskrift (TEK 10§ 7-3). Dersom det allereie føreligg ei slik vurdering, jamfør pkt. 6 i «Søknad om deling og eller rekvisisjon av*



oppmålingsforretning», bør ho etterspørjast. Eventuelt må tiltak som gjer området trygt for skred vurderast.

I tillegg må det gjennomførast ei generell risiko- og sårbarheitsvurdering for å avklare om tiltaket kan medføre andre tryggleiks- eller beredskapsmessige konsekvensar. Fylkesmannen si sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga er eit føremålstenleg verktøy for slike vurderingar i sakar av denne storleiken.

### **Møre og Romsdal Fylkeskommune:**

Runde er ei perle av ei øy med høgt verdsette natur- og kulturmiljø med mange spennande kulturminne. Goksøyra er vald ut som eit regionalt viktig kulturmiljø i Regional kulturminneplan for Møre og Romsdal. I den samanheng har vi som kulturminnemynde interesse av utviklinga på Runde og Goksøyra, og meir detaljerte planar for dette huset.

Etter det vi kan sjå har huset fått nye vindaugsopningar, men ser elles ut som ein fabrikk eller uthus av noko slag med fleire byggesteg, ein del i tre og ein i mur pluss garasje i tre, tidfesting kan hende rett før eller etter 2. verdskrig. Når det er tenkt ny bruk at eit bygg så sentralt i ei bygd med mellom anna turisme som næringsveg, er det viktig korleis huset er tenkt utnytta. Særleg meiner vi det ikkje bør bli privatisert for mykje rundt huset eller bygd opp og endra terreng slik det ser ut til å vere gjort under tilhengaren utanfor huset på bilete.

### **Statens vegvesen:**

Statens vegvesen har ikkje merknad til at det vert dispensert frå arealbruken nedfelt kommuneplanen sin arealdel med sikte på oppretting av grunneigedom i tråd med søknaden, men gjer merksam på:

- Tilkomst til eigedomen må sikrast i samsvar med krav nedfelt i § 27-4 i plan- og bygningslova.
- Endra/utvida bruk av avkøyrsla frå fylkesvegen krev løyve i samsvar med § 40 i veglova.
- Bruken av bygninga til fritidsføremål må klarerast/godkjennast i høve til § 34 i veglova, i og med at bygninga har ei plassering i strid med gjeldande byggeggrensse langs fylkesvegen.

### **Administrasjonen si vurdering:**

Det ligg ikkje føre nokon særlege negative merknadar i saka, og ein vurderer i utgangspunktet at tiltaket opplevas som positivt. Fabrikken er ikkje i drift, og eit sal av bygget gjer at vedlikehald vert meir prioritert. Ei frådeling og bruksendring kan mogleggjere dette, og ein fritidsbustad/atelier synes å vere positivt for bygget og området.

Fylkesmannen kommenterer at området er potensielt skredfarleg jf. aktsemdskart, og vil samstundes at det utføres ei forenkla ROS-analyse. Den nye, detaljerte skredfarekartlegginga utført av NGU, vart publisert i august i år, og friskmeldar omsøkt areal med omsyn til skredfare av ulikt slag. Sjå vedlagt naturfarekart.

Det har vore gjennomført ein generell ROS-analyse med Fylkesmannen si sjekkliste. Slik det er vurdert, ligg det ikkje føre nokon uakseptabel risiko med tiltaket, sjølv om det er enkelte utfordringar, særlig knytt til infrastruktur.

Det største faremomentet er nok mangel på sløkkevatn ved ev. brann. Dette er ei utfordring mange stader i Herøy på grunn av dei geografiske tilhøva. Soleis har òg brannmannskap erfaring med dette. Bygninga ligg lett tilgjengeleg ved fylkesvegen, og har samstundes kort avstand til sjøen for ev. bruk av pumpe. Ein vurderer difor ikkje tilhøvet som uakseptabelt.

Fylkeskommunen er oppteken av at bygninga og miljøet vert ivareteken, då Goksøyra er vald ut som eit regionalt viktig kulturmiljø i Regional kulturminneplan for Møre og Romsdal. Administrasjonen vil ta omsyn til dette ved å presisere dette som vilkår i dispensasjonsvedtaket.

Statens vegvesen gjer merksam på at det skal vere sikra lovleg tilkomst til eigedomen, at endra/utvida bruk av avkøyrsla krev løyve jf. veglova § 40 og at bruksendringa av bygget krev løyve etter veglova § 34. Ei vidareføring av dagens løysing for avkøyrsla og parkering er ikkje godkjent av Vegvesenet, og eit vilkår for dispensasjon er at ei ny løysing må godkjennast innan bruksendringa. Her ser ein føre seg at nordvestsida av bygget må nyttast til parkering/snuplass, og ein må her sikre naudsynt areal ved oppmåling.

Rådmannen rår til at det vert gjeve dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen og deleforbodet i 100-metersbeltet jf. pbl § 1-8 i høve frådelling av ei om lag 380 m<sup>2</sup> stor tomt kring eksisterande fabrikkbygning til fritidsføremål.

Fosnavåg, 11.11.2016

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Andreas Vagnildhaug







## Gjenpart av nabovarsel

plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 § 21-3

<b>Tiltak på eiendommen:</b>			
Gnr. 10	Bnr. R+4	Festenr.	Seksjonsnr.
Eiendommens adresse Gokkøyvegen			
Postnr. 6096	Poststed Runde		
Kommune Herøy			
Eier/fester Randi Gokkøy			

### Det varsles herved om

Søknad om tiltak som krever tillatelse etter plan- og bygningsloven § 20-1

<input type="checkbox"/> Nybygg	<input type="checkbox"/> Anlegg	<input type="checkbox"/> Endring av fasade	<input type="checkbox"/> Riving	<input checked="" type="checkbox"/> Annet
<input type="checkbox"/> Skilt	<input type="checkbox"/> Eiendomsdeling eller bortfeste	<input type="checkbox"/> Innhegning mot veg	<input type="checkbox"/> Bruksendring	

Søknad om tiltak etter plan- og bygningsloven § 20-2

<input type="checkbox"/> Driftsbygning i landbruket med samlet bruksareal (BRA) mindre enn 1000 kvm SAK10 § 3-2	<input type="checkbox"/> Midlertidig bygning, konstruksjon eller anlegg
Mindre tiltak til bebygd eiendom	
<input type="checkbox"/> Tilbygg < 50 m <sup>2</sup>	<input type="checkbox"/> Antennesystem
<input type="checkbox"/> Frittliggende bygning (ikke boligformål) < 70 m <sup>2</sup>	<input type="checkbox"/> Skilt/reklame
	<input type="checkbox"/> Bruksendring (fra tilleggsdel til hoveddel og motsatt)
	<input type="checkbox"/> Annet pbl § 20-2 bokstav d

Dispensasjon etter plan- og bygningsloven kapittel 19

Dispensasjon LNF i Kommuneplan

Beskriv nærmere hva nabovarslet gjelder

Salg av tarefabrikken til fritidsbolig og atelier

### Spørsmål og merknader vedrørende nabovarsel

Eventuelle merknader må være kommet til ansvarlig søker/tiltakshaver innen 2 uker etter at dette varsel er sendt.

Ansvarlig søker/tiltakshaver		Kontaktperson	
Navn Randi Gokkøy	Besøksadresse	Navn Randi Gokkøy	E-post randimagda@gmail.com
Postadresse Gokkøyvegen 87	Postnr. 6096	Poststed Runde	Telefon 70085965
			Mobil 99010405
Søknaden kan ses på hjemmeside: www.			
Merknader sendes:	Navn Randi Gokkøy	Postadresse Gokkøyvegen 87	E-post randimagda@gmail.com
	Postnr. 6096	Poststed Runde	

### Vedlegg

Beskrivelse av vedlegg	Gruppe	Nr. fra – til	Ikke relevant
Kopi av søknad om tillatelse til tiltak			<input type="checkbox"/>
Dispensasjonssøknad (begrunnelse/vedtak) (pbl kap. 19)	B		<input type="checkbox"/>
Situasjonsplan, avkjøringsplan	D		<input type="checkbox"/>
Tegninger (snitt og fasade)	E		<input type="checkbox"/>
Andre vedlegg	Q		<input type="checkbox"/>

### Underskrift

Sted Runde	Dato 24/4-16	Underskrift ansvarlig søker eller tiltakshaver Randi Gokkøy
		Gjentas med blokkbokstaver RANDI GOKKØY

# Kvittering for nabovarsel

Nabovarsel kan enten sendes som rekommandert sending eller overleveres personlig mot kvittering. Ved personlig overlevering vil avkryssing gjelde som bekreftelse på at varslet er mottatt.

<b>Eiendom/byggested</b>					
Gnr. 10	Bnr. 12+4	Festenr.	Seksjonsnr.	Adresse Gokostyrægen 6096 Runde	
<b>Nabo-/gjenboereiendom</b>				<b>Nabo-/gjenboereiendom eier/fester</b>	
Gnr. 10	Bnr. 34	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiers/festers navn Heidi Gokostyr	
Adresse Gokostyrægen 83				Adresse	
Postnr. 6096	Poststed Runde		Postnr. 6392	Poststed Vikrebukt	Poststedets reg.nr.
Personlig kvittering for mottatt varsel				Dato	Sign.
<input checked="" type="checkbox"/> Varsel er mottatt		<input checked="" type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket		26/3-16	Heidi Gokostyr


<b>Nabo-/gjenboereiendom</b>				<b>Nabo-/gjenboereiendom eier/fester</b>	
Gnr. 10	Bnr. 29+30	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiers/festers navn Bjørn Søvik	
Adresse Gokostyrægen				Adresse Remen 29	
Postnr. 6096	Poststed Runde		Postnr. 6170	Poststed Vartdal	Poststedets reg.nr.
Personlig kvittering for mottatt varsel				Dato	Sign.
<input checked="" type="checkbox"/> Varsel er mottatt		<input checked="" type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket		17.04.2016	B. Søvik

<b>Nabo-/gjenboereiendom</b>				<b>Nabo-/gjenboereiendom eier/fester</b>	
Gnr. 10	Bnr. 13	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiers/festers navn Inger Lise og Kjell Aronsen	
Adresse Gokostyrægen				Adresse Gokostyrægen 81	
Postnr. 6096	Poststed Runde		Postnr. 6096	Poststed Runde	Poststedets reg.nr.
Personlig kvittering for mottatt varsel				Dato	Sign.
<input checked="" type="checkbox"/> Varsel er mottatt		<input checked="" type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket		23.04.2016	Inger Lise D. Aronsen

<b>Nabo-/gjenboereiendom</b>				<b>Nabo-/gjenboereiendom eier/fester</b>	
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiers/festers navn	
Adresse				Adresse	
Postnr.	Poststed		Postnr.	Poststed	Poststedets reg.nr.
Personlig kvittering for mottatt varsel				Dato	Sign.
<input type="checkbox"/> Varsel er mottatt		<input type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket			


<b>Nabo-/gjenboereiendom</b>				<b>Nabo-/gjenboereiendom eier/fester</b>	
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiers/festers navn	
Adresse				Adresse	
Postnr.	Poststed		Postnr.	Poststed	Poststedets reg.nr.
Personlig kvittering for mottatt varsel				Dato	Sign.
<input type="checkbox"/> Varsel er mottatt		<input type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket			

Det er per dags dato innlevert rekommandert sending til ovennevnte adressater.

Samlet antall sendinger: \_\_\_\_\_ Sign. 



Herøy Kommune  
Pb 274  
6099 Fosnavåg

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Råd.nr. 2016/623	Saksbeh.
21 OKT. 2016	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

Saksnr 2016/623      Dato 17 oktober 2016

Randi Goksøy Bnr 10 Gnr 12    Frådeling av fritidseigedom

Parkering og avkøyrslø

Eg tenker at det er parkeringplass i garasja på nordvestenden av bygget. Det er også ein plass framfor garasjedøra og i tillegg ein plass på oppfylt område i søraustenden som eg viser på kartet  
Det må vere vel nok.

